



Årsmelding 2023

Innhald

Om årsmeldinga	4
Fylkesdirektøren har ordet	5
Mål for Vestland fylkeskommune	7
Måla og strategiane i utviklingsplan 2020–2024.....	7
Økonomisk resultat	9
Driftsrekneskap	9
Vurdering av den økonomiske stillinga.....	12
Investeringar.....	13
Utvalde tal frå balansen	14
Premiss for løyving	15
KOSTRA – kommune-stat-rapportering	17
Organisasjonen	20
Sjukefråvær.....	20
Helse, miljø og sikkerheit (HMS)	20
Likestillingsutgreiing 2023	23
Styring og kontroll	28
Samfunnssikkerheit og beredskap	28
Kontrollutvalet	29
Varsling	30
Etikk, habilitet og antikorupsjon	30
Klima- og miljørekneskap	35
Klimarekneskapen.....	35
Nøkkeltal for 2023.....	37

Vi utviklar Vestland	47
Utviklingsplanen	47
Berekraftsarbeid	49
Regional planlegging – nytt planverk	50
Folkehelsearbeid	52
Politisk organisering	54
Fylkestinget i Vestland 2019–2023	54
Fylkestinget i Vestland 2023–2027	54
Fylkestingsvalet 2023	55
Møte og saker i folkevalde organ	56
Våre avdelingar	57
Organisasjon og økonomi	58
Avdeling eigedom og utbygging	63
IKT og digitalisering	72
Næring, plan og innovasjon	80
Opplæring og kompetanse	96
Kultur og folkehelse	106
Mobilitet og kollektivtransport	117
Infrastruktur og veg	126
Årsrekneskap	133

Om årsmeldinga

Årsmelding 2023 for Vestland fylkeskommune er utarbeidd i samsvar med § 14-7 i kommunelova. Dette er den første digitale årsmeldinga for fylkeskommunen. Avdelingane i fylkeskommunen rapporterer på måla og strategiane i utviklingsplan 2020–2024. Årsmeldinga omtalar også plansystemet, berekraftsarbeidet og arbeidet med internkontroll, i tillegg til lovpålagt rapportering om blant anna likestilling og løn. I meldinga er det òg rapportering om økonomi, både drift og investering, og ei overordna økonomisk oppsummering av 2023. Både rekneskapen og klima- og miljørekneskapen for 2023 er del av årsmeldinga.

Årsmeldinga er laga i Framsikt, som også er verktøyet vi brukar i budsjett- og rekneskapsarbeidet. Vestland fylkeskommune har nynorsk som administrasjonsspråk, og årsmeldinga er difor på nynorsk. Enkelte småord og anna i det som er henta direkte frå Framsikt er på bokmål. Vi jobbar saman med Framsikt for å endre dette til nynorsk.

Fylkesdirektøren er ansvarleg for publikasjonen. Redaksjon er kommunikasjonsseksjonen i samarbeid med økonomiseksjonen. Alle avdelingane i fylkeskommunen har kome med tekstbidrag. Arbeidet med årsmeldinga er avslutta i mars 2024.

Fylkesdirektøren legg fram årsmeldinga som sak til fylkestinget i juni i 2024.

Fylkesdirektøren har ordet

2023 var året vi fekk den første nobelprisvinnaren frå Vestland, og vi avslutta året med ei feiring av Jon Fosse og forfattarskapen hans. "Kultur bygger samfunn" er tittelen på den første regionale planen for kultur i Vestland, som fylkestinget vedtok i mars 2023. Planen inviterer til samarbeid for å gjere Vestland til ein leiande kulturregion, ein region og eit samfunn der kultur er med på å gje mening og livskvalitet. Det skadar ikkje å ha ein nobelprisvinnar med på laget.

Vi har halde fram det målretta arbeidet for å utvikle tenestene våre og skape eit framtidsretta fylke. Eg vil takke alle tilsette som gjennom året har stått på for å yte gode tenester og sikre oss eit godt økonomisk resultat. Vi gjorde opp 2023 med eit mindreforbruk på 347 millionar kroner, takka vere ekstraordinære inntekter frå konsesjonskraft, skatt og renter

Talet på både elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring i Vestland er framleis høgt, som det skal vere. Det gler meg. Men det kjem ikkje av seg sjølv. Tilsette på skulane, opplæringskontora og i lærebedriftene legg ned ein stor innsats for elevane og lærlingane våre. Gjennom vidaregåande opplæring er fylkeskommunen med og formar framtida, både for den enkelte og for samfunnet som heilskap. Vi bidreg til å sikre fylket rett arbeidskraft. I 2023 opna vi ny storskule i Førde og tok i bruk nye skulebygg på Askøy og Bømlo. I Norheimsund er arbeidet med nye Kvam vgs. godt i gang.

Ei anna stor, sentral og ikkje minst synleg oppgåve er å byggje og drifte fylkesvegar. Vi har i 2023 jobba vidare med viktige prosjekt som Askøypakken, Førdepakken, Nordhordlandspakken og Bømlopakken. Vi har opna utbetra veg mellom Beinastaden og Skogsvåg i Øygarden, ny og utbetra Kvamsbrekko i Alver, ny gang- og sykkelveg gjennom Herøysund i Kvinnherad og ikkje minst verdas lengste gang- og sykkel tunnel i Bergen. I tillegg har vi auka takhøgda i fleire fylkesvegtunellar ved å frese dekket og asfaltere på nytt. Det er eit enkelt og raskt tiltak, men det betyr mykje for både innbyggjarar og næringsliv.

I Bergen var 2023 det første heile året med drift av begge linjene på Bybanen. Den nye linja til Fyllingsdalen har vore eit løft for kollektivtilbodet og er særleg populær for reisande til og frå Haukeland universitetssjukehus. 2023 var elles eit svært godt år for kollektivtrafikken. Tala påstigingar hadde ein solid auke og var godt over førre toppår 2019, før pandemien. Vi jobbar kvar dag for å tilby eit best mogleg kollektivtilbod. Gode reisetar er den beste tilbakemeldinga vi kan få.

Klima og miljø ligg til grunn for alt vi gjer, i kollektivtrafikken, når vi byggjer veg og skular. I tannhelsetenesta jobbar vi mykje med førebygging og helsefremjing. Ved å gjere dette vert det mindre behov for operativ behandling som igjen betyr redusert klimaavtrykk. Og via avtalepartnaren vår for gjenbruksutstyr, Foxway, sørgjer vi for at IKT-einingar blir gjenbrakte eller resirkulerte. Vi har hausta nasjonal merksemd for arbeidet med Grøn region Vestland, som vi saman med Innovasjon Noreg tok endå eit steg vidare i 2023. Vestlandsporteføljen 2.0. vart lagt fram i desember, og vi har no 19 grøne hubbar over heile fylket.

11. september var det fylkestingsval, og nok ein gong var Vestland fylket med høgast valdeltaking. Det er bra for demokratiet i fylket, og noko vi skal vere stolte over. Dei 65 fylkestingsrepresentantane vart

det første fylkestinget som konstituerte seg i Vestlandssalen i det nye Vestlandshuset i Bergen. Dei nye folkevalde og administrasjonen er alt godt i gang med å forme den nye utviklingsplanen for Vestland, vegkartet vi skal styre etter framover. Vi ser fram til å ha planen på plass og til å halde fram alt det gode arbeidet for å utvikle Vestland vidare, til beste for innbyggjarane i fylket.

Mål for Vestland fylkeskommune

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024, regional planstrategi, er den overordna planen for samfunnsutviklinga i Vestland. Fylkestinget vedtok gjeldande plan hausten 2020

I utviklingsplan 2020–2024 er det fire hovudmål med tilhøyrande strategiar. Avdelingane i fylkeskommunen rapporterer på desse avdelingsvis i årsmeldinga

Måla og strategiane i utviklingsplan 2020–2024

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

- Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følge av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
- Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap
- Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon
- Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

- Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030
- Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar
- Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

- Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

- Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for utviklingsplanen.

Økonomisk resultat

Driftsrekneskap

		Reknesk. 2022	Reknesk. 2023	Budsjett 2023
+	Skatt og rammetilskot	11 532,0	12 004,4	11 867,6
+	Andre driftsinntekter	5 518,4	4 962,2	3 579,4
=	Sum driftsinntekter	17 050,4	16 966,6	15 447,0
-	Sum driftsutgifter (ekskl. avskr.)	14 832,8	14 989,3	14 446,1
=	Brutto driftsresultat	2 217,6	1 977,3	1 000,9
-	Netto renteutgifter	139,2	190,2	291,5
-	Avdrag	800,0	930,0	930,0
=	Netto driftsresultat	1 278,4	857,1	-220,6
	Driftsmidllar til investeringar	869,8	1 153,8	1 153,8
	Avsetjing til bundne fond (netto)	37,0	-168,0	-879,5
	Avsetjing til disp.fond (netto)	371,6	-128,7	-494,9
	Sum disponeringar	1 278,4	857,1	-220,6

Tal i mill. kr

Driftsrekneskapen for 2023 vart gjort opp i balanse. I samsvar med rekneskapsforskriftene kunne vi stryke 347 mill. kr i bruk av disposisjonsfond ved rekneskapsavslutninga. Rekneskapsresultatet vart altså betre enn budsjettet, og vi hadde ikkje behov for å nytte så mykje midlar frå disposisjonsfond som budsjettet.

Det viktigaste bidraget til det gode resultatet kom frå sentrale inntekter. Mellom anna vart rammetilskot og renteinntekter høgare enn budsjettet.

Summen av skatt og rammetilskot auka med 4,1 prosent samanlikna med 2022. Regjeringa sitt siste overslag over pris- og lønsvekst for kommunesektoren i 2023 (kommunal deflator) er 4,5 prosent. På same måte som mange lønstakarar, fekk dermed fylkeskommunen realnedgang i inntektene i 2023.

I dette biletet høyrer det med at kommunesektoren hadde ekstraordinært høge skatteinntekter i 2022. For Vestland fylkeskommune gjekk skatteinntekter og inntektsutjamning ned med 6,2 prosent frå 2022 til 2023. I gjennomsnitt hadde fylkeskommunane ein nedgang på 6,4 prosent.

Budsjettavvik

Drifta i dei ulike sektorane kom samla sett ut nokså nær budsjettet. Det tilseier at det er god budsjettstyring i organisasjonen.

Mobilitet og kollektivtransport og infrastruktur og veg hadde dei største overskridingane med 44,8 mill. kr og 21,6 mill. kr. For både sektorane utgjorde overskridinga 1,4 prosent av nettobudsjettet.

Kontraktane fylkeskommunen har med selskapa som utfører rutetransport, vert indeksregulerte etter ulike kostnadsindeksar. Utfordringa er at kostnadsauken for kollektivkontraktane har vore langt sterkare enn veksten i inntekter til fylkeskommunen. Sjølv om det var god vekst i passasjertala i 2023, vart billettinntektene likevel litt lågare enn budsjettert.

Infrastruktur og veg har liknande utfordringar som mobilitet og kollektiv på kostnadssida. Når driftskontraktar med entreprenørane skal fornyast, ser vi ein kraftig prisauke.

Størst innsparing hadde opplæring og kompetanse med 52,1 mill. kr. Skulane er gjort opp i balanse ved avsetjing eller bruk av disposisjonsfond. Netto er det brukt 42 mill. kr frå fond. Av postar som hadde mindreforbruk kan nemnast tilskot til lærebedrifter med 23,4 mill. kr og rettleiingstenesta med 12,1 mill. kr.

Eigedom er ei anna avdeling som hadde mindreforbruk, 15,1 mill. kr. Ein viktig faktor bak innsparinga er at straumprisane har gått ned samanlikna med det dei var hausten 2022. Politisk styring og kontrollorgan hadde ei overskriding på 1,5 mill. kr. Det var først og fremst utgiftene til val som vart høgare enn tidlegare år.

Sentrale inntekter vart høgare enn budsjettert. Ved nysaldering av statsbudsjettet i desember vart rammetilskotet til Vestland auka med 119,6 mill. kr. Det er midlar som tidlegare var trekte ut som følge av at regjeringa venta ekstraordinært høge konsesjonskraftinntekter. Skatt og inntektsutjamning vart 14,6 mill. kr høgare enn budsjettert. Eit avvik på berre 0,3 prosent må seiast å vere blink for budsjettering av skatteinntekter.

Netto renteutgifter synte innsparing på 65,4 mill. kr. Rentehevingar slår raskare ut på inntektssida enn på utgiftssida. I tillegg har vi hatt høgare innskot i bank enn lagt til grunn i budsjettet.

Konsesjonskraftinntektene vart 28,1 mill. kr høgare enn budsjettert. Også andre postar som havbruksfond, premieavvik og lønsavsetjing hadde positive avvik. Til saman resulterte dette i at vi kunne redusere bruken av disposisjonsfond med 347 mill. kr i høve til budsjettet.

Tabellen oppsummerer budsjettavvik for sektorane. Tala viser netto driftsutgifter, inklusive avsetjing og bruk av fond.


	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Politisk styring og kontrollorgan	70,8	69,4	-1,5
Organisasjon og økonomi	154,0	155,0	1,0
Eigedom og utbygging	602,3	617,4	15,1
IKT og digitalisering	189,8	189,8	0,0
Tannhelse	376,2	376,2	0,0
Næring, plan og innovasjon	276,0	275,9	-0,1
Opplæring og kompetanse	3 873,4	3 925,5	52,1
Kultur og folkehelse	416,6	421,6	5,0
Mobilitet og kollektivtransport	3 320,6	3 275,8	-44,8
Infrastruktur og veg	1 613,5	1 591,9	-21,6
Fellesinntekter og -utgifter	-10 893,2	-10 898,5	-5,3
	0,0	0,0	-0,1

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva vi har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» har rådd til at netto driftsresultat for fylkeskommunane bør utgjere 4 prosent av driftsinntektene.

I opphavleg budsjett var netto driftsresultat 3,1 prosent, men det gjekk betre, og rekneskapen enda med eit netto driftsresultat på 5,1 prosent. Gjennomsnittleg netto driftsresultat for fylkeskommunane vart 4,2 prosent.

Vestland fylkeskommune har kvart år lege over gjennomsnittet for fylkeskommunane, men utviklinga frå år til år har vore nokså lik.



Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter fordeler seg slik på avdelingar/sektorar i fylkeskommunen:

Mill. kr	2022	2023
Politisk styring og kontrollorgan	59,0	78,2
Organisasjon og økonomi	163,1	170,7
Eigedom og utbygging	723,0	774,3
IKT og digitalisering	242,4	239,2
Tannhelse	470,8	549,7
Næring, plan og innovasjon	458,0	451,9
Opplæring og kompetanse	4 261,3	4 885,7
Kultur og folkehelse	685,3	582,2
Mobilitet og kollektivtransport	4 542,1	5 100,8
Infrastruktur og veg	1 902,5	2 109,2
Sum brutto driftsutgifter	13 507,5	14 941,9

Dei fleste sektorane hadde vekst i utgiftene frå 2022 til 2023. Sum brutto driftsutgifter auka med 10,6 prosent.

Finansielle måltal

I budsjettet er det gjort vedtak om å nytte fire finansielle måltal. Det er nøkkeltal som gir indikasjonar på den økonomiske stoda. Alle tala er rekna i prosent av sum driftsinntekter.

	2020	2021	2022	2023	Mål
Netto driftsresultat	7,4 %	9,1 %	7,5 %	5,1 %	4 %
Netto gjeldsgrad	92,8 %	90,3 %	89,8 %	94,7 %	< 115 %
Rente- og avdragsbelastning	6,2 %	5,9 %	6,5 %	8,4 %	5 %
Disposisjonsfond	8,4 %	11,7 %	13,0 %	12,2 %	10 %

Alle dei finansielle måltala har utvikla seg i negativ retning i 2023. Men bortsett frå rente- og avdragsbelastning, er dei tre andre framleis betre enn måla.

Netto gjeldsgrad viste i 2023 ein klar auke, og gjekk opp med nær fem prosentpoeng til 94,7 prosent frå 2022. Ifølgje den vedtekne økonomiplanen, vil gjeldsgraden halde fram og auke i åra 2024 og 2025. I økonomiplanen vart dei fleste nye investeringane, som ikkje er bundne opp, utsette. Dette medfører at gjeldsgraden går ned frå 2026.

Rente- og avdragsbelastning kan vere ein interessant storleik, til dømes når vi samanliknar oss med andre fylkeskommunar. Jo større del av inntektene som går med til renter og avdrag, dess mindre har vi igjen til drift i sektorane. Men det er ikkje nødvendigvis slik at dette nøkkeltalet bør vere så lågt som råd. Vestland fylkeskommune betaler meir i avdrag enn minimumsavdraget vi var pliktige til etter kommunelova. På kort sikt kunne vi difor sett ned avdragsbetalinga og fått lågare rente- og avdragsbelastning. På lang sikt kan det likevel vere fornuftig å betale høgare avdrag for å bremse veksten i gjelda.

Disposisjonsfonda gjekk ned frå 13 prosent til 12,2 prosent av driftsinntektene. I budsjettet var det lagt opp til å bruke meir midlar frå disposisjonsfond, men på grunn av meirinntekter kunne vi stryke 347 mill. kr av budsjettert fondsbruk. Med disposisjonsfond på 12,2 prosent av driftsinntektene, har fylkeskommunen framleis ein god «buffer».

Vurdering av den økonomiske stillinga

Sidan starten for Vestland fylkeskommune i 2020 har vi ved kvar budsjetthandsaming opplevd å vere i ein krevjande økonomisk situasjon. Men kvart år har rekneskapen synt at fylkeskommunen kom betre ut enn det som vart rapportert gjennom året takka vere god kostnadskontroll i dei ulike avdelingane. I tillegg kjem at fylkeskommunen har fått ekstraordinære inntekter gjennom året. Vi har hatt solide

netto driftsresultat, god likviditet og disposisjonsfond høgare enn målet. På grunnlag av dette må vi kunne seie at den økonomiske stillinga er relativt god.

Men framleis er det store utfordringar når vi ser framover. Rentenivået auka kraftig i 2023. Det vil gje monaleg auke i renteutgiftene dei næraste åra. Investeringsplanen medfører vidare vekst i lånegjelda slik at kapitalkostnadene framover vil ta ein stadig større del av dei samla driftskostnadane. Overgang til utsleppsfri drift av snøggåttane vil venteleg medføre auka driftsutgifter. Vidare er det grunn til uro over kostnadsutviklinga for driftskontraktane på fylkesvegane. Det store vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane vil og påverke den økonomiske stillinga framover om ikkje det kjem ekstraordinære midlar for å løyse dette.

Investeringar

	Reknesk. 2022	Reknesk. 2023	Budsjett 2023
Administrasjonslokale	426,3	265,4	237,7
Opplæring og kompetanse	1 032,3	1 227,1	1 112,3
Andre bygningar og utstyr	192,6	156,6	173,2
Mobilitet og kollektivtransport	2 013,8	887,7	903,2
Infrastruktur og veg	2 343,5	2 578,0	2 415,2
Aksjar og avdrag på lån	32,0	113,8	113,8
Sum investeringsutgifter	6 040,5	5 228,6	4 955,4
Finansiering:			
Kompensasjon mva.	546,5	667,4	687,8
Tilskot og refusjonar	1 374,8	769,5	1 111,2
Sal / refusjonar	1 096,9	639,8	0,4
Sal av anleggsmidlar	19,8	62,9	22,8
Mottatt avdrag på utlån	32,0	35,9	32,6
Bruk av lån	1 885,8	1 976,0	2 028,7
Overført frå drift	1 104,7	1 153,8	1 153,8
Bundne investeringsfond (netto)	-83,1	9,3	4,0
Ubundne investeringsfond (netto)	0,0	-22,8	-22,8
Dekning av tidlegare års udekka beløp		-63,2	-63,2
Udekka	63,2		
Sum finansiering	6 040,5	5 228,6	4 955,4

Investeringsrekneskapen viser totale utgifter på 5 228,6 mill. kr. Budsjettet var 4 955,4 mill. kr.

Infrastruktur og veg står for halvparten av investeringane. Av store utgiftspostar under Infrastruktur og veg kan nemnast bompengeprosjekta Askøypakken 266 mill. kr, Kvinnheradpakken 214 mill. kr og

Nordhordlandspakken 214 mill. kr. Til gang- og sykkelveggar er det brukt 179 mill. kr og til oppgradering av tunellar 143 mill. kr.

Til bybanen, byggetrinn 4 (Fyllingsdalen) vart det ført kostnader på 658 mill. kr i 2023. Byggetrinn 5 hadde kostnader på 123 mill. kr.

Dei største prosjekta under opplæring var Førde vgs./Campus Førde med 368 mill. kr, Askøy vgs. med 262 mill. kr og Stord vgs. med 175 mill. kr.

Til fylkeshuset i Bergen gjekk det med 146 mill. kr i 2023 og til fylkeshuset i Leikanger 66 mill. kr.

Investeringane vart finansierte frå fleire ulike kjelder. 1 976 mill. kr av investeringsutgiftene vart finansierte med lån og 1 153,8 mill. kr med midlar frå drifta. Bompengar utgjorde 1 027 mill. kr. Av bompengane gjekk 200 mill. kr til bybanen og 827 mill. kr til veginvesteringar.

Utvalde tal frå balansen

	2022	2023
Bankinnskot	5 050,2	5 411,6
Obligasjonsfond	215,1	230,6
Sum likvide midlar	5 265,3	5 642,2
Disposisjonsfond	2 192,3	2 063,5
Bundne driftsfond	1 141,1	973,2
Ubundne investeringsfond	60,8	83,7
Bundne investeringsfond	302,3	293,0
Udekka i investeringsrekn.	-63,2	
Sum fond	3 633,3	3 413,4
Langsiktig gjeld	15 315,9	16 378,1

Likviditet

Sum likvide midlar var 5 642,2 mill. kr ved utgangen av 2023. Fylkeskommunen har med dette svært god likviditet. Ei viktig forklaring på dette er midlane som ein har på fond.

Fond

Sum fond utgjorde 3 413,4 mill. kr ved utgangen av året. Dette er ein reduksjon på 219,9 mill. kr. Disposisjonsfond vart redusert med 128,8 mill. kr til 2 063,5 mill. kr.

Bundne driftsfond er redusert med 167,9 mill. kr. Størst er reduksjonen innan Mobilitet og kollektiv. Det er mellom anna overført midlar frå bundne driftsfond til investering, til finansiering av 4. byggetrinn av bybanen.

Bundne investeringsfond utgjer 293 mill. kr. Storparten av bundne investeringsfond høyrer inn under Infrastruktur og veg, t.d. rassikringsmidlar.

Lån

Lån utgjorde 16 378,1 mill. kr, ein auke på 1 062,2 mill. kr. Netto gjeldsgrad auka frå 89,8 % til 94,7 % i 2023.

Premiss for løyving

Den viktigaste premissen for inntektssida i budsjettet er det statlege inntektssystemet, der fylkeskommunen sitt rammetilskot kjem fram, i tillegg til kva nivå ein kan vente på skatteinntektene. Andre viktige budsjettpremissar på inntektssida er kollektivtrafikkinntektene.

Budsjettet er vedteke på rammenivå for dei ulike sektorane. Budsjettreglementet regulerer fullmakter til å gjere budsjettendringar både på politisk og administrativt nivå.

Fylkesdirektøren har utarbeidd oppdragsbrev til avdelingsdirektørane. Brevet viser kva fylkesdirektøren ventar at avdelingsdirektørane skal gjennomføre i året og peiker på ansvarsområdet til direktøren, under dette samla budsjettamme. Fylkesdirektøren har regelmessige statusmøte for å sikre framdrifta og følgje opp økonomistyringa.

Rutinar for oppfølging

Budsjettoppfølging gjennom året følgjer to løp, eit politisk og eit administrativt.

Politisk nivå har budsjettoppfølging gjennom rapportar til fylkestinget kvart tertial i tillegg til godkjenning av rekneskapen etter at denne er lagt fram. Fylkestinget handsamar to tertialrapportar gjennom året, per april og august. Tertialrapportane gjennomgår utviklinga og har prognose for resten av året både for investerings- og driftsbudsjettet. Til dømes vert framdrift for store investeringsprosjekt vurdert. Fylkestinget gjennomfører budsjettendringar ved større avvik frå premissen for bruken av løyvinga både for investerings- og driftsbudsjettet.

For finanssektoren vert det lagt fram eigne rapportar til fylkestinget kvart tertial. I første kvartal året etter, vert det i tillegg lagt fram ein årsrapport for finans, der vi ser utviklinga i året mellom anna opp mot det vedteke finansreglementet.

I samband med budsjettvedtaket gjer fylkestinget også det som vert kalla vedtak om verbalpunkt. Dette er politiske premissar for einskilde delar av budsjettet, for spesielle saker eller område.

Verbalpunktene er i mange tilfelle initiativ som krev utgreiing og sakshandsaming, der framdrifta for dette arbeidet vert rapportert til fylkestinget.

Administrativt nivå har i tillegg kvartalsvis budsjettoppfølging. Fylkesdirektøren har sektorvise møte med avdelingsdirektørane med gjennomgang av budsjettutviklinga. Til desse møta er det utarbeidd sektorvise prognosar for rekneskapen mot slutten av året opp mot vedteke budsjett. I tillegg blir sektoren si oppfølging av fylkestinget sitt budsjettvedtak gjennomgått, for å sikre at fylkestinget sine premisser for løyvinga vert gjennomførte.

Vurdering av risiko

Budsjettet til Vestland fylkeskommune er stort og femner om ulike sektorar. Storleiken på sektorane varierer mykje frå opplæring og kompetanse med mange vidaregåande skular og dermed mange tilsette, til mobilitet og kollektiv som har stort budsjett, men færre tilsette ettersom kollektivtransporten er konkurranseutsett. Risikovurderingane er difor ulike frå sektor til sektor.

Størst økonomisk risiko har det dei siste åra vore innanfor premissane som er lagde for kollektivtrafikkinntektene.

Eit anna område der det er risiko, er utviklinga i rentenivået. Vestland fylkeskommune har høg gjeld, og utviklinga i rentenivået er ein premiss som har stor merksemd i budsjettarbeidet. Fylkesdirektøren følgjer utviklinga i risikobiletet tett gjennom året i nært samarbeid med dei ulike fageiningane.

KOSTRA

– kommune-stat-rapportering

Nedanfor har vi henta nokre nøkkeltal som Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserte 15.03.24. Her kan vi samanlikne Vestland fylkeskommune med gjennomsnittet av fylkeskommunane utanom Oslo.

	Vestland	Vestland	Landet u/ Oslo
	2022	2023	2023
Tal i prosent av brutto driftsinntekter:			
Netto driftsresultat	7,5 %	5,1 %	4,2 %
Arbeidskapital	18,4 %	16,8 %	19,7 %
Netto renteeksponering	44,4 %	49,7 %	33,5 %
Langsiktig gjeld ex pensjonsforplikting	89,8 %	96,5 %	77,7 %
Fri egenkapital drift	12,9 %	12,2 %	15,3 %
Brutto investeringsutgifter	35,2 %	30,1 %	20,0 %
Eigenfinansiering av investeringane i % av totale bto. inv.	68,6 %	61,4 %	61,5 %
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	17 846	18 431	16 293

Netto driftsresultat for Vestland fylkeskommune vart 5,1 prosent, medan gjennomsnittet for fylkeskommunane var 4,2 prosent.

Arbeidskapital er eit mål på likviditet. Likviditeten er vurdert å vere svært god i Vestland. Likevel ligg vi noko under landsgjennomsnittet.

Netto renteeksponering gir ein indikasjon på kor mykje av gjelda til fylkeskommunen som er eksponert for rentesvingingar. Kostratala inneheld ikkje opplysningar om rentebinding, men vi ser på total gjeld og reduserer for den delen som vert oppvege av innskot og rentekompensasjonsordningar. Når renteeksponert gjeld utgjer nær 50 prosent av driftsinntektene, er konsekvensen at 0,5 prosent av driftsinntektene vil gå med for å dekke inn ein renteoppgang på 1 prosentpoeng.

Tabellen over viser at langsiktig gjeld utgjer 96,5 prosent av driftsinntektene. Vestland fylkeskommune har elles for det meste nytta «netto langsiktig gjeld» i nøkkeltala sine. Då vert gjelda redusert med utlån og unytta lånemidlar. Rekna på denne måten utgjer netto gjeld 94,7 prosent av driftsinntektene.

Fri egenkapital drift vil seie disposisjonsfond. SSB reknar at ein har stor grad av økonomisk handlefridom når nøkkeltalet er over 8 prosent. Vestland har disposisjonsfond som utgjer 12,2 prosent av driftsinntektene. Landsgjennomsnittet er på heile 15,3 prosent.

Brutto investeringsutgifter i Vestland utgjer 30,1 prosent av driftsinntektene. Det er vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet på 20,0 prosent. Som eigenfinansiering vert rekna alt anna enn lånefinansiering. Det vil seie at både statstilskot og bompengar er definerte som eigenfinansiering.

Siste linje i tabellen viser frie inntekter (skatt og rammetilskot) per innbyggjar. Vestland ligg 2138 kr (13,1 prosent) over landsgjennomsnittet. I inntektssystemet vart det for 2023 lagt til grunn at Vestland har eit utgiftsbehov som er 15,5 prosent høgare enn landsgjennomsnittet.

Vidaregåande opplæring	Vestland	Vestland	Landet u/ Oslo
	2022	2023	2023
Netto driftsutgifter per innbyggjar 16–18 år	171 242	198 158	210 824
Netto driftsutg. til vidaregåande utd. av samla netto driftsutg.	37,7 %	40,0 %	48,5 %
Ungdom 16–18 år i vidaregåande opplæring	93,4 %	92,7 %	92,1 %
Elevar per skule	410	430	470
Elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram	55,3 %	56,1 %	54,4 %
Elevar per lærarårsverk	8,2	8,0	8,2
Elevar	23 623	23 378	177 239
Lærlingar	6 890	6 897	45 838

Netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring i Vestland utgjer 198 158 kr per innbyggjar i alderen 16–18 år. Dette er 6 prosent lågare enn landsgjennomsnittet, men Vestland har nærma seg landsgjennomsnittet i 2023.

Netto driftsutgifter til vidaregåande utdanning utgjer berre 40 prosent av dei totale driftsutgiftene til Vestland, medan landsgjennomsnittet er 48,5 prosent. Det er relativt stor skilnad. På samferdselsområdet er det motsett. Der brukar Vestland vesentleg meir enn landsgjennomsnittet.

92,7 prosent av ungdom mellom 16 og 18 år er i vidaregåande opplæring. Talet viser ein liten nedgang frå 2022, men er framleis høgare enn gjennomsnittet for landet, som er 92,1 prosent. Ein noko større del av elevane er i yrkesfaglege utdanningsprogram i Vestland (56,1 prosent) enn gjennomsnittet for landet (54,4 prosent).

Vestland har færre elevar per skule enn landsgjennomsnittet, 430 mot 470. Elevar per lærarårsverk er 8,0 i Vestland mot 8,2 for landet.

Samferdsel	Vestland	Vestland	Landet u/ Oslo
	2022	2023	2023
Tal i kr per innbyggjar:			
Brutto driftsutgifter til samferdsel	10 783	12 341	7 969
Brutto investeringsutgifter til samferdsel	6 752	5 330	3 118
Netto driftsutgifter til kollektivtransport (buss, båt, bybane)	3 559	4 039	2 563
Netto driftsutgifter til fylkesvegferjer	1 424	1 714	862
Netto driftsutgifter til fylkesveg per kilometer	383 187	421 245	326 318
Reiser med kollektivtransport per innbyggjar	130	145	76
Brukarar av transportordn. for funksjonsh. per 1000 innb.	24	24	17

Av tabellen går det fram at Vestland har vesentleg høgare utgifter til samferdselsføremål enn landsgjennomsnittet. Talet på reiser med kollektivtransport er 145 per innbyggjar. Dette er nesten dobbelt så høgt som landsgjennomsnittet.

Tannhelse	Vestland	Vestland	Landet u/ Oslo
	2022	2023	2023
Barn og unge 1–18 år under tilsyn	97,8 %	97,8 %	97,8 %
Eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon under tilsyn	87,4 %	90,5 %	90,4 %
Del 5-åringar utan karies	82,9 %	83,1 %	81,3 %
Gjennomsnittleg tal tenner med hol hos 12-åringar	2,0	2,4	2,4
Avtalte tannlegeårsverk per 10 000 innbyggjarar	7,8	8,1	7,9
Avtalte tannlegespesialistårsverk per 10 000 innb.	1,3	1,4	1,0
Avtalte tannpleiarårsverk per 10 000 innbyggjarar	2,5	2,5	2,1
Netto driftsutgifter per innbyggjar	533	641	666

Indikatorar på tannhelse for barn og unge ligg nokså nær landsgjennomsnittet. Tal årsverk ligg litt over landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter per innbyggjar er likevel litt lågare enn landsgjennomsnittet, 641 kr mot 666 kr. Driftsutgiftene har auka ein god del frå 2022 til 2023. Dette heng saman med at vi er i ferd med å byggje opp kapasitet for nye årskull.

Organisasjonen

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i Vestland fylkeskommune var i 2023 på 5,6 prosent. Det er ein reduksjon frå 2022, då sjukefråværet var på 7,2, prosent. Fylkeskommunen skifta løns- og personalsystem i 2023, og tala for 2022 og 2023 er ikkje direkte samanliknbare. I berekning av sjukefråvær før 2023 vart tala korrigererte for avvikling av ferie, det gjer ikkje dagens system. Sjukefråvær i 2023 omrekna til berekningsmodell for 2022 gir eit sjukefråvær på 6,3 prosent. Sjukefråværet i fylkeskommunen var både i 2021 og 2022 høgare enn for landet elles, medan det i 2023 var lågare.

Kjønnskilnaden i fråværet i fylkeskommunen er tydeleg, og på linje med norsk arbeidsliv elles. Fråværet for kvinner var på 7,1 prosent, medan det for menn var på 3,6 prosent i 2023.

Tannhelse er den sektoren som har høgast sjukefråvær. I 2023 var fråværet i sektoren på 9,7 prosent, medan det var 6 prosent i avdeling opplæring og kompetanse.

Sjukefråværet fordelt på fråværlengd viser at om lag 75 prosent av fråværet er meir enn 16 dagar.

Vi har ei rekke ulike tiltak for å redusere sjukefråværet i alle avdelingar. Det er først og fremst nærværstiltak, men òg arbeid med å sikre god oppfølging av dei som er sjuke.

Sjukefråvær, sjukefråværsoppfølging og nærværarbeid er fast tema i arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Vestland fylkeskommune. Fylkesdirektøren har stor merksemd på sjukefråværet i organisasjonen og vil følgje utviklinga nøye også i 2024.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Vestland fylkeskommune har organisert HMS-arbeidet med eit sentralt arbeidsmiljøutval for heile fylkeskommunen (AMU VLFK). I tillegg har vi lokale AMU på alle skular og i fleire avdelingar og seksjonar. I 2023 er det vedtatt ny AMU-organisering med verknad frå 1. januar 2024. Endringa går ut på at vi avviklar AMU for dei tre fylkesbygga i Bergen, Førde og på Leikanger og heller opprettar lokale AMU i kvar av dei åtte avdelingane. Ei slik organisering vil gje kvar avdelingsdirektør betre oversikt og kontroll over eige område og sikre tettare oppfølging av HMS-arbeidet.

Eit sentralt AKAN-utval jobbar førebyggjande mot rus- og speleavhengigheit. Lokale AMU verkar som lokale AKAN-utval. Desse jobbar med førebyggjande arbeid på systemnivå og handterer ikkje enkeltsaker.

Det er utpeikt lokale HMS- og kvalitetskoordinatorar i alle avdelingar, i nokre større seksjonar og på alle skulane. Koordinatorane skal vere til støtte for linjeleiar, verneombod og medarbeidarar i HMS-

arbeidet. Vernetenesta har eit fylkeshovudverneombod i full stilling og eit assisterande fylkeshovudverneombod i 60 prosent stilling. Frå 01.01.24 er det 55 hovudverneombod i dei ulike avdelingane i fylket. HR-seksjonen har ei eiga faggruppe som følgjer opp HMS-arbeidet. Faggruppa heiter organisatorisk støtte og HMS og syter for informasjon, bistand og opplæring i det systematiske HMS-arbeidet i fylket.

Vestland fylkeskommune har avtale med Avonova om bedriftshelseteneste. Avonova Census leverer tenester knytt til medarbeidarundersøkinga, og vi gjennomførte ei ny slik undersøking i januar 2023. Resultata viser at fylkeskommunen samla sett har eit normalt godt arbeidsmiljø. Hovudtala er stabile samanlikna med tilsvarande undersøking i 2020, men det er forskjellar på einingsnivå.

På bakgrunn av medarbeidarundersøkinga vart nokre hovudområde prioritert for tiltak.

Dette var utviklingsområda:

- meningsfylt arbeid og engasjement
- overordna leiing
- kompetanseutvikling

og bevaringsområda:

- førebyggje mobbing og trakassering
- kompetanseutvikling

Overordna tiltak knytt til medarbeidarundersøkinga er vedteke av AMU VLFK, forankra i toppleiinga og vert følgde opp av avdelingsdirektørane. Ansvar for oppfølging av dei lokale resultata ligg til linjeleiinga.

Det vart gjennomført to HMS-grunnkurs i 2023, både digitalt og med fysiske samlingar. Til saman 81 leiarar, verneombod, tillitsvalde og AMU-medlemmar deltok på grunnkurs. I tillegg har 33 lærlingar i fylket deltatt på dagskurs i HMS- og kvalitetsarbeid, og det sentrale AMU har gjennomført dag 1 av grunnkurs i HMS.

Vi gjennomfører årleg HMS-rapportering i form av eigenkontroll, med rapport til fylkesdirektøren og AMU VLFK. Den årlege rapporteringa er eit viktig element i etterleving av internkontrollforskrifta, og kvalitetssystemet er eit sentralt verktøy. Her finn vi mellom anna oversyn over ansvar, organisering og retningslinjer for det lokale arbeidet med kartlegging, risikovurdering, handlingsplanar og årshjul. Forbetringsspunkt frå rapporteringa blir følgde opp av einingane med hjelp frå HR-seksjonen, organisatorisk støtte og HMS. I januar fekk 59 leiarar tilsendt HMS-rapporteringsskjema for 2023. Alle leiarane har svart i samarbeid med hovudverneombod for aktuell avdeling, skule eller eining. Rapporten viser at det blir jobba godt med det systematiske HMS-arbeidet, og at lokale mål og handlingsplanar i stor grad er på plass.

Kvalitetsstyring

Kvalitetssystemet er sentralt i arbeidet med kvalitetsstyring i Vestland fylkeskommune. Det er verktøyet vi brukar for å dokumentere og sikre internkontroll. For tilsette utan særskilde oppgåver i kvalitetsarbeidet fungerer systemet som ei e-handbok. Her kan alle lese og skrive ut ulike dokument som rutinar og retningslinjer. Det er også her vi melder avvik, registrerer varsel, slår opp i stoffkartoteket og finn relevante lover, forskrifter og avtalar.

Det er jamlege møte i kvalitetsforum. Der er HMS- og kvalitetskoordinatorane frå alle avdelingane og enkelte seksjonar med. Oppgåva til forumet er å sikre fagleg oppdatering, erfaringsutveksling, utvikle gode rutinar og drive fram systemutvikling. Kvalitetssystemet inneheld fleire modular: dokumentbehandlar, avviksbehandlar, årshjul, risikohandterer og stoffkartotek. I dokumentmodulen var det ved utgangen av 2023 publisert om lag 4500 dokument. HMS-arbeidet i fylkeskommunen skal sikre trygge og helsefremjande både arbeids- og opplæringsituasjonar.

I 2023 var det registrert 1047 saker i kvalitetssystemet til Vestland fylkeskommune. 854 av dei var uønskte hendingar og avvik, 91 forbettringsforslag, 37 leverandøravvik, 34 varsel og 31 nesten-ulykker. Av 854 uønskte hendingar og avvik gjaldt 247 personskadar.

Tabellen viser statistikk for meldingar om uønskte hendingar og avvik m.m:

Type hending	2021	2022	2023
Uønskt hending og avvik	684	800	854
Forbettringsforslag	87	121	91
Leverandøravvik	16	27	37
Varsel	17	27*	34*
Nesten-ulykke		24	31

* Fleire av desse var ikkje varsel etter arbeidsmiljølova.

Det er starta eit arbeid med å førebu utlysing av anbod for anskaffing av eit nytt kvalitetssystem. Målet er å ha eit nytt slikt system i drift før sommaren 2025. Parallelt med dette vil HR-seksjonen også i 2024 halde fram med å gje tilsette og leiarar opplæring og støtte i å nytte kvalitetssystemet til læring, forbetring og organisasjonsutvikling.

Likestillingsutgreiing 2023

Aktivitets- og orienteringsplikta til arbeidsgjevar

Vestland fylkeskommune har som mål å vere ein arbeidsplass der det er full likestilling uavhengig av kjønn. Som arbeidsgjevar arbeidar vi aktivt, målretta og planmessig med likestilling og ikkje-diskriminering, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 26. Her presenterer vi sentrale nøkkeltal for kjønnsbalanse, og gjer kort greie for korleis vi har arbeidd for å omsette ambisjonane våre for likestilling i praksis. Arbeidet med kartlegginga er gjort i samarbeid med representantar for tilsette og tillitsvalde.

Kjønnsfordeling tilsette

Vi har totalt 6480 tilsette i Vestland fylkeskommune, og 58,7 prosent av dei er kvinner. 5222 tilsette arbeider heiltid, og av dei er 56,8 prosent kvinner. Gjennomsnittsalderen for kvinnelege tilsette er 46,8 og for mannlege 47,2 år. Totalt er gjennomsnittsalder for begge kjønn 47 år.

	Kvinner	Kvinne i %	Menn	Menn i %	Total
Totalt tilsette i VLFK	3801	58,7 %	2679	41,3 %	6480
Leiarar	255	54,5 %	213	45,5 %	468
Heiltid	2964	56,8 %	2258	43,2 %	5222
Deltid	837	66,5 %	421	33,5 %	1258
Mellombels tilsette	364	59,2 %	251	40,8 %	615
Trainee	7	58,3 %	5	41,7 %	12
Lærling	18	26,1 %	51	73,9 %	69

Tabellen syner tal tilsette fordelte på kjønn og totalt.

Deltidsstillingar

1258 tilsette (19,4 prosent) var tilsette i deltidstillingar per 31.12.23. Det er 66,5 prosent kvinner og 33,5 prosent menn i desse stillingane. 837 kvinnelege tilsette arbeider deltid, noko som er 22 prosent av alle kvinnelege tilsette. Det er 421 menn som arbeider deltid, altså 9,4 prosent av alle mannlege tilsette. Tala inkluderer vikarar, lærlingar, traineear og tilsette i prosjektstillingar. Fylkeskommunen har som mål å tilsette i faste, heile stillingar, og å motarbeide ufrivillig deltid. Utviklinga går riktig veg, i og med at tala er på veg nedover frå 1383 i 2022 og 1394 i 2021. Fylkeskommunen skal arbeide aktivt for at tilsette som ynskjer og er tilgjengelege for å arbeide meir, skal unngå ufrivillig deltidarbeid.

Undersøking av ufrivillig deltid

I desember 2023 gjorde vi ei kartlegging av omfanget ufrivillig deltid blant tilsette i Vestland fylkeskommune. Vi ønskte også å kartlegge årsakene til ufrivillig deltid. Tilbakemeldingane viser at det er fleire årsaker til ufrivillig deltidsarbeid. Det er omtrent like mange som forklarar ufrivillig deltid med at dei ikkje er tilbydde høgare stillingsbrøk (164 tilsette), som dei som forklarar det med familie- og livssituasjon (130 tilsette). Vestland fylkeskommune vil i 2024 setje i verk fleire tiltak med mål om å redusere ufrivillig deltid.

Mellombelse stillingar

Totalt var det 615 tilsette i mellombelse stillingar ved utgangen av 2023. Det er 9,6 prosent av alle tilsette, som er litt høgare enn 9,4 som vi hadde i 2022. Tala inkluderer vikarar, lærlingar, traineear og tilsette i prosjektstillingar. Vi hadde 59,2 prosent kvinner og 40,8 prosent menn tilsette i mellombelse stillingar. I samband med at reglane i arbeidsmiljølova om mellombelse tilsettingar vart stramma inn frå 01.01.24, vil fylkeskommunen styrke merksemda på bruken av slike stillingar.

Uttak av foreldrepermisjon

I 2023 var 80 kvinner og 66 menn i foreldrepermisjon med anten 80 eller 100 prosent løn. Tala inkluderer ikkje partner sine 14 dagar permisjon i samband med fødsel.

Løn

Per 31.12.23 var løna til kvinner i snitt 95,6 prosent av løna til menn. I 2022 var same tall 96,2, og i 2021 var det 95,8. Det kan vere krevjande å identifisere kjønnsbaserte lønsforskjellar i praksis. Det er eit komplekst saksområde med ei rekke nyansar. Det vil vere tema også i årets lønsoppgjjer og er noko som både arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane har søkjelys på. Statistikken tyder at det er blant leiarar det er størst skilnad mellom kvinner og menn, og det er der vil vi vurdere harmoniseringstiltak i årets lønsoppgjjer.

Arbeidet vårt for likestilling og mot diskriminering

I samsvar med likestillings- og diskrimineringslova arbeidar vi systematisk med likestilling, inkludering og mangfald. I 2023 har vi arbeidd med sertifiseringa som ei likestilt arbeidslivsverksemd. Gjennom sertifiseringa ønskjer vi å forbetre oss, sikre utvikling og kvalitet, og å kartlegge risikoar for diskriminering og hinder for likestilling.

I medarbeidarundersøkinga for 2023 vart det stilt spørsmål om dei tilsette hadde vore vitne til eller opplevd mobbing, verbal eller fysisk trakassering, eller seksuell trakassering i jobbsamanheng. Det var også spørsmål om tilsette veit korleis dei skal varsle om kritikkverdige forhold.

På spørsmålet om du sjølv har blitt utsett for mobbing eller trakassering på arbeidsplassen din dei siste seks månadane, svarar 6,1 prosent av medarbeidarane i Vestland at det har skjedd (alt frå ein sjeldan gong (dei fleste) til fleire gonger i veka 0,2 prosent). Talet i tilsvarande undersøking i 2020 var 7,7 prosent.

Talet for seksuell trakassering er lågt, det var 0,7 prosent i 2023 og 0,6 prosent i 2020. Vestland fylkeskommune har nulltoleranse for seksuell trakassering. 4,7 prosent av medarbeidarane svarar at dei har lagt merke til ei eller anna form for diskriminering i 2022, når det gjeld til dømes kjønn, alder og etnisitet.

Her er ei kort liste over konkrete tiltak som vart gjennomført i 2023

- Vi har revidert rekrutteringsprosedyrane våre.
- Vi har revidert lønnspolitikken vår.
- Vi har utvikla informasjon om sjukefråvær og tilrettelegging på intranettsidene våre.
- Vi har gjennomført opplæring i varsling for alle medarbeidarar (digitalt lynlæringskurs).
- Vi markerte PRIDE-veka for første gong.
- Vi definerte nye HMS-mål og fekk på plass ny organisering av AMU, som vert sett i verk frå 01.01.24. Vi gjennomfører eit dagars språkkurs for tilsette som ønskjer meir språk- og nynorskkunnskap. I 2023 deltok til saman 34 tilsette på kurs i Bergen og på Leikanger.

Sertifiseringsordninga likestilt arbeidsliv

Systematisk arbeid for å sikre likestilling og ikkje-diskriminering, og vegen fram mot sertifisering, har vore eit innsatsområde for Vestland fylkeskommune i heile 2023. Ordninga dekkjer alle diskrimineringsgrunnlag og er sett saman av sju innsatsområde:

1. forankring
2. inkluderande arbeidsmiljø
3. rekruttering og karriere
4. tilrettelegging
5. heiltidskultur
6. livsfase
7. likeløn

Vi starta arbeidet med sertifisering i 2022. Innsatsområda for 2023 var forankring, tilrettelegging, rekruttering og karriere og heiltidskultur.

Arbeidet blir drive fram gjennom ei arbeidsgruppe samansett av tilsette, leiarar, verneombod og tillitsvalde frå ulike einingar i fylkeskommunen. Arbeidsgruppa har medverka til å tydeleggjere og systematisere arbeidet vårt for eit likestilt arbeidsliv.

Prioriterte område

Ståstadanalysane vi har gjort er baserte på sjekklister for alle dei sju innsatsområda og for dei fire prioriterte områda forankring, tilrettelegging, rekruttering og karriere:

Forankring

Forankring er ein føresetnad for at vi skal lykkast med arbeidet med sosial berekraft i verksemda. I 2023 deltok representantar frå prosjektgruppa i fleire arbeidsverkstadar og samlingar som danna grunnlaget for ny organisasjonsstrategi. Der er sosial berekraft formulert som: «Vi ser mangfald og forskjell som ein styrke». Dette danna mellom anna grunnlaget for handlingsplanen for likestilling. Framover skal vi lære meir om mangfald og likestilling, gjennom mellom anna informasjon i leiargruppene og einingane, intranettsaker og andre kommunikasjonskanalar.

Tilrettelegging

Vi skal sikre at Vestland fylkeskommune har rom for tilsette som krev varig eller midlertidig tilrettelegging av arbeidet for at flest mogleg skal få brukt arbeidsevna si. I 2023 flytta tilsette i administrasjonen i Bergen inn i Vestlandshuset. Det er eit moderne bygg med universell utforming, der deltaking og likestilling var viktige premiss i arealplanlegginga. I 2024 vil administrasjonsbygget i Leikanger vere ferdig rehabilitert med dei same krava til universell utforming, tilrettelegging, medverknad og utvikling i prosessen.

Vi har gjennomført fleire kurs i klart språk og nynorsk for alle som ynskjer og treng dette. Vi har også utarbeidd intranettsider med informasjon og opplæring om sjukefråvær og tilrettelegging i 2023. Nye HMS- og kvalitetsmål blei utarbeidd, og fleire andre tiltak er under planlegging, mellom anna teksting av opplærings- og informasjonsvideoane våre.

Rekruttering og karriere

Vi skal legge til rette for mangfald og likestilling både i rekruttering og gjennom heile yrkeskarrieren. Vestland fylkeskommune ønskjer å trekke til seg den beste kompetansen og å vere ein attraktiv arbeidsplass for alle i samfunnet. Vi har gjennomført ROS-analysar også på dette innsatsområdet. Vi har revidert prosedyre for rekruttering og tilhøyrande tilsettingsreglement. Prosjektgruppa arbeidar mellom anna med å utarbeide mangfaldserklæring, standardtekst til stillingsannonser, måltal for mangfald og informasjonsmateriell. Det skal sikre strukturerte prosessar for rekruttering og dekke alle trinn, frå utforming av annonsetekst (klart språk) til introduksjon av nytilsette.

Tiltak og handlingsplan

Vi har samla hovudfunna, og prosjektgruppa har utarbeidd forslag til konkrete tiltak på bakgrunn av risikoområda. Fleire av desse er allereie gjennomførte. Nær alle dokument som er knytte til dei enkelte innsatsområda er vurderte og reviderte for å sikre at dei fremjar likestilling, mangfald og inkludering.

Samla vurdering av arbeidet med likestilling, likeverd og inkludering

Likestillings- og mangfaldsarbeid er ein integrert del av måten fylkeskommunen tenkjer og jobbar på. Det krev kontinuerleg arbeid og kompetanseheving over tid. Sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv gir Vestland fylkeskommune som arbeidsgjevar konkrete verktøy å arbeide med. Det har vore jobba godt med søknaden i 2023, fram mot sertifiseringa i våren 2024. Det er viktig å understreke at

sertifiseringa er ein milepæl, ikkje målet i seg sjølv. For å lukkast med dette viktige arbeidet, må heile organisasjonen dra i same retning og medverke til eit likestilt arbeidsliv.

Styring og kontroll

Samfunnssikkerheit og beredskap

Fylkeskommunen skal ha beredskap for å handtere uønskte hendingar og oppretthalde tenestene våre, med betydning for samfunnssikkerheit og for eiga drift.

Fylkesdirektøren er medlem av fylkesberedskapsrådet og har delteke aktivt på vegner av fylkeskommunen gjennom året. Fylkeskommunen deltek i regionale samordningsmøte i regi av Statsforvaltaren ved større hendingar, der fleire fagavdelingar er representerte.

Fagmiljøa for overordna oppgåver knytt til sikkerheit, beredskap, personvern og informasjonssikkerheit er samla i avdeling for IKT og digitalisering. Dei skal bidra til god samordning, gi råd og rettleiing til heile organisasjonen og fekk i 2023 tilført fleire ressursar innan beredskap og IKT-sikkerheit.

Temasider på intranett er blant tiltaka som vart gjennomførte i 2023, for å auke merksemda på og skape kultur for sikkerheit og beredskap i heile organisasjonen.

Overordna sikkerheit og beredskap

Overordna beredskapsplan er revidert i 2023, og arbeidet med å oppdatere beredskapsplanverket i organisasjonen er i gang. Vi har også starta ein prosess for å implementere felles krisestøtteverktøy for heile organisasjonen.

Vi har gjennomført beredskapsøvingar på og mellom fleire nivå i organisasjonen, frå toppleiargruppa til einingar. Tema har vore knytt til IKT-sikkerheit, ekstremvær og pågåande livstrugande vald (PLIVO). Fylkeskommunen har delteke i eksterne samvirkeøvingar i regi av Bergen kommune og Heimevernet.

2023 var det første året der fylkeskommunen hadde eigen teljesentral ved fylkestingsvalet. Det vart gjennomført eit stort tverrfagleg arbeid med ROS-analyse, risikoreduserande tiltak, beredskapsplan og rutinar for oppgåvene våre ved kontrollteljing.

IKT-sikkerheit

Satsinga på meir kompetanse innan beredskap og IKT-sikkerheit vil gjere fylkeskommunen i endå betre stand til å setje i verk grunnleggande sikkerheitstiltak.

Arbeidet med å få oversikt over informasjonssystem og verdiar i desse, personvernkvadreringar og ROS-analysar av porteføljen starta i 2023. Dette vil gi oss betre kontroll med infrastrukturen vår, betre evna vår til å oppdage feil og sårbarheiter og gjere oss i betre stand til å handtere hendingar.

Grunna endring i risikobiletet innførte vi frå 1. desember 2023 strengare krav til passord. I samband med Nasjonal sikkerhetsmånad i oktober lagde vi fleire intranettsaker og kampanjar om ulike dimensjonar ved datasikkerheit.

Personvern

Vestland fylkeskommune er lovpålagt å ha eige personvernombod. Alle avdelingar har i tillegg eigne personvernkoordinatorar som skal handtere aktuelle oppgåver og problemstillingar i dei ulike einingane i nært samarbeid med personvernombodet og personvernrådgevar.

Tabellen under syner oversikt over avvik innan informasjonssikkerheit og personvern for dei siste fire åra.

Oversikt avvik	2020	2021	2022	2023
Tal registrerte avvik, informasjonssikkerheit og personvern	24	29	26	49
Tal avvik melde til Datatilsynet, informasjonssikkerheit og personvern	13	7	6	17

Kontrollutvalet

Etter kommunelova § 23-1 skal kontrollutvalet føre kontroll med den fylkeskommunale forvaltinga på vegner av fylkestinget. Dette vert mellom anna gjort gjennom rekneskapsrevisjon, eigarskapskontrollar og forvaltingsrevisjonar.

Fylkestinget handsama i 2023 desse sakene etter innstilling frå kontrollutvalet:

- Overordna eigarskapskontroll i Vestland fylkeskommune
- Forvaltningsrevisjon innan styring og kontroll med investeringsprosjekt i Vestland fylkeskommune
- Forvaltningsrevisjon av satsing på digitalisering i Vestland fylkeskommune

Kontrollutvalet gav også uttale til årsrekneskapen for 2022 for Vestland fylkeskommune. Vidare følgde kontrollutvalet opp ei rekke tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar i løpet av året.

Varsling

Alle varsel går til det sentrale varslingsutvalet. Fire tilsette var medlemmar i utvalet i 2023, inkludert fylkeshovudverneombodet. Leiar for juridisk seksjon leiar det sentrale varslingsutvalet, og juridisk seksjon er sekretariat for utvalet. Det er etablert ei ressursgruppe med seks medarbeidarar frå HR og juridisk seksjon. Gruppa vert nytta i arbeidet med å greie ut aktuelle varslingsaker, for å sikre rettstryggleik og framdrift i sakene.

I 2023 fekk varslingsutvalet inn ni saker. Åtte av sakene dreidde seg om uforsvarleg arbeidsmiljø og ei sak om manglande medverknad ved omstilling.

Det er i 2023 gjennomført lynlæringskurs i varsling, etiske retningslinjer, habilitet og antikorrupsjon, mobbing, trakassering, diskriminering og rasisme. Det gjekk ut på e-post til alle medarbeidarane i fylkeskommunen hausten 2023. Dette var ei oppfølging av tilsvarande kurs hausten 2022, der 35 prosent gjennomførte kursrekka. Seinare på hausten 2023 fekk alle ei påminning på e-post, og leiarane fekk melding om kor stor del av medarbeidarane i eiga eining som hadde svart. Det var 7133 brukarar, og tal svar for dei sju leksjonane i kurset varierte frå 4771 til 3914. I underkant av 60 prosent av medarbeidarane fullførte heile opplæringa.

Etikk, habilitet og antikorrupsjon

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til høg etisk standard jf. kommunelova § 48 femte ledd. I samsvar med verdiane til fylkeskommunen skal tilsette alltid tenkje og opptre etisk, òg i situasjonar som ikkje er direkte nemnde i retningslinjene. Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt og opptre på etisk forsvarleg vis, slik at det ikkje skadar omdømet til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen er med i organisasjonen Transparency International Norge og nyttar verktøyet Antikorrupsjonshåndbok for kommuner. Handboka er publisert i det sentrale kvalitetsstyringssystemet til fylkeskommunen.

I 2023 har vi arbeidd med å få på plass eit felles system for gjennomføring av habilitetsvurderingar. Det skal sikre regelverksetterleving, lik praksis i fylkeskommunen og dokumentering av at habilitet er vurdert og rett handtert. Systemet inneber bruk av eit elektronisk skjema, med tilhøyrande informasjon og rettleiing. Det sikrar automatisk arkivering i sak- og arkivsystemet til fylkeskommunen. Skjemaet kan nyttast i heile administrasjonen, og av andre som utfører tenester eller arbeid for fylkeskommunen. Det er obligatorisk å bruke skjemaet innan tilskotsforvaltninga i fylkeskommunen, og elles der bruken er vurdert som føremålstenleg og proporsjonal.

I samband med konstituering av nytt fylkesting hausten 2023, vart det gjennomført felles opplæring i habilitetsreglar, etiske retningslinjer og reglement for å gi og ta imot gåver.

Sjå òg siste avsnitt under varsling om lynlæring på området. Det vil bli gjennomført ei ny slik opplæring hausten 2024.

Frå 2024 vil alle nytilsette bli inviterte til samling med fylkesdirektøren, direktørane for dei åtte avdelingane og HR-seksjonen. På nytilsettsamlingane vil organisasjonsutviklingsstrategien inkludert etikk vere tema. Alle nytilsette får ei leseliste i e-handboka, og fleire av dokumenta tek direkte og indirekte for seg etikk, til dømes Handbok for informasjonssikkerheit og personvern for Vestland fylkeskommune og Etske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune.

I 2024 vil vi også ha særleg merksemd på etiske aspekt ved bruk av kunstig intelligens i undervisning og forvaltning. Dette var mellom anna tema på den årlege samlinga fylkesdirektøren har for toppleiarane i fylkeskommunen i februar 2024.

Rapportering om internkontroll og statleg tilsyn

Med heimel i kommunelova § 25-2 vil fylkesdirektøren med dette rapportere til fylkestinget om internkontroll og statlege tilsyn.

Fylkestinget har vedteke reglement for folkevalde organ og delegering. Her er det regulert kva mynde som er delegert til dei einiskilde folkevalde organa, og kva mynde som er delegert til fylkesdirektøren. Dette omfattar også delegering etter særlov. Fylkestinget har på denne måten fastsett rammeverket for korleis fylkeskommunen skal etterleve lover og forskrifter.

Fylkesdirektøren har på si side utarbeidd ei administrativ fullmaktsmatrise som syner korleis mynde er delegert vidare i organisasjonen. Kvar avdeling har også eigne rutinar og instruksar for korleis mynde er delegert. Dette er dokumentert i kvalitetssystemet. Dei administrative fullmaktene vil bli reviderte i 2024.

Vidare overvaker fylkesdirektøren lovutviklinga, og ser til at endringar vert implementerte både i reglement vedtekne av fylkestinget og i den administrative fullmaktsmatrisa.

Sjølv om vedtaksoppfølging ikkje er nemnt i kommunelova § 25-1, har fylkesdirektøren i samsvar med kommunelova § 13-1 fjerde ledd, administrative rutinar for dette. Til dømes rapporterer fylkesdirektøren kvartalsvis til fylkestinget om oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak. Dersom det oppstår avvik har fylkeskommunen rutinar for korleis handtere og lukke dette.

Det overordna operative ansvaret for internkontroll vart organisatorisk lagt til seksjon for sikkerheit og støttetenester i avdeling for IKT og digitalisering frå 1. januar 2023. Fylkesdirektøren såg det som tenleg å kople arbeidet med internkontroll tettare opp mot risiko- og sårbarheitsanalysar og samfunnssikkerheit.

Statlege tilsyn

Vestland fylkeskommune har hatt ei rekke eksterne tilsyn i 2023. Mange av tilsyna er knytte til skuleanlegga, i form av lokale branntilsyn, eltilsyn, heistilsyn og anna. I 2023 har det vore statlege tilsyn og revisjonar/sertifiseringar i regi av Statsforvaltaren, Arbeidstilsynet, Mattilsynet og ulike sertifiseringsinstitusjonar opp mot drifta ved dei vidaregåande skulane.

Status for dei aktuelle tilsyna går fram her:

Eining: Voss gymnas

Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Vestland

År: 2022

Tema/rapportert avvik: Gratisprinsippet. Var for dårlege rutinar. Nye rutinar er utarbeida.

Status: Lukka

Eining: Voss vidaregåande skule

Tilsynsmynde: Mattilsynet

År: 2023

Tema/rapportert avvik: Kjøkenet ved kantina

Status: Det vart ikkje avdekka avvik

Eining: Produksjonsskulane Vestland

Tilsynsmynde: Mattilsynet

År: 2023

Tema/rapportert avvik: Rutinesjekk. To avvik i kafédrift

Status: Pågåande prosess

Eining: Åsane vidaregåande skule

Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Vestland

År: 2022

Tema/rapportert avvik: Tilsyn skulemiljø og internkontroll. Avdekka fleire avvik.

Status: Avvik lukka

Eining: Avdeling for infrastruktur og veg

Tilsynsmynde: Arbeidstilsynet

År: 2023

Tema/rapportert avvik: Om det var sett i verk tiltak som kan bidra til å førebygge arbeidsrelaterte skadar og sjukdommar. Fire pålegg.

Status: Avslutta

Eining: Avdeling for infrastruktur og veg

Tilsynsmynde: Arbeidstilsynet

År: 2023

Tema/rapportert avvik: Undersøkte forhold kring arbeidsulykke for å vurdere om det låg føre brot på gjeldande lov og regelverk. Tilsynet skulle bidra til å førebygge at liknande ulykker skjer igjen. Det var ikkje brot på regelverk.

Status: Avslutta

Eining: Avdeling for infrastruktur og veg

Tilsynsmynde: Mattilsynet

År: 2023

Tema/rapportert avvik: Rettleiing om bruk av plantevernmiddel.

Status: Ingen avvik. Avslutta

Eining: Avdeling for infrastruktur og veg

Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Vestland

År: 2023

Tema/rapportert avvik:

1. Avfallshandtering av brukt blåsesand
2. Tiltak for å redusere forureining frå sandblåsing av bruer
3. Internkontroll med vekt på risikovurdering, rutinar og avvikshandtering

Eit avvik og ein merknad

Status: Avslutta

Eining: Tannhelsetenesta

Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Vestland

År: 2022

Tema/rapportert avvik: Barnevern. Statsforvaltaren viste til at tenesta ikkje hadde oppfylt den lovpålagte meldeplikta til barnevernet, og at samhandling med kommunen ikkje var god nok. Det var heller ikkje etablert klare nok rutinar for samhandling og vurdering. Oppfølginga vart del av det kontinuerlege kvalitetsarbeidet i tenesta med implementering av rutinar.

Status: Avvik lukka

Eining: Årdal vidaregåande skule

Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Vestland

År: 2023

Tema/rapportert avvik: Spesialundervisning. Kommunelova § 30-4 om at fylkeskommunen skal sikre at skulen tilviser elevane til PPT snarast råd i dei tilfella opplæringslova krev det. Skulen har ikkje fått endeleg vedtak frå Statsforvaltaren

Status: Pågåande prosess

Eining: Skyss

Tilsynsmynde: Arbeidstilsynet

År: 2018

Tema/rapportert avvik: Tilsyn relatert til bussførarplassens arbeidsmiljø og tryggleik. Skyss har i følge Arbeidstilsynet eit ansvar som oppdragsgjevar, medan Nettbuss (no Vy) har arbeidsgjevaransvaret.

Status: Avvik lukka

Eining: Skyss

Tilsynsmynde: Statens vegvesen

År: 2021

Tema/rapportert avvik: Gjeld oppfølging av forskrift 25.2.16 nr. 193 om busspassasjerar sine rettar, § 5 vektertenesta ved Bergen busstasjon. Ber Skyss gjere greie for korleis dei vil sikre at personellet får spesifisert opplæring til å utføre assistanse til personar med nedsett funksjonsevne eller redusert mobilitet.

Status: Pågåande prosess

Eining: Skyss

Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Vestland

År: 2023

Tema/rapportert avvik: Temaet for tilsynet var reglane om skyss som følgje av nedsett funksjonsevne eller midlertidig skade eller sjukdom etter opplæringslova kapittel 7, jf. opplæringslova § 13-4 og internkontroll etter kommunelova § 25-1.

Status: Avvik lukka

Klima- og miljørekneskap

Hensikta med denne årlege rapporteringa er å vise klimagassutslepp frå Vestland fylkeskommune, og korleis vi jobbar med kontinuerlig forbetring som del av klima- og miljøleiinga.

I Utviklingsplan for Vestland heiter det at Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Vestland fylkeskommune følgjer opp regional plan for klima 2022–2035 med tilhøyrande årsplan. Klima- og miljøleiinga i organisasjonen inkluderer mellom anna arbeid med klima- og miljørekneskap, miljøkrav i offentlege innkjøp og klimabudsjett for tenesteområda. Fylkeskommunen har også starta arbeidet med å synleggjere naturkonsekvensane av budsjettvedtak.

Som verksemd er Vestland fylkeskommune sertifisert som Miljøfyrtårn og deltek aktivt i Klimapartnere Vestland. Totalt var 20 av 45 skular sertifiserte som Miljøfyrtårn ved utgangen av 2023. Vidare var 18 av 28 tannklinikkar (inkludert Tannhelsetenesta kompetansesenter Vestland) og hovudkontora til fylkesadministrasjonen sertifiserte som Miljøfyrtårn.

Klimarekneskapen

Klimarekneskapen er eit viktig verktøy i arbeidet med å identifisere kvar vi står i klimaarbeidet, og kva konkrete tiltak vi kan sette i verk for å redusere energiforbruk og tilhøyrande klimagassutslepp. Årleg rapportering bidreg til organisasjonen sitt arbeid med å måle utsleppa og evaluere seg sjølv over tid.

Vestland fylkeskommune nyttar eit estimat, basert på kostratal, for å vurdere klimafotavtrykket til den fylkeskommunale verksemda. Dette er estimat som Asplan Viak gjer basert på sine faglege vurderingar, i samsvar med GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol). GHG-protokollen er den mest brukte metoden verda over for å måle klimagassutslepp frå verksemdar og er delt inn i tre kategoriar:


- Scope 1 – direkte utslepp
- Scope 2 – indirekte utslepp fra energiforsyning
- Scope 3 – indirekte utslepp knytt til kjøp av varer og tenester

Dei største klimagassutsleppa frå fylkeskommunen i 2022*

Klimafotavtrykket viser klimagassutsleppa fordelt på tenesteområde, og synleggjer kvar fylkeskommunen særleg kan påverke klimagassutslepp gjennom offentleg innkjøpsmakt, i tillegg til dei direkte utsleppa som kjem frå drift av fylkeskommunen.

* Siste tilgjengelege tal per februar 2024 er for 2022 (figur 1), og syner at dei største utsleppa kjem frå

1. innkjøp av tenester til hurtigbåttransport
2. klimafotavtrykket frå entreprenørtjenester innkjøpt til å drifte og investere i fylkesvegar
3. klimafotavtrykket som er estimert for bygg og drift av vidaregåande skule
4. klimafotavtrykk frå kollektivtransport/buss (bilruter)



Figur 1: Klimafotavtrykk for Vestland fylkeskommune 2022. Tal for 2023 kjem i mars 2024. Kjelde: Asplan Viak

Nøkkeltal for 2023

Rapporteringa i 2023 inkluderer data for den fylkeskommunale kollektivtransporten, fylkeskommunale bygg- og anleggsprosjekt og frå eiga drift av verksemda (energibruk og tenestereiser).

I tillegg jobbar fylkeskommunen med å kartlegge og få inn data frå fleire kjelder. I 2023 har vi starta eit arbeid med å synleggjere drivstoff-forbruk og avfallshandtering frå fylkesvegarbeid (kontraktar) og frå transport i leveransar av produkt og tenester til fylkeskommunen.

Energi og klimagassutslepp frå kollektivtransporten

Ein stor del av klimagassutsleppa i Vestland har kome og kjem frå energibruk i transportsektoren. Å gå over til nullutsleppsdrift i kollektivtransporten, og mobilitetssystemet elles, er difor eit naudsynt bidrag for å nå både regionale og nasjonale klimamål.

[Heile årsrapporten til Skyss for 2023 kan du lese på nettsida til Skyss.](#)


Skyss har ei målsetting om å basere alle transportmiddel i mobilitetssystemet vårt på nullutsleppsteknologi. Dei siste åra har det skjedd større utskiftingar av køyretøy og fartøy som køyrer for Skyss, og per 2023 er status at

- alle bybanevognene går på straum
- 22 av 28 ferjer er no hybridfartøy med hovudsakleg elektrisk framdrift
- gassbussar og elektriske bussar drivne på fornybar energi utgjer til saman 20 prosent av bussane i fylket
- alle båtar blir per i dag drifta på konvensjonelt drivstoff

Utvikling i klimagassutsleppa frå kollektivtransporten 2019–2023

I 2023 hadde den fylkeskommunale kollektivtransporten eit samla klimagassutslepp på om lag 102 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Det er ti prosent meir enn året før.

Ser vi på utviklinga over fleire år, har CO₂-utsleppet frå fylkeskommunal kollektivtransport gått markant nedover frå 157 000 tonn i 2019. Auken dei siste to åra heng mellom anna saman med utfasinga av biodrivstoff i bussdrifta.



Figur 2: Fordeling av årlege klimagassutslepp etter transportmiddel 2019–2023.

Ferjedrifta

- Også i 2023 bidrog dei store investeringane som er gjort i elektriske ferjer, til ytterlegare reduksjon av drivstoff-forbruk og utslepp. Dei nye kontraktane for ferjesambanda i Hordaland starta i 2018–2020. I Hordaland har vi kutta heile 86 prosent av klimagassutsleppet frå ferje mellom 2016 og 2022.

Buss og bybane

- I sum har vi med elektrifisering, biogass og omsettingskravet kutta klimagassutsleppet frå buss i Vestland med om lag 30 prosent frå 2018 til 2023.
- Klimagassutsleppet frå buss har gått ned dei siste åra, men gjekk opp i 2023. Utviklinga heng saman med at det vart innført biodrivstoff i konvensjonelle dieslbussar i fleire kontraktar frå 2019, men dette tiltaket er no reversert etter tilråding frå Miljødirektoratet. Direktoratet har vurdert at 100 prosent biodrivstoff ikkje førte til utsleppskutt utover omsetningskravet. Like fullt peiker Miljødirektoratet på at det nasjonale omsetningskravet til biodrivstoff i vegtrafikken gjev faktiske utsleppskutt, og at minst 15,5 prosent av drivstoffet i bussdrifta kjem frå fornybare kjelder. I tillegg nytta ikkje gassbussane i Bergen nord berre biogass i 2023, men

også naturgass, på grunn av utfordringar i biogassverdikjeda. Dette førte til høgare klimagassutslepp frå gassbussane.

- Vi kjøper inn straum med opphavsgarantiar til elektriske bussar og bybane. Bybanen står for kvar fjerde reise med buss og bane, og har likevel svært låge utslepp frå driftsfasen. Generelt har kollektivreiser eit lågare avtrykk enn reiser med private køyretøy, fordi ressursutnyttinga er betre.

Hurtigbåt

- For båtdrifta blei det ikkje sett i verk utsleppsreducerande tiltak i 2023. Klimagassutsleppa er tilnærma like som i 2022.

Pågåande arbeid og prognose


Det er gjort politiske vedtak om tiltak som vil redusere klimagassutsleppa frå båt- og bussdrifta i løpet av dei neste åra, gjennom krav til nullutslepp i nye anbod (tabell 2).

Forventa utsleppskutt frå desse vedtekne tiltaka er om lag 27 000 tonn CO₂-ekvivalentar per år ved at

- om lag 30 prosent av båtane i kollektivtransporten i Vestland vil bruke straum eller tilsvarande som hovudenergiberar innan 2027
- om lag 30 prosent av bussane vil nytte straum eller biogass innan 2025
- vi arbeider med å greie ut nye tiltak for dei resterande klimagassutsleppa. Dagens kontraktar for ferje i Sogn og Fjordane, båtkontraktane i Hordaland og fleire busskontraktar i distrikt skal i hovudsak alle fornyast innan 2029

Tabell 1: Politisk vedtekne krav til nullutslepp innan fylkeskommunal kollektivtrafikk (Skyss)

Rute	Oppstart	Utsleppskutt
Lokale båtruter i Sogn og Fjordane	frå mai 2024	2 400 tonn CO ₂
Båtrutene til Askøy og Nordhordland	frå januar 2025	2 700 tonn CO ₂
Båtrutene mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm	frå 2026	17 000 tonn CO ₂
Busskontraktar Hardanger/Voss, Modalen/Vaksdal og Nordfjord	frå juni 2025	4 600 tonn CO ₂



Figur 3: Pågående arbeid og prognose: Vedtekne politiske vedtak gir eit estimert kutt i klimagassutsleppet frå kollektivtransport på 22 prosent i 2027/2028 i høve 2023.

Klimagassutslepp frå fylkeskommunale bygg- og anleggsprosjekt

Med lågare utslepp frå kollektivtenestene, vil vesentlege bidrag for klimakutt liggje i å redusere klimabelastning frå veg- og anleggsaktivitet.

Fylkeskommunen ved avdeling for infrastruktur og veg har sett i verk fleire tiltak med mål om å redusere klimagassutslepp og sette strengare klimakrav i anskaffingar for fylkesvegane. Dette omfattar mellom anna krav om berekraftssertifisering av alle utbyggingsprosjekt over 200 millionar, krav om innlevering av klimagassbudsjett- og rekneskap og betre drivstoffrapportering. Fylkeskommunen har òg skjerpa klima- og miljøkrava ved utlysing av tre nye driftskontrakter og følgjer opp skjerpinga i anskaffingsregelverket når det gjeld klima- og miljøomsyn.

Avdeling for eigedom og utbygging prosjekterer og bygger alle større nybygg i samsvar med BREEAM Excellent og følgjer opp vedtak i fylkestinget om at nye prosjekt innan bygg skal ha krav til maksimalt utslepp av CO2-ekvivalentar. Krava skal gradvis bli strengare slik at vi når vedtekte mål om nullutslepp i 2030.

Klimagassutslepp frå fylkeskommunal verksemd

Utsleppa frå eiga drift handlar om mobil og stasjonær energibruk og inkluderer rapportering av køyring med tenestebil, køyring med eigen bil i teneste, flyreiser, bruk av båt i opplæring og energibruk i bygg.

Auken på 15 prosent frå 2022 (figur 7) kan delvis forklarast med betre rapportering frå fleire tenestekøyrer og frå fleire båtar i vidaregåande opplæring.

Klimagassutslepp frå oppvarming kjem frå bruk av fjernvarme, biomasse og gass (LPG). Flisfyring gir varme til tre vidaregåande skular. Bioolje blir brukt til vedlikehaldskøyting av brennarar. To skular nyttar gass til oppvarming.

Tabell 2: Tonn CO₂-utslepp frå eiga drift og energibruk i fylkeskommunale bygg

(Tonn CO ₂)	2020	2021	2022	2023	Endring 2022–2023
VLFK-køretøy	917*	1084	1100	1227	12 %
Km-godtgjersle	326	308	370	370**	0 %
Flyreiser	145	152	590	709	20 %
Fjernvarme og fjernkjøling	286	382	370	437,2	18 %
Biomasse til oppvarming	51	47	38	95,7***	152 %
Bio-olje	3	48	6,7	1,2	-82 %
Gass (LPG)	99	80	25,5	44,9	76 %
Totalsum	1827	2101	2500	2885	15 %


* Utslepp frå bruk av leigebil er ikkje medrekna i VLFK-køretøy i 2020. I 2023 tilsvara dette 33 tonn CO₂.

** Km-godtgjersle er ikkje rapportert for 2023, men sett lik som i 2022.

*** Auken i utslepp frå biomasse skyldast revidert utsleppsfaktor.

Omstilling av køretøyparken

- Vestland fylkeskommune disponerte 649 motorvogner ved årsskiftet 2023/2024.
- Stadig fleire køretøy har leasingkontraktar.
- 15 dieseldrivne personbilar og 2 dieseldrivne varebilar vart anskaffa i 2023.
- 35 prosent av person- og varebilane er elektriske (34 prosent i 2022).
- Talet på elektriske varebilar gjekk opp frå 10 til 19 (2022–2023). Delen er no oppe i 16 prosent.
- Dei elektriske bilane høyrer i hovudsak til opplæringssektoren. Blant arbeidsmaskinene er det mellom anna 14 elektriske gaffeltruckar.



Figur 4: Fordeling av motorvogner i Vestland fylkeskommune i 2023.

Flyreiser

Det er flydd 5 857 201 km for Vestland fylkeskommune i 2023. Det inkluderer reiser for politikarar, tilsette og elevar. Klimagassutsleppet for desse reisene blir oppgitt av reisebyrået til å vere 709 tonn CO₂-ekvivalentar, og det er 20 prosent opp frå fjoråret. Ei samanlikning med pandemiåret 2020 viser sjølvsagt mykje større auke.

Tabell 3: Fordelinga mellom ulike reisemål er stabil frå 2022 til 2023:

Reisemål	Tal reiser		Del
Europa	2231		22 %
Innland	7028		69 %
Interkontinental	88		1 %
Norden	806		8 %

Energibruk

- Vestland fylkeskommune kjøpte 101 628 483 kWh (102 GWh) elektrisitet frå Wattn i 2023. I tillegg vart det produsert 526 000 kWh elektrisitet med solceller på fylkeskommunale bygg.
- Innkjøpt elektrisitet blir i tillegg til vanleg forbruk også brukt til å drive varmepumper. Slik produserer fylkeskommunen energi med mindre innsats innkjøpt elektrisitet.
- Fylkeskommunen kjøper også energi frå nærvarmeanlegg med flisfyring/biomasse eller fjernvarme. Ved nokre vidaregåande skular og kollektivanlegg er det brukt litt gass og olje der elektrisk energi ikkje kan dekke oppvarmingsbehovet aleine på dei kaldaste dagane.
- Vegsektoren og kollektivanlegga brukar om lag halvparten av den innkjøpte elektrisiteten. Fylkesvegane treng straum mellom anna til veglys, tunellar, trafikklys, bruer og kaianlegg. Veglys står for 27 GWh, og oppgradering til LED vil gi årleg energisparing på 67 prosent dei neste fem åra.

Eigenprodusert energi

I 2023 har fylkeskommunen produsert 525 000 kWh med solenergi. Alle solcelleanlegga til Vestland fylkeskommune er komne sidan 2018. I 2023 vart det opna tre nye solcelleanlegg, på Askøy, i Førde, og i Vestlandshuset.

Tabell 4: Energi frå solcelleanlegg

Bygg med solcelleanlegg	Areal solceller kvm	Produksjon kWh	Selt solenergi, kWh
Arna vgs.	660	75528	-39 141
Åsane vgs.	487	69890	-88
Vestlandshuset	650	61947	
ViteMeir	453	47333	
Askøy vgs.	766	92700	
Førde vgs.	872	99826	
Sogn jord- og hagebruksskule	336	38500	
Førde vgs., avd. Mo	350	40000	
SUM	4574	525724	

Energibruk i vidaregåande skule

Vidaregåande skular bruker elektrisitet til utstyr, belysning, oppvarming, varmepumper m.m.

Fylkeskommunen reduserer bruk av direkteverkande elektrisitet til oppvarming og reduserer tilført elektrisk kraft ved å investere i solceller og varmepumper, i tillegg til optimalisering av drifta. Dei nyaste geobrønnane er på ViteMeir på Kaupanger. Denne har ein energifaktor (COP) på 3,3 i snitt etter han vart sett i drift. 15 vidaregåande skular er førte opp med fjernvarme i 2023.

Tabell 5: Energibruk i vidaregåande skular

Energikjelde	2023	
	kWh	tonn CO2
Innkjøpt elektrisitet	40848873,9	1919,9
Bio-olje til fyring	4759	1,2
Gass	138534,06	44,9
Fjernvarme	11106439	328,8
Nærværme	1283226,2	100,1
Fjernkjøling	204253	8,4
Biomasse/pellets/flisfyring	2586030	95,7
Solenergi (utan Vestlandshuset)	424 548	
Sum energibruk i vidaregåande skule	56172115,2	2498,9

Energieffektivisering

Vestland fylkeskommune har mål om tre prosent årleg reduksjon i tilført elektrisitet for 2021–2024. Utviklinga som er vist i tabell 6 skuldast fleire ting, til dømes bruk av varmepumper, rehabilitering inkl. isolering og skifte av vindauge, nybygg, optimalisert drift og fleire solceller.

Tabell 6: Utvikling i tilført elektrisitet (graddagskorrigert) pr. kvm til vidaregåande skular

	2021	2022	2023
Tilført elektrisitet pr. kvadratmeter	130,41	123,34	119,92
Årleg endring		-5 %	-2,77%

Miljøkrav i innkjøp og sirkulære verdikjeder

Vestland fylkeskommune følgjer opp [strategi 2.3. i utviklingsplanen](#) om å nytte offentlege anskaffingar som verktøy for å nå klima- og miljømåla og har innkjøpsrutinar som sikrar at måla for klima, miljø og arbeidsmiljø blir ivareteke i konkurransegjennomføring.

Drifta til fylkeskommunen skal medverke til avfallsreduksjon, gjenbruk av produkt, materialgjenvinning, gjenbruk av råmateriale og forsvarleg handtering av avfall. Kjeldesortering av avfallet er sett i system.

Eit ledd i arbeidet er å samle inn data frå leverandørar for å få betre oversikt over korleis vi kan minimere klima- og miljøbelastning frå forbruket vårt. Dette er eit område under utvikling.

Følgjande er rapportert for 2023

Drivstoffbruk knytt til fylkesvegoppdrag

- Avdeling for infrastruktur og veg rapporterer at det vart brukt 707 956 liter diesel som drivstoff på driftskontraktane deira i 2023. Dette tilsvarar eit CO₂-utslepp på 1565 tonn CO₂. Alle driftskontraktane er inkluderte, og rapporteringa er 80 til 90 prosent riktig.
- I drift- og vedlikehaldsstrategien for fylkesvegnettet (Vestland fylkeskommune, 2021a, s.17) er drift definert slik: Drift er tiltak som frå dag til dag gjer at vegane kan dekke sin funksjon. Med drift av vegnettet meiner ein alle oppgåver og rutinar som er nødvendige for at vegnettet og vegutstyret skal fungere som planlagt. Dette er aktivitetar som brøyting, strøing med salt og sand, vask og reingjering, oppretting av skilt, stell av grøntareal, trafikkstyring, trafikantinformasjon osv. Driftstiltaka skal sikre dagleg trygg og god framkomst.

Drivstoffbruk knytt til andre leveransar

- Det blir i aukande grad bedt om data for drivstoff brukt på transportdelen av relevante leveransar til fylkeskommunen. Avfallshenting, flyttetenester og levering av matvarer førte i 2023 til utslepp av 60 tonn CO₂.
- Renovasjonsselskapet BIR bruker rutegåande elektrisk komprimatorbil i Bergen og medverkar slik til å redusere klimagassutsleppa.

Miljøsertifiserte leverandørar

- 68 prosent av leverandørane som Vestland fylkeskommune kjøper varer og tenester frå, avgrensa til alle kjøp over to millionar, har eit sertifisert miljøleingsystem. Tilsvarande stod leverandørar med miljøsertifisering for 50 prosent av anskaffingane i 2021, og 52 prosent i 2022.

Avfall knytt til fylkeskommunale anskaffingar (vegutbygging og drift)

- Innsamling av miljødata knytt til anleggskontraktar på drift og utbygging er under utvikling i Vestland fylkeskommune.
- For 2023 blir det som ein pilot rapportert avfallstal frå 19 prosjekt knytt til avdeling for infrastruktur og veg. Dette er mykje større avfallsmengder enn det som kjem frå den eigne drifta til fylkeskommunen, inkludert dei vidaregåande skulane. Kjeldesorteringa ser her ut til å vere gjennomsnittleg på 65 prosent.

Avfall frå fylkeskommunal drift

- Det er registrert 1621,4 tonn avfall frå Vestland fylkeskommune i 2023, ned ti prosent frå 2022
- Kjeldesorteringsgraden var på 44,2 prosent, opp frå 41,2 prosent i 2022
- Det vart sortert ut 71,8 tonn matavfall i 2023 mot 84,2 i 2022. Matavfallet kom hovudsakleg frå dei vidaregåande skulane
- Den totale mengda utsortert plast er på same nivå i 2023 som i 2020, litt i overkant av 15 tonn. Men innanfor denne totalen er det stor variasjon. Til dømes var plastavfall frå vidaregåande skular med landbruk eller havbruk-/fiskerifag uvanleg lågt i 2022 slik at det blir 105 prosent auke frå 2022 til 2023, medan utviklinga er 6 prosent reduksjon frå 2020 til 2023. Dette avfallet er landbruksplast, fiskereiskap, tau og trosser.

Ombruk av elektronisk utstyr

- IKT-seksjonen har i 2023 selt tilbake 3675 einingar via avtalepartnaren for gjenbruksutstyr, Foxway. 1547 av desse einingane er allereie tatt i gjenbruk eller klargjort for gjenbruk, og 2128 einingar er resirkulerte. Dette inneber at IKT-seksjonen har spart 419 tonn CO₂.
- Utstyr som vert selt tilbake er utrangerte PC-ar, serverar, skrivarar, nettverksutstyr, skjermar, mobiltelefonar, AV-utstyr og anna IKT-utstyr. Foxway har også ansvar for sikker sletting av data, handtering av avfall og å setje saman produkt for å gjere dei fungerande igjen før vidare sal. Overskotet av salet går tilbake til Vestland fylkeskommune.

Vi utviklar Vestland

Utviklingsplanen

Utviklingsplanen er den regionale planstrategien for Vestland. Utviklingsplan 2020–2024 var den første planstrategien til Vestland fylke. Det er mange gode døme på at utviklingsplanen og dei regionale planane bidreg til å gjere samfunnsutviklinga i Vestland berekraftig og nytenkande. I 2023 har planinnsatsen gjennom ei rekke regionale planar halde fram. Dette set tydeleg strategisk retning for samfunnsutviklinga, bidreg til å mobilisere ulike samfunnsaktørar og samordnar den offentlege innsatsen.

Gjennom året er oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for neste utviklingsplan prioritert høgt. Det nye kunnskapsgrunnlaget som var ferdig hausten 2023, syner utviklinga på viktige samfunnsområde og løftar fram hovudutfordringar og moglegheiter for Vestland framover. Det gjev òg ein peikepinn om behova for planlegging.

Oppdatert kunnskapsgrunnlag for utviklingsplan 2024–2028

Kunnskapsgrunnlaget er oppdatert, tilpassa til rådande og framtidige føresetnader og vidareutvikla metodisk. Nye arbeidsmåtar har bidratt til at endå fleire blir aktivt inkluderte i arbeidet med å setje strategisk retning for samfunnsutviklinga i Vestland.

Grunnlaget er utvikla gjennom ein tett samskapingsprosess. Eit døme på nye samskapingsmetodar er bruk av strategisk framsyn der det vart utvikla scenario for Vestland 2040. Arbeidet har bidrege til eit heilskapleg og samansett bilete av utfordringane i Vestland, sett frå mange ulike perspektiv. Det har også styrka samarbeidet internt i organisasjonen og med stat, kommune og vestlandssamfunnet elles.

Brei deltaking har sikra at vi har fanga opp nyansar og variasjonar i utfordringsbiletet. Det er til hjelp i arbeidet med å omsetje berekraftsmåla til den lokale verkelegheita vår og for å styrke det regionale demokratiet. Deltakarane har hatt med seg mangfaldet i vestlandsamfunnet på tvers av geografisk, kulturell og etnisk tilhøyrslø, alder, kjønn og bu-tid i Norge. Politikarar, administrasjon, næringsliv, frivilligheit, organisasjonar, stat og kommune har delteke på like fot.

Brei samproduksjon av kunnskap kan bidra til at dei ulike samfunnsaktørane vil delta tettare på gjennomføringsfasen. Arbeidet legg vekt på å syne viktige synergjar og interessekonfliktar mellom ulike plantema og berekraftsmål.

Kunnskapsgrunnlaget er formidla på nettsida til fylkeskommunen og inneheld desse delane:

- Utfordringsrapport for utviklingsplanen for Vestland 2024–28. Regional planstrategi
- Folkehelseoversikt 2023–2027
- Vestland fylke og regionane – nokre eigenskapar og utviklingstrekk

- Metoderapport med spørjeundersøking og djuptgåande intervju
- NIBR: Rapport over metodar og djuptgåande intervju: Perspektiv, metodar og analysar i ein samproduksjonsprosess i Vestland fylke
- Regionale planar i Vestland
- Vestland 2040-scenarion
- Kunnskapsgrunnlag til ny regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn


Kunnskapsgrunnlaget peiker på seks utfordringsområde for dei neste åra:

- regional, by- og bygdeutvikling
- klima og energi
- livskvalitet og like moglegheiter
- naturmangfald og areal
- verdiskaping og kompetanse
- samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon

Innan kvar av desse finst det delutfordringar. Illustrasjonen under viser dei tette samanhengane mellom ulike delar av utfordringsbiletet. Samarbeid, kunnskap og innovasjon er både ei hovudutfordring og den viktigaste nøkkelen til løysingane.



Berekraftsarbeid



Vestland fylkeskommune nyttar «bryllaupskake-modellen» frå Stockholm Resilience Centre som berekraftsmodell. Her er berekraftsdimensjonane hierarkisk ordna. Det illustrerer korleis berekraftig utvikling for dei økonomiske og sosiale dimensjonane er innanfor den miljømessige dimensjonen, biosfæren (tolegrensa til planeten), av berekraft. I den modellen Vestland nyttar er det berande prinsippet at ingen skal utelatast for å få til ønska utvikling.

Mål 17 samarbeid for å nå måla har ei særlege rolle. I 2030-agendaen til FN for berekraftig utvikling er det lagt fram at enkeltmål ikkje skal oppfyllest på kostnad av andre mål og område. Måla må løysast parallelt gjennom samarbeid og heilskapleg arbeid.

I 2023 har vi i hovudsak arbeidd med berekraft etter same prinsipp som tidlegare år, innanfor spissa sektoroppgåver i ein skilde avdelingar og politikkområde. Det kjem til uttrykk gjennom prosjekt, planprosessar, sakshandsaming, tiltaksutforming og økonomisk støtte til prosjekt og tiltak. I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for den nye utviklingsplanen var berekraft eit strukturerande, gjennomgåande tema. Interessemotsetnader mellom berekraftsmål er ein del av grunnlaget for å definere hovudutfordringane. Gjennom 2023 har vi arbeidd med å lage ei oversikt over korleis organisasjonen arbeidar med berekraft, og kva som er status for berekraftsarbeidet. Dette er samla i ein eigen rapport, som identifiserer tiltak for å styrke og systematisere berekraftsarbeidet i fylkeskommunen.

Berekraftsnettverket til KS

Våren 2023 vart fylkeskommunen medlem av berekraftsnettverket til KS. Hausten 2023 fekk vi ein representant i styringsgruppa for nettverket (avdelingsdirektør for næring, plan og innovasjon). Fylkeskommunen deltek i arbeidet gjennom medlemsmøte, berekraftsfredag (webinar) og fysiske

samlingar. Erfaringa så langt er at deltakinga i nettverket er nyttig for å få innsikt, hente inspirasjon og ha dialog og diskusjon rundt utfordringar og gode eksempel. Handlingsplan for arbeidet i KS-nettverket dei neste to åra vart vedteken mot slutten av 2023.

Regional planlegging – nytt planverk

Politisk behandling i 2023

- Regional plan for fornybar energi 2023–2035: vedteken i fylkestinget i desember
- Regional plan Ottadalsområdet. Handlingsprogram: vedteke i fylkestinget i desember
- Utviklingsplan Vestland Regional planstrategi 2024-2028: oppstartsvedtak i fylkestinget i november
- Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn: fylkesutvalet vedtok nytt kunnskapsgrunnlag hausten 2023
- Regional plan for kultur. Kultur bygger samfunn: vedteken i fylkestinget i mars

Oppstartsvedtak utviklingsplan 2024–2028

Fylkestinget vedtok oppstart av regional planstrategi, utviklingsplan 2024–2028 1. november 2023. Arbeidet er organisert som eit prosjekt og har teke i bruk prosjektstyringsverktøyet fylkeskommunen nyttar. Arbeidet skal gå fram til vedtak av ny utviklingsplan i fylkestinget i desember 2024.

Fylkestingsvedtaket om oppstart gir viktige signal for arbeidet med ny utviklingsplan. Stikkord er at vi skal leggje alle berekraftsmåla til grunn for arbeidet og nytte berekraftstilnæringa frå arbeidet med kunnskapsgrunnlaget. Beredskap og auka deltaking i arbeids- og samfunnsliv skal vere gjennomgripande tema. Fylkestinget legg også opp til ei vurdering for å forenkle plansystemet, for å skape betre samanheng og styring.

Som grunnlag for revisjon av utviklingsplanen blei det i desember 2023 utvikla ein GAP-analyse der ulike overordna rammer blei vurderte opp mot gjeldande utviklingsplan. Ein GAP-analyse ser på avstanden mellom forventningar og opplevde eller oppnådde resultat. Dette er blant fleire nye nasjonale forventningar til fylkeskommunal og kommunal planlegging for åra 2023–2027, nye lovverk og avtaleverk som naturavtalen og nasjonal jordvernstrategi.

Ein viktig del av oppfølginga av utviklingsplanen og berekraftsarbeidet skjer gjennom regional planlegging. Planane er styringsdokument både for verksemda til fylkeskommunen, men òg for regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

Planleggingsaktiviteten i 2023 har vore lågare enn året før. Det heng saman med at mange planar for denne planperioden blei vedtekne i 2022, og det vert for tida arbeidd med handlingsprogram. Den einskilte avdeling rapporterer på arbeidet med eigne handlingsprogram. Eit unntak er handlingsprogram knytt til villreinforvalting som er eit samarbeid på tvers av fleire fylke. Under er gitt ei kort omtale av planarbeid/planar vedtekne i 2023.

Regional plan for kultur 2023–2035

I arbeidet med Regional plan for kultur 2023–2035. Kultur bygger samfunn var det brei medverknad i planarbeidet. Her deltok representantar frå kommunar, frivillig sektor, forskingsmiljø, kulturorganisasjonar og -institusjonar i Vestland. Planen syner korleis kulturfeltet bidrar i samfunnsutviklinga og har fire satsingsområde:

1. Vestland ein leiande region
2. Deltaking, demokrati og mangfald
3. Verdiskaping
4. Kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.

Det er definert mål, delmål og strategiar for kvart av desse.

Fylkestinget vedtok det tilhøyrande handlingsprogrammet for 2023–2026 i mai 2023. I dette er det konkretisert korleis vi saman skal jobbe framover slik av vi kan nå hovudmålet i planen om at alle i Vestland skal kunne delta, oppleve og skape. Berekraft er grunnleggjande og eit gjennomgåande tema. Kulturlivet i Vestland skal vere pådrivar for særleg sosial og miljømessig, men også økonomisk berekraft.

Regional plan for fornybar energi 2023–2035

Regional plan for fornybar energi skal vere eit av grunnlaga for klimaomstillinga av Vestland fylke. Planen set både mål og retningslinjer for ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi i fylket.

Den regionale planen har to prioriterte plantema:

- auka produksjon frå fornybare energikjelder
- robust kraftforsyning i Vestland

Planen har også tre deltema:

- energiberarar (som batteri og hydrogen)
- utdanning, forskning og innovasjon innan fornybare energikjelder
- kjernekraft

Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn 2023–2035

Planprogrammet til den regionale planen vart vedteke i oktober 2022, og kunnskapsgrunnlaget vart vedteke i oktober 2023. I juni 2023 vedtok fylkesutvalet å setje arbeidet med eigen regional plan for senterstruktur og lokalsamfunn på vent i påvente av arbeidet med utviklingsplanen.

Planen skal vere ein langsiktig plan for utvikling av senterstruktur og regionsenter i Vestland. Berekraft som tema er gjennomgåande, i tillegg til desse seks plantemaa:

- senterstruktur
- utbyggingsmønster og arealbruk
- lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod
- kvalitet i omgjevnadane
- bustadpolitikk
- barn og ungdom – trivsel og tilhøyrsl

Planen skal synleggjere korleis vi skal jobbe for å utvikle byane, stadane og lokalsamfunna våre i eit langsiktig perspektiv. Det handlar om korleis vi skal gjere det på ein måte som skaper føresetnader for eit godt tenestetilbod, gode bumiljø, næring og å leve gode liv i heile fylket.

Berekraftsmål 11 berekraftige byar og lokalsamfunn er særleg viktig her. I vedtaket til fylkesutvalet blei det bestemt at vidare arbeid med regional plan skulle setjast på vent, men at kunnskapsgrunnlaget skulle brukast som grunnlag til utviklingsplanen, og at eventuelt ny, regional senterplan skal utarbeidast i samsvar med denne.

Regional plan for Ottadalsområdet 2016–2026

Det regionale plansamarbeidet for Ottadalsområdet har ikkje hatt eit sterkt søkjelys i fylka som inngår i samarbeidet. I 2022 vart det oppretta eit sekretariat, med administrativ deltaking frå alle tre fylka. Ansvar for å leie sekretariatet er lagt til Innlandet fylkeskommune, med støtte frå Vestland og Møre og Romsdal. Det er også etablert ei administrativ arbeidsgruppe bestående av representantar frå kommunar, statsforvaltarar, villreinsenter nord, og villreinnemnd- og utval, i tillegg til verneområdeforvaltarar.

I 2023 har sekretariatet og administrativ arbeidsgruppe konkretisert og rullert handlingsprogrammet for planen. Nytt og oppdatert handlingsprogram blei vedteke i fylkestinget i Vestland i desember 2023.

Folkehelsearbeid

Folkehelsearbeidet i Vestland bygger på eit vitskapeleg fundament. Med eit godt kunnskapsgrunnlag og utstrekt samarbeid med ulike kompetansemiljø har vi eit oversiktsbilete på korleis vestlendingen har det. Folkehelseoversikt for Vestland 2023–2027 nyttar nasjonal, regional og lokal kunnskap for å identifisere folkehelseutfordringane våre:

1. sosial ulikskap i helse
2. demografiske endringar
3. psykisk helse og livskvalitet
4. klimaendringar

Folkehelseoversikta er del av kunnskapsgrunnlaget til ny utviklingsplan.

Handlingsprogram til Regional plan for folkehelse 2022–2025 er eit strategisk verktøy for folkehelsearbeidet. Gjennom om lag 40 tiltak samarbeider vi med kommunar, frivillige organisasjonar, statlege aktørar og kompetansemiljø. Folkehelsearbeidet er også forankra i andre regionale planar. I regional plan for klima 2023–2035 er klimarettferd og folkehelse eit plantema. Det betyr at vi skal vurdere sosiale konsekvensar av tiltaka våre, involvere vestlendingar når vi utviklar klimatiltak og skaffe meir kunnskap om klimarettferd og helsekonsekvensar. Klimaendringane er den største helsekrise i vår tid, og gode tiltak for klima er bra for helsa og omvendt. Regional plan for kultur 2023–2035 viser at kultur, bibliotek, friluftsliv, idrett og frivilligheita er viktige samarbeidsarenaer i folkehelsearbeidet.

Politisk organisering

Fylkestinget i Vestland 2019–2023

- Arbeiderpartiet (A): 14 representantar
- Høgre (H): 12 representantar
- Senterpartiet (Sp): 10 representantar
- Framstegspartiet (Frp): 6 representantar
- Miljøpartiet Dei Grøne (MDG): 5 representantar
- Sosialistisk Venstreparti (SV): 4 representantar
- Uavhengige (UA): 4 representantar
- Kristeleg Folkeparti (KrF): 3 representantar
- Folkets Parti FNB: 2 representantar
- Venstre (V): 2 representantar
- Raudt (R): 2 representantar
- Pensjonistpartiet (PP): 1 representant

Fylkestinget i Vestland 2023–2027

- Arbeiderpartiet (A): 12 representantar
- Høgre (H): 15 representantar
- Senterpartiet (Sp): 7 representantar
- Framstegspartiet (Frp): 9 representantar
- Miljøpartiet Dei Grøne (MDG): 3 representantar
- Sosialistisk Venstreparti (SV): 5 representantar
- Industri- og næringspartiet (INP): 4 representantar
- Kristeleg Folkeparti (KrF): 3 representantar
- Venstre (V): 3 representantar
- Raudt (R): 2 representantar
- Pensjonistpartiet (PP): 1 representant
- Bergenslisten: 1 representant

Fylkestingsvalet 2023

Ved fylkestingsvalet måndag 11. september 2023 vart 65 kandidatar valde inn i fylkestinget i Vestland. Det nye fylkestinget konstituerte seg 17. oktober. Arbeiderpartiet, Senterpartiet, SV, KrF, Venstre og MDG vart einige om ein politisk samarbeidsavtale for 2023–2027, og Jon Askeland (Sp) heldt fram som fylkesordførar.

I det nye Vestland fylkesting er det 65 representantar. Valresultatet viser dette:

- Høgre vart største parti med 22,8 prosent og fekk 15 mandat. Det er ein auke på 4,8 prosentpoeng.
- Arbeidarpartiet vart det nest største partiet med 17,8 prosent av stemmene og 12 mandat. Det utgjør ein tilbakegang på 2,6 prosentpoeng.
- Framstegspartiet vart tredje størst med 12,6 prosent og fekk 9 mandat. Dei gjekk fram med 4,1 prosentpoeng.
- Senterpartiet er på 4. plass med 11,0 prosent og 7 mandat. Dette var ein tilbakegang på 4,8 prosentpoeng.
- SV – Sosialistisk Venstreparti er på 5. plass. Dei fekk 7,8 prosent, gjekk fram 1,5 prosentpoeng og fekk 5 mandat.
- Industri- og næringspartiet er eit nytt parti i fylkestinget. Dei fekk 6,1 prosent og 4 mandat.
- Kristeleg Folkeparti fekk 4,9 prosent og 3 mandat. Det er same resultat som sist.
- Venstre fekk 4,2 prosent, 3 mandat og gjekk fram 0,7 prosentpoeng.
- Miljøpartiet Dei Grøne fekk 3,9 prosent og 3 mandat. Dei gjekk tilbake 3,2 prosentpoeng.
- Raudt fekk 3,2 prosent, 2 mandat og gjekk tilbake 0,2 prosentpoeng.
- Bergenslisten fekk 1,6 prosent, 1 mandat og gjekk fram 1,6 prosentpoeng.
- Pensjonistpartiet fekk 1,4 prosent, 1 mandat og gjekk fram 0,3 prosentpoeng.

Dei andre seks partia, som stilte til val, fekk ikkje mandat. Det gjeld Konservativt med 0,9 prosent, Folkets Parti med 0,4 prosent, Norgedemokratene med 0,4 prosent, Folkestyrelisten med 0,3 prosent, Partiet Sentrum med 0,3 prosent og Liberalistene med 0,2 prosent.

Vestland har igjen høgast valdeltaking

Valdeltakinga i Vestland var på 60,9 prosent, noko som var høgste deltakingsprosent blant fylka i landet. Gjennomsnittet ved fylkestingsvalet for landet under eitt var 57,5 prosent.

Nest beste fylke er Rogaland med 60,5 prosent og Trøndelag på 3. plass med 59,6 prosent. Lågast valdeltaking av fylka har Nordland med 53,2 prosent.


Samanliknar vi valdeltakinga i Vestland med valet i 2019, er valdeltakinga lågare. Den var 63,7 prosent i 2019. Gjennomsnittet for heile landet var då 60,5 prosent. I 2019 hadde Vestland også størst valdeltaking ved fylkestingsvalet i landet.

Møte og saker i folkevalde organ

Folkevalde organ	Tal møte 2023	Tal møte 2022	Handsama saker 2023	Handsama saker 2022
Fylkestinget	5 (11 møtedagar)	6 (11 møtedagar)	152	154
Fylkesutvalet	17 (20 møtedagar)	14 (17 møtedagar)	288	303
Finansutvalet	6	6	5	6
Hovudutval for opplæring og kompetanse	10	10	59	47
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	10	11	100	95
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering	10	11	190	157
Hovudutval for næring	11	11	75	82
Kontrollutvalet	7	7	79	90
Klagenemnda	9	9	51	63
Fylkesvalstyret	10	1	13	1
Administrasjonsutvalet	5	6	8	11
Yrkesopplæringsnemnda	9	9	21	25
Trafikktryggingsutvalet	5	7	12	11
AU-delegeringsreglement/ reglementsutvalet	2	5	2	13
Fylkeseldrerådet	8	8	48	41
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	8	9	56	42
Valnemnda	11	5	17	18
Vestland ungdomsutval	6	7	38	36
Vestlandsrådet	4	3	11	19

Våre avdelingar

Organisasjon og økonomi



Eigedom var organisert som ei eiga eining i avdeling for organisasjon og økonomi fram til 1. oktober 2023. Etter dette vart eigedom utskilt som eiga avdeling, som også inkluderer prosjektorganisasjonen Bybanen utbygging, som før var del av avdeling for mobilitet og kollektiv.

Den nye avdelinga for eigedom og utbygging rapporterer på måla og strategiane i utviklingsplanen som ei eiga avdeling her.

Mål 1:

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Vestland fylkeskommune har synleggjort inntektstap av koronapandemien gjennom årlege budsjett og påfølgjande tertialrapportar. Inntektstapa kom særleg innan kollektivtransporten.

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Som ein av dei største arbeidsgjevarane i Vestland er fylkeskommunen oppteken av å praktisere ein personalpolitikk som støttar opp om eit inkluderande arbeidsliv. Her samarbeider vi mellom anna tett med NAV. Bevisstgjerjing av at mangfald og ulikskap er ein styrke for verksemda er ein sentral berebjelke i den nye organisasjonsstrategien, som har vore arbeidd fram saman med tilsette, tillitsvalde og verneombod i 2023. Fokusområdet sosial berekraft inngår også i sertifiseringsordninga «Likestilt arbeidsliv», som Vestland fylkeskommune har arbeidd med gjennom heile 2023. Første del av sjølv sertifiseringa finn stad våren 2024.
- Der det er relevant vart anskaffingar lyste ut som inkluderande eller reserverte kontraktar. Det betyr at det er krav om ein viss bruk av tilsette med nedsett funksjonsevne eller arbeidsevne hos leverandøren.
- Innkjøpsseksjonen har gjennomført marknadsdiallog med vekstbedrifter, og har fått tilbakemelding om at marknaden ønskjer bruk av inkluderande heller enn reserverte kontraktar.
- Vi har bidratt på leverandørkonferansar i samarbeid med Leverandørutviklingsprogrammet (LUP) for å leggje til rette for innovative og miljøvennlege anskaffingar.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Vestland deltok i nasjonal annonsekampanje saman med andre fylkeskommunar for å auke valdeltaking blant unge i samband med fylkestingsvalet.

- Gjennom innføring av ei ny digital plattform som samlar og forenkler tilgangen til politiske saksdokument er arbeidsvilkåra for dei folkevalde styrka. Den nye plattformen bidreg vidare til å gjere politiske møte og prosessar meir tilgjengelege for innbyggjarar og media.

Mål 2:

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Vestland fylkeskommune var i 2023 den andre norske fylkeskommunen som vart notert på Oslo Børs med eit såkalla «grønt» lån. Lånet på 457 millionar kroner er knytt til det nye Vestlandshuset i Bergen, som oppfyller den strenge miljøstandardsen BREEAM-NOR Excellent. Gjennom å kvalifisere til eit slikt lån oppnår fylkeskommunen betre vilkår og lågare rente.
- Fylkeskommunen har stilt tydelege krav til verksemdar vi har eigarinteresse i om at verksemdene skal etterleve nasjonale og internasjonale miljøkrav og gjennomføre grep for å redusere negativ miljøpåverknad.
- Vi prioriterer og formidlar saker om arbeidet med klimaomstilling i fylkeskommunen og synleggjer desse gjennom omtale på vestlandfylke.no og i sosiale medium

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Nye personbilar og lette varebilar skal vere nullutsleppskjøretøy (elbilar og hydrogenbilar) frå 2024. Vi har i 2023 laga ein ny prosedyre for kjøp av bilar, der nullutsleppsbilar er hovudregelen. Vi har også dei strengast moglege miljøkrava til utsleppsbilar, der det er dokumentert at nullutsleppsbilar ikkje er mogleg.

- Vestlandshuset begynte i november 2023 å tilby bildeling i samarbeid med HYRE for tilsette som treng bil på jobbreise. Sidan dei same bilane kan nyttast av andre, styrkar denne fylkeskommunale praksisen omstilling til lågutsleppssamfunnet fram mot 2030 og 2050.
- Som ei førebuing til at klima og miljø frå 01.01.24 skal vektast minst 30 prosent i offentlege anskaffingar, har vi vidareutvikla malar, anskaffingsprotokoll og kravbank for miljøkrav i kravspesifikasjonane og avtalevilkåra.
- I rekvisitaavtalane er det stilt krav om nullutsleppsbilar ved transport i sentrale strøk. Der det er dokumentert at dette ikkje er mogleg har vi strenge miljøkrav til utslepp. I andre avtalar er det krav om reduksjon i drivstoff-forbruk ved leveransar til fylkeskommunen. Dette er avtalar vi spesielt følgjer opp.
- Vi jobbar stadig meir med å bruke marknadssdialog om miljøkrav før gjennomføring av anskaffingar for å kunne stille dei riktige miljøkrava.
- Vi har brukt handlingsrommet i regelverket for å leggje til rette for bruk av lokale leverandørar. Eksempel på dette kan vere oppdeling i delkontraktar for å gjere det mogleg for lokale å delta i konkurransane.

Mål 3:

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien. Sjå likevel omtale under strategi 4.3 om arbeidet til elev- og lærlingomboda og mobbeomboda.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.

Mål 4:

Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien.


Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Avdeling for organisasjon og økonomi rapporterer ikkje på denne strategien. Sjå likevel omtale under strategi 1.3 om arbeidet med å leggje til rette for eit inkluderande arbeidsliv i eigen organisasjon.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Vi formidlar kva som skjer på skulane våre gjennom nyheitssaker på vestlandfylke.no og i sosiale medium. Slik viser vi fram tilboda ved skulane og skulemiljøet.
- Fylkeskommunen skal vere ein pådrivar for at lokalsamfunn og opplæringsinstitusjonar sikrar seg kunnskap om korleis vi bygger trygge og gode oppvekstmiljø og samhandlar for å oppnå dette. Gjennom årsmeldingar, arbeid med enkeltsaker og løpande informasjonsarbeid arbeider elev- og lærlingomboda og mobbeomboda for å støtte opp om denne satsinga. For skuleåret 2022/2023 handsama omboda til saman 503 førespurnadar frå kommunar og enkeltpersonar.

Avdeling eignedom og utbygging



Avdelinga eignedom og utbygging er ei ny avdeling i Vestland fylkeskommune, som vart oppretta 1. oktober 2023. Avdelinga er sett saman av eigeomsavdelinga og Bybanen utbygging, som to sjølvstendige einingar under avdelingsdirektør Jostein Fjærestad.

Organisatorisk og i økonomisystemet vart ikkje avdeling for eignedom og utbygging ei eiga avdeling før 1. januar 2024. Difor rapporterer avdelinga som del av avdeling for økonomi og organisasjon i årsmeldinga. Oversikt over økonomi per løyingsnivå, grafar for driftsutgifter og -inntekter og oversikt over sjukefråværet inngår for eigeomsavdelinga sin del i stor grad i tala for avdeling organisasjon og økonomi i 2023. Unntaket er Bybanen utbygging, som fram til 1. januar 2024 var ei eining i avdeling mobilitet og kollektiv.

Eigedom

Eigedomsavdelinga er Vestland fylkeskommune si fagavdeling for bygge- og eigedomssaker. Avdelinga utøver eigarrolla til fylkeskommunen og tek vare på byggherrefunksjon og prosjektleiing i byggesaker.

Avdelinga er òg ansvarleg for forvaltning, drift, vedlikehald, reinhald og utvikling av eigedomane og eigedomstenestene til fylkeskommunen.

Bygningsmassen omfattar mellom anna

- vidaregåande skular
- tannklinikkar
- kollektivanlegg
- kultur- og administrasjonsbygg

Bybanen utbygging

Bybanen utbygging er ein prosjektorganisasjon i Vestland fylkeskommune. Organisasjonen er ansvarleg for planlegging, grunnnerv, innkjøp, prosjektering og utbygging av infrastrukturen til Bybanen i Bergen fram til og med godkjenning av ferdig anlegg.

Utbygging av Bybanen blir finansiert som ein del av Bypakke Bergen. Som del av prosjektet byggjer Bybanen utbygging også gang- og sykkelveg, parkar og byrom med tilhøyrande infrastruktur over og under bakken.

Prosjektdirektør i Bybanen utbygging rapporterer direkte til avdelingsdirektør for eigedom og utbygging.

Som dei andre avdelingane i fylkeskommunen rapporterer avdelinga eigedom og utbygging på måla og strategiane i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024:

Mål 1:

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Avdeling eigedom og utbygging rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Avdeling eigedom og utbygging rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Avdeling eigedom og utbygging rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Fylkeskommunen har fleire prosjekt der vi samarbeider med ulike kommunar om bygging av infrastruktur og fleirbrukshus, der tannklinikkar, bibliotek, kultursalar eller idrettshallar kan vere lokaliserte i same bygg som ein vidaregåande skule. I 2023 heldt eigedomsavdelinga fram med bygging av fleirbruksbygg saman med blant andre Askøy kommune, Kvam herad, Bergen kommune og Sunnfjord kommune.

Mål 2:

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- I samband med utbygging av Bybanen byggetrinn 4 har vi gjennomført fleire tiltak for å redusere klimagassutslepp under utbygging. Konseptet "Grønnere bybaneutbygging" har mellom anna medverka til at det har blitt stilt krav om lavkarbonbetong og HVO-biodiesel. Det har også blitt utarbeidd eit klimagassrekneskap for byggetrinnet som viste at desse tiltaka reduserte klimafotavtrykket med 19 901 tonn CO₂-ekvivalentar.

- I løpet av byggetrinnet har vi også hausta erfaringar med bruk av elektriske maskiner og utstyr. Erfaringane dannar grunnlag for at det no er fatta vedtak om elektrifisering av anleggsdrifta i byggetrinn 5. Det har mellom anna vorte nytta
 - elektrisk betongpumpe
 - elektrisk gravemaskin til muring av tørrmurar
 - elektrisk transport av materialar til anleggsområdet.
- Systematisk og dokumentert berekraftsarbeid gjennom bruk av BREEAM Infrastructure blei testa ut på fleire entreprisar i byggetrinn 4. Erfaringar frå dette arbeidet har danna grunnlag for avgjerd om å vidareføre BREEAM Infrastructure som metode for berekraftsarbeidet i hovudprosjekteringa av byggetrinn 5.
- I 2023 starta eit arbeid med å revidere berekraftstrategien til Bybanen utbygging. Vestland fylkeskommune vektlegg tydeleg berekraft i planverket, og har jobba med å konkretisere korleis dette kan implementerast i prosjektering og utbygging av Bybanen. Arbeidet er venta slutført i løpet av våren 2024.
- Fylkeskommunen har ein stor bygningsmasse med mange bygg som varierer i alder og standard. For å oppretthalde venta levetid på bygga må eigedomsavdelinga ta omsyn til moglege verknader av auka klimabelastning. Berekraft er gjennomgåande i planlegging av utbygging/renovering og i drift av bygga. Det inneber arealbruk, materialval, ombruk, energibruk, utslepp, bruk av ny teknologi m.v. Målet er at bygga skal vere tilpassingsdyktige og ta omsyn til behov både i dag og i framtida. Vestland fylkeskommune arbeider med å oppfylle berekraftsmåla til FN om reduksjon av negativ påverknad på miljøet med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandsaming. Det gjer vi gjennom følgjande krav og tiltak:
 - Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal tilfredsstille krava til sertifiseringsstandarden BREEAM excellent.
 - Investeringsprosjekt skal ha 90 prosent sorteringsgrad på bygningsavfall.
 - 90 prosent av alle skulebygga skal ha etablert rutinar og praktisering for avfallssortering.
- Vidare arbeider vi med å etterleve berekraftsmåla til FN om ansvarleg forbruk og produksjon. Strengje og aukande krav knytt til CO₂-ekvivalentar i nye prosjekt er naudsynt for å nå måla i utviklingsplanen. Dette gjer vi mellom anna gjennom følgjande krav og tiltak:
 - Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal maksimalt ha CO₂-utslepp på 410–500 kg/m² CO₂-ekvivalentar
 - Det er eit mål å oppnå årleg reduksjon på tre prosent i tilført ekstern energi i drifta av den totale bygningsmassen. For 2023 vi har oppnådd 2,77 prosent reduksjon på tilført ekstern energi sett opp mot 2022.

- I tråd med fylkestingsvedtaket om seriøsitetskrav til bygge- og anleggskontraktar har eigedomsavdelinga gjennomført seriøsitetskontrollar i alle investeringsprosjekt over 50 mill. kr under bygging. I tillegg er einskilte rammekontraktar kontrollerte.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Avdeling eigedom og utbygging rapporterer ikkje på denne strategien. (Sjå strategi 3.3.)

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Fylkeskommunen kjøper varer, tenester og investerer for fleire mrd. kr kvart år. Det gjev rom for å stille tydelege krav til leverandørane våre og påverke samfunnsutviklinga i ønska retning. Dette vert både spegla i innkjøpspolitikken og forbetra kontraktskrav for klima og miljø mellom anna for investeringsprosjekt for nye bygg og vidare utbygging av Bybanen.

Mål 3:

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Avdeling eigedom og utbygging rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Askøy vgs. er det første byggeprosjektet i den vidare utviklinga av Myrane gjennom områdeplanen. Myrane ligg i nærleiken av Kleppestø, som er kommunesenter og den sentrale staden for all offentlig kollektivtransport. Askøy vgs. blei planlagt slik at Askøy kommune kunne etablere fasilitetar for idrett der det eksisterande skulebygget blei rive. Den vidaregåande skulen blei planlagt i tett samarbeid med Askøy kommune, og det er tatt inn

kommunen sine behov for vaksenopplæring og areal til kultur/kultursal. Vidare er prosjektet passa inn i ny fylkeskommunal infrastruktur og det kommunale vegnettet.

- Førde vgs. er etablert i det nye sentrumsområdet i Førde, Indre Øyrane. Basert på områdeplanen gjennomførte Vestland fylkeskommuneplan reguleringsplanen for skulen, der infrastruktur som vegar og grøntanlegg rundt skuletomta var del av ein utbyggingsavtale for området. Dette står opp under den sentrumsutviklinga som Førde kommune sjølv ønskjer. Det er gangavstand for elevane til rutebilstasjonen i Førde. Delar av skulen er tilrettelagt for utleige. «Hjarterommet» som er kjernen i bygget, kantine, stort auditorium og ein del av klasseromma kan nytast til klubbrom eller liknande. Det er mellom anna også inngått ein fast leigeavtale om bruk av idrettshallen til volleyball på ettermiddag, kveld og helg.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Bybanen i Bergen er ein del av satsinga på miljøvennleg og effektiv transport. Bybanen utbygging er ansvarleg for planlegging, grunnerv, innkjøp, prosjektering og utbygging av infrastrukturen til Bybanen i Bergen fram til og med godkjenning av ferdig anlegg. Utbygging av gang- og sykkelveg, parkar og byrom med tilhøyrande infrastruktur over og under bakken langs bybanetraseen er også ein del av prosjektet.
- Som del av bybaneprosjektet vart det opna sykkelveg frå Fyllingsdalen til sentrum i april 2023. Dette har blitt svært godt mottatt, og har opna heilt nye alternativ for berekraftig mobilitet mellom bydelane.

Mål 4:

Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Avdeling eigedom og utbygging rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Avdeling eigedom og utbygging rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.


- Avdeling eigedom og utbygging rapporterer ikkje på denne strategien.

Status økonomi per løyvingnivå

Beløp i 1000					
Teneste	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr
Administrasjon av organisasjon og økonomi	149 538	154 060	158 345	155 059	1 000
Org og øk tiltaksmidler	246	0	0	0	0
Eigedom drift og vedlikehald	555 612	602 271	606 242	617 446	15 176
Sum	705 396	756 331	764 587	772 506	16 175

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	2,96 %	4,43 %	7,38 %


Eigedom drift og vedlikehald

Status økonomi per løyvingsnivå

Teneste	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr
					Beløp i 1000

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	3,29 %	5,13 %	8,42 %

IKT og digitalisering



Mål 1:

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Tannhelsetenesta har hatt merksemd på at fleire forskingsprosjekt fører til styrking og forbetring av klinisk praksis i Vestland tannhelseteneste.
- «Kunnskapsreisen for tannhelsepersonell» vart fullført for alle tannklinikkar i 2023.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Vestland fylkeskommune tok i bruk elnnsyn 03.01.22 i tråd med planen. elnnsyn er ei publiserings- og innsynløysing som er pålagt nytta i staten og som er drifta av Digitaliseringsdirektoratet. Arbeidet med fulltekstpublisering av hovuddokument vart utsett grunna omprioritering som følgje av at godkjenning av sak- og arkivsystemet Elements trekte ut i tid. Fulltekstpublisering av hovuddokument er no utsett i påvente av innsynsprosjekt i regi av avdeling for organisasjon og økonomi.

Mål 2:

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- IKT-seksjonen har inngått samarbeid med 100%-klubben til Atea. Dette er eit samarbeidsforum der vi kan sparre med andre bedrifter, samtidig som vi har fri tilgang på rådgjeving frå Atea, og til rapportar som viser oppnådd resultat.
- Tiltaket for overgang til berekraftig transportløysing på teknisk avdeling i tannhelsetenesta vart gjennomført i 2023.
- Klimaperspektivet står sentralt i alle innkjøpsavtalane til tannhelsetenesta. Det er tatt omsyn til transport, leveringsmetode og gode ordningar for handtering av spesialavfall.

- Tannhelsetenesta jobbar målretta med folkehelse og helseførebyggjande arbeid. Målet med langsiktig helsefremjande arbeid er at pasientar, særskilt barn og unge, skal få ei god oral helse, som vil krevje lite behandling i vaksenlivet. Når behovet for operativ tannbehandling vert redusert, vil vi få lågare klimaavtrykk i framtida.
- Etter at vi signerte avtale med Greentech (no: Foxway) hausten 2021, har vi dei siste 24 månadane selt tilbake 3763 IKT-einingar, og 1425 av desse er allereie i ny sirkulasjon. Frå 2022 til oktober 2023 er det spart 776 tonn CO2 med denne ordninga. Overskotet av kostnaden går tilbake til Vestland fylkeskommune. På enkelte infrastrukturkomponentar sel vi utfasa komponentar tilbake til leverandør, slik at desse kan brukast om att hjå andre kundar som ikkje har same krav til moderne teknologi.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

Mål 3:

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Vi er i dialog med leverandørar for å utvikle løysing for arkivkjerne, men er usikre på om vi klarer å lande dette innanfor dei krava og forventningane vi har.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Vi jobbar saman med Skyss for å etablere utvida digital infrastruktur i skyløysinga til Microsoft. Målet er å etablere ei plattform for sanntidssystema til Skyss.
- Vi har jobba med å fase ut gamal digital infrastruktur og har som mål å vere ferdige med denne oppgåva i løpet av 2024.
- Vi har modernisert fleire komponentar i infrastrukturen innanfor nettverk og AV.
- Vi har etablert eit moderne Out of Band-miljø, som er med på å sikre at vi har tilgang til kritisk infrastruktur også ved nettverksproblem.
- Vi har kursa alle tilsette i IKT-seksjonen innanfor ITIL (Information Technology Infrastructure Library), som er eit rammeverk med beste praksis for styring og kontroll av IT-tenester. Vi jobbar med å implementere desse prinsippa for god prosess i eit IKT-driftsmiljø.
- Vi har starta omlegginga til Windows 11 med hybrid skyløysing og moglegheit for å ta i bruk Windows Hello. Dette arbeidet skal vere ferdig i løpet av 2024.
- Det er etablert standardløsning for lydliftnlegg i klasserom.
- Vi har hatt nesten 40 lærlingar innanfor IKT- og dataelektronikarfaga.
- Vi har etablert prosjektverktøy. Dokumentasjonsverktøy er levert og under innfasing. Vi set brukar i sentrum og har difor tatt i bruk tenestedesign som eit viktig verktøy i organisasjonen.
- Vi har vidareutvikla porteføljestyling av IKT- og digitaliseringsprosjekt og forenkla og tydeleggjort prosessen frå behov til løysing.
- Det er sett i gang eit strategiarbeid som skal sørge for at vi utnyttar tilgjengeleg teknologi på best mogleg måte for fylkeskommunen.
- Vi har vidareutvikla intern chatbot (Botolf) og ekstern chatbot (Ask). Dette er virtuelle assistentar, og tenestene er under stadig utvikling. Vi testar ut bruk av KI som støtteverktøy i opplæringa til praterobotane. I tillegg er e-resept eit pågåande prosjekt innan tannhelse.
- Tannhelsetenesta har tatt i bruk fleire digitale skjema og i større grad robotisert manuelle oppgåver i tenesta.
- Arbeidet med felles søkarportal for tilskotsordningar, rutinar og samordning av fristar har starta. Vi har i dag mange ulike løysingar som vil bli vidareførte, men det er behov for ei samordning av dei ulike løysingane og felles inngangsport til desse. Dette vil vere prioritert arbeid i 2024.
- Vi har levert standardiserte og tilpassa løysingar til store byggeprosjekt som
 - nye Førde vidaregåande skule
 - rehabilitering av fylkeshuset på Leikanger
 - nye Bømlo vidaregåande skule

Mål 4:

Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Avdeling for IKT og digitalisering rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Det er lagt ned eit betydeleg arbeid med temaplan for tannhelsetenesta i 2023, og vi har sett i gang prosessar for medverknad. Hovuddelen av temaplanen skal ferdigstillast i 2024.

Oversikt for tal barn og unge i Vestland utan hol i tennene i 2023

3-åringar utan hol i tennene	95 %
5-åringar utan hol i tennene	83 %
12-åringar utan hol i tennene	62 %
15-åringar utan hol i tennene	44 %
18-åringar utan hol i tennene	32 %


Status økonomi per løyvningsnivå

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr
Administrasjon av strategi og digitalisering	10 108	24 775	22 758	23 688	-1 087
IKT og digitalisering	149 692	165 052	156 332	166 139	1 087
Plan, analyse, klima og folkehelse	33 974	0	0	0	0
Sum	193 775	189 827	179 090	189 827	0

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	3,03 %	2,82 %	5,85 %

Tannhelse


Tannhelsetenesta er del av avdeling IKT og digitalisering. Rapporteringa på mål og strategiar i utviklingsplanen er difor gjort i avdelingskapittelet for avdeling IKT og digitalisering.

Status økonomi per løyvingnivå

Beløp i 1000					
Teneste	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr
Pasientbehandling	291 072	362 469	315 960	363 263	794
Administrasjon av tannhelse	12 225	13 681	12 363	12 887	-794
Sum	303 297	376 149	328 323	376 150	0

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	4,68 %	5,51 %	10,19 %

Næring, plan og innovasjon



Mål 1:

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Vestland fylkeskommune støtta næringslivet og spesielt reiselivet med fleire støttepakkar under pandemien, og har i ettertid støtta tiltak for omstilling og utvikling av eit berekraftig reiseliv. Reiselivsnæringa har no nådd igjen besøkstala som var før pandemien.
- Koronapandemien var krevjande for frivillige lag og organisasjonar, og difor har LivOGLyst-prosjekt som hadde minska aktivitet i denne tida, fått utvida prosjektperiodar.

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Vestland fylkeskommune har etablert ein ny modell for samarbeidsavtalar med aktørar som bidreg til rett kompetanse, grøn omstilling og berekraftig verdiskaping i heile fylket. Ordninga vart lyst ut, og 39 søkjarar vart vurderte av eit fagpanel med deltakarar frå fagseksjonane i fylkeskommunen.
- Vi har òg lyst ut og tilrådd nye samarbeidsavtalar for SIVA sitt nasjonale program for næringshagar og inkubatorar i heile fylket. Det var elleve søkjarar som vart vurderte av eit fagpanel med deltakarar frå fagseksjonane i fylkeskommunen.
- Vestland fylkeskommune samla i november 2023 over 120 deltakarar frå kommunane i fylket og dei 37 organisasjonane som hadde samarbeidsavtale om næringsretta arbeid med fylkeskommunen. Hovudtemaet var korleis offentlege aktørar og næringslivet kan samarbeide for å hjelpe fleire av dei som fell utanfor utdanning og arbeidsliv, og ta i bruk dei store arbeidskraftressursane som ligg i utanforskapet.
- Vi har bidrege til å utvide næringshagetilbodet ved å gjennomføre eit prosjekt for etablering i Ullensvang og Kvinnherad kommunar.
- Vestland fylkeskommune har fått på plass eit kunnskapsgrunnlag om ei elflyrute mellom Førde og Bergen
- Verkemiddelapparatet for etablerarar har vorte forenkla gjennom prosjekta En vei inn og Heilskapleg støtte til entreprenørar, der vi har bidrege i begge.
- Vestland fylkeskommune har samarbeidd med Riga planregion om entreprenørskap i EØS-prosjektet Entrepreneurship support measures in the Riga Planning Region.
- Regional samhandling om næringsutvikling vert styrka gjennom Vestland fylkeskommune sin avtale med Innovasjon Norge, SIVA og Forskringsrådet
- Gjennom å lyse ut midlar til berekraftig verdiskaping vart 26 nye regionale utviklingsprosjekt sette i gang i 2023. Prosjekta som fekk støtte skal bidra til styrking av grønne verdikjeder, verdiskaping og grønne arbeidsplassar i heile fylket. 15 mill. kr vart tildelt prosjekt som på ulike måtar skal styrke sirkulærøkonomi, anten generelt eller knytt til industriutvikling, bygg og anlegg, energi eller marine og maritime næringar.
- Regionalt forskingsfond Vestland har støtta forprosjekt innan tema som fotobioreaktor for mikroalgeproduksjon, berekraftig besøksoppleving, forbrukarpreferanse knytt til norsk frukt og geologisk føresetnad for CO2-lagring i gamle borehol i Nordsjøen.
- Som eit ledd i den forsterka fylkeskommunale marine satsinga, har Regionalt forskingsfond Vestland tildelt fire mill. kr til åtte forprosjekt. Prosjekta er innanfor viktige tema som
 - plantevekstforsøk på slam frå oppdrett
 - bruk av pyrolyse i konvertering av slam frå oppdrett

- stordata i akvakultur
- bioreaktor i produksjon av fiskefor
- filtrering av sjøvatn
- tørking av slam
- blodprøvemåling
- produksjon av laksesmolt under ulike føresetnader
- FORREGION Vestland har i 2023 gjennomført rådgivande kompetansemekling med 150 bedrifter i Vestland for å avdekke forskningsutfordringar og gi hjelp til etablering av FoU-prosjekt i samarbeid med relevant forskingsorganisasjon.
- FORREGION Vestland har støtta 21 prosjekt i bedrifter med mål å starte ein FoU-prosess som kan føre til berekraftige innovasjonar i næringslivet. Alle prosjekta er i samarbeid med ein FoU-organisasjon.
- FORREGION Vestland har finansiert ni møteplassar (FoU-møte) i samarbeid med ein næringshage, klynge eller inkubator. Bedrifter og forskingsmiljø kjem saman for å drøfte løysing og vidare arbeid knytt til konkrete kunnskapsutfordringar for auka verdiskaping.
- Nasjonale myndigheiter har dei to siste åra lyst ut midlar til etablering av studiesenter som eit ledd i målsettinga om å gjere utdanning meir tilgjengeleg, uavhengig av kvar ein jobbar og bur. Studiesentera kan bli viktige aktørar i å sikre kompetanseheving blant dei som allereie bur og arbeider i distrikta.
- Tre initiativ frå Vestland har fått støtte til å starte opp studiesenter. Alle tre har også fått finansiell støtte frå Vestland fylkeskommune. I tillegg ga fylkestinget i 2023 midlar til prosjektet «Sogn Kompetanse og utdanningssenter» som mellom anna har som mål å etablere eit studiesenter i regionen. Desse har fått støtte til å starte studiesenter i 2023:
 - Studiehub Nordfjord
 - eit samarbeid mellom næringshagane i Voss/Hardanger og Kvinnherad næringsservice
 - Studiesenteret Kysten
- Å gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet er ein sentral del av den regionale kompetansepolitikken. I 2023 har Vestland fylkeskommune og NAV fått midlar frå Arbeids- og velferdsdepartementet til å forsterke samarbeidet sitt på dette feltet.
- Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg Vestland har halde fram samarbeidet om prosjektet Grøn region Vestland, med Næringsforum Vestland som styringsgruppe.
- Grøn region Vestland har etablert si eiga nettside, der det er samla informasjon om grøn omstilling generelt, og spesielt rundt tematikken industriell symbiose. Nettsida skal fungere som kommunikasjonsnav for prosjektet.

- Vi har etablert eit dashbord som gir eit oversyn over utviklinga i dei tre overordna måla om kutt i utslepp, fleire grøne jobbar og auka eksport. I tillegg kan vi med dette få meir detaljert innsikt i kvar i fylket utsleppa er, og kva industri dei er knytt til. Vi kan òg sjå utviklinga i utbygging av kraft og straumnett.
- I 2023 vart det etter anbodsrunde gjennomført ei oppdatering av Vestlandsporteføljen, og Vestlandsporteføljen 2.0 vart lagt fram i desember 2023. Etter denne oppdateringa har Vestlandsporteføljen no 19 grøne hubbar over heile fylket. Oppdateringa inneber at hubbane no har ei tydelegare og klarare geografisk avgrensing. I tillegg er dei delte inn i tre kategoriar. Desse er industri, energiomstilling og marin-bio. I Vestlandsporteføljen 2.0 er det også identifisert 16 spennande prosjekt som også har potensial for å utvikle seg til hubbar.
- Hubbane som fekk midlar frå fylkeskommunen til etablering og utvikling av samarbeidet er framleis i gang med dette arbeidet. Endeleg rapportering frå hubbane kjem i løpet av 2024.
- Grøn region Vestland har i dialog med hubbane kome fram til fire sentrale barrierar for vidare utvikling: kraft, kompetanse, kapital og areal.
- Oppdateringa av Vestlandsporteføljen viser også at hubbane er kritisk avhengige av eit velfungerande system rundt seg, bygd opp av ulike aktørar, samarbeidande verksemdar og gode hjelparar av ulike slag. Grøn region Vestland følgjer opp hubbane med dette som utgangspunkt.
- Vestland fylkeskommune har vedtatt tre samfunnsoppdrag (missions) i samarbeid med SIVA, Forskningsrådet, Innovasjon Norge og dei andre fylkeskommunane. Desse er samanfallande med i satsingane i Grøn region Vestland:
 - utvikle industriell symbiose på tvers av verdikjeder
 - bygge infrastruktur for det grøne skiftet
 - kompetanseløft for å realisere dei grøne verdikjedene.
- Vestland fylkeskommune har sett i gang eit større samhandlingsprosjekt som heiter Styrka marin innsats – berekraftig sjømat. Dette skal fremje verdiskaping frå akvakultur og sjømatproduksjon, gjennom å redusere avtrykk på naturmangfaldet, klima og miljø - og fremme betre fiskevelferd. Prosjektet er eit samarbeid med akvakulturnæringa, statlege etatar og kunnskapsmiljøa.
- Fylkeskommunen samarbeider med Bergen kommune og mange samarbeidsaktørar om prosjektet One Ocean Havbyen Bergen, der den raude tråden er å legge til rette for berekraftig utvikling med utgangspunkt i havressursane. Fylkeskommunen samarbeider også med Bergen kommune om One Ocean Week, som vart gjennomført for første gong i april 2023. Fylkeskommunen støtta One Ocean Havbyen Bergen med ein mill. kr og One Ocean Week med to mill. kr.

- Vi samrår oss om reiselivsinnsatsen i Reiselivsforum Vestland, og i 2023 laga vi den første årsplanen for temaplan reiseliv.
- Vestland fylkeskommune har saman med dei andre fylkeskommunane på Vestlandet inngått ein ny avtale med Fjord Norge, som hovudsakleg femnar om å dra utanlandske gjester til landsdelen. Denne avtalen bind opp 6 mill. kr frå fylkeskommunen, og i 2023 støtta vi også arbeidet til destinasjonsselskapa med 4,5 mill. kr.
- Vestland fylkeskommune har i tillegg løyvd 750 000 kr som skal bidra til utvikling av tilbod og tenester utanfor sommarsesongen i reiselivet. Elles er det løyvd 870 000 kr til å fremje omstilling og berekraft.
- Vestland fylkeskommune har i 2023 bidratt med to mill. kr frå nærings- og utviklingsfond som skal støtte utviklingstiltak i kommunar og område med særlege utfordringar.
- Fylkeskommunen følgjer opp temaplan landbruk, og vi laga i 2023 den første årsplanen. Vi samordna landbruksinnsatsen gjennom blant anna samråding i landbrukspartnarskapen. Fylkeskommunen har nytta nærare ti mill. kr til toppfinansiering av lausdriftfjøs, for å legge til rette for at fleire bønder såg seg syne med ei slik stor investering. Fylkeskommunen auka også støtta til Norsk frukt- og børsenter på Leikanger med 3,5 mill. kr, til samla 9 mill. kr. Gjennom dette legg vi til rette for sortforedling innan frukt og bær. Det er elles tildelt 2,2 mill. kr til rekruttering og kompetanseutvikling i landbruket, og 3,8 mill. kr som skal bidra til auka verdiskaping i landbruket. Fylkeskommunen arbeider med skogbruk blant anna gjennom fagleg og økonomisk bidrag i Kystskogbruket.
- Vestland er det største hjortefylket i landet, men det er vanskeleg å få kjøpt hjortekjøtt frå fylket i butikkar og restaurantar. Gjennom eit samarbeidsprosjekt med Norsk Hjortesenter, har fylkeskommunen arbeidd for å gje forbrukarane tilgang til kortreist viltkjøtt. Meir viltkjøtt ut på marknaden vil også bidra til auka verdiskaping hos grunneigarar, jegerar og på små slakteri/viltmottak.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Nær seks mill. kr vart tildelt ti prosjekt for berekraftig verdiskaping, som kombinerte deltemaet verdiskaping og grøne arbeidsplassar i heile fylket med deltemaet kompetanse i arbeidslivet – fleire arbeidstakarar med rett kompetanse. Fleire prosjekt handla om å styrke rekruttering til fag og næringar som er etterspurde i sentrale næringar. Det var utfordrande å få inn gode søknader som meir spesifikt var retta mot å gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet.

- I 2023 søkte Vestland fylkeskommune om prosjektmidler for eit samarbeidsprosjekt med eit budsjett på ca. fem mill. euro under Erasmus+-programmet, EU sitt program for utdanning og kompetanse. Prosjektet er knytt til næringsutvikling. Prosjektet skal sikre kvalifiserte arbeidstakarar med høg kompetanse til den nye hydrogenindustrien. Oppbygging av hydrogenindustrien er ein viktig del av det grønne skiftet og omstilling til nye berekraftige verdikjeder. Det vert vidare lagt opp til eit prosjekt med sterk sosial profil, til dømes konkrete tiltak for å inkludere innbyggjarar som i dag er utanfor arbeid og skulegang. Prosjektet er derfor klart forankra i prioriteringane til fylkeskommunen og kjem til å bidra til nye arbeidsplassar, omstilling og grøn konkurransekraft på eit høgt nivå.
- I mars 2023 reiste Næringsforum Vestland til Brussel for å lære meir om politikkområda knytt til næringsutvikling i EU. Vest Noregs Brusselkontor var vertskap. Saman med fylkeskommunen og Universitetet i Bergen laga dei eit spennande program om konkurranseregelverk, nytt relevant lovverk, til dømes "Net Zero Industry Act", klassifisering og berekraftig finansiering og grøn omstilling.
- Gjennom samhandlingsprosjektet Styrka marin innsats har vi støtta åtte FoU-prosjekt med til saman fire mill. kr, via Regionalt forskingsfond.
- Vi samla nettverk for industrikommunar til to-dagars samlingar med høvesvis Kvinnherad og Kvam som vertskommunar. Sentrale tema her var blant anna kraftproblematikk, kompetanseutvikling, og attraktive lokalsamfunn, og det vart arbeidd med samarbeidsprosjekt mellom samlingane.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Vestland fylkeskommune har styrka samarbeidet mellom dei tre fylkeskommunane på Vestlandet i reiselivssatsinga, blant anna gjennom eit nytt statistikk- og innsiktsarbeid. I samband med regionreforma har fylkeskommunen fått utvida sitt ansvarsområde innan landbruk, og vi har intensivert arbeidet med å koordinere innsatsen gjennom landbrukspartnerskapen og gjennomføring av temaplan landbruk.
- Vestland fylkeskommune har starta prosjektet Styrka samarbeid for berekraftig utvikling: Tilpassa kommunen sine behov. Målet med prosjektet er å finne nye metodar og strukturar for samarbeid både internt i fylket og saman med kommunane, for å styrke utviklings- og innovasjonskapasiteten.

Mål 2:

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Vestland fylke har vedtatt Regional plan for fornybar energi 2023–2035. I politiske fråsegner har fylkeskommunen fleire gonger peika på behov for å betre kraftsituasjonen i Vestland gjennom å betre nett og å legge til rette for produksjon av fornybar energi og effektiv energibruk.
- Klimapartnere Vestland har utarbeidd "Strategi 2023–2025". Strategien slår fast at Klimapartnere Vestland skal «mobilisere pådrivere i alle sektorer for sammen å ta ansvar for å omstille Vestland til nullutslippsamfunnet»
- Klimapartnere har vakse til 82 partnerar i 2023.
- Vestland fylkeskommune har arrangert rundebordsmøte med sentrale større industriverksemder og avgjerdstakarar om korleis vi kan redusere CO2-utsleppa i Vestland.
- Regionalt forskingsfond Vestland løyvde inntil tre mill. kr til arbeidet med meir berekraftig transport. Mesteparten av løyvinga er øyremerkte måling av åtferdsendring knytt til ny app-teknologi. Det er løyvd 350 000 kr til forskning på samkøyring og reisevanar.
- Vestland var ein av over 200 regionar og byar i Europa som signerte EU-avtalen for klimatilpassing i 2023. Vi blir derfor ein del av eit stort klimanettverk og forpliktar oss til å nå EU-måla for klimatilpassing. Nettverket gir oss tilgang til fleire nye verktøy og ressursar til å byggje kompetanse, som vi kan bruke i arbeidet med rådgiving overfor kommunane.
- Fylkesutvalet vedtok årsplan 2023 for oppfølging av handlingsprogram 2022–2025 for den regionale klimaplanen. Årsplanen inneheld klimatiltak på tvers av alle avdelingar i fylkeskommunen.
- Klimabudsjettet vart vidareutvikla som ein integrert del av økonomiplanarbeidet i fylkeskommunen.
- Vi har revidert rutinar for klima- og miljøleiing i fylkeskommunen.
- Vi arrangerte den nasjonale #Klimaomstillingskonferansen2023 i Sogndal, saman med samarbeidsaktørar. Det var 160 deltakarar, og temaet var vanskelege val, korleis få opp tempoet i klimaarbeidet.
- Vi deltok i forskingsprosjektet Klimabudsjett 2.0. Her skal vi vidareutvikle klimabudsjett som verktøy, mellom anna med vitskapleg bidrag til eit forbruksinnretta klimabudsjett, og klimatiltak som er relevante for fylke og kommunar. Same prosjekt heldt ein arbeidsverkstad

på tvers av Vestland fylkeskommune om forbruksbaserte utslepp med deltaking frå seks ulike avdelingar.

- Vi etablerte Klimaråd Vestland, leia av fylkesvaraordførar. Etableringsmøtet vart arrangert på Vestlandshuset med deltakarar frå alle regionråd, samarbeidsråd og Bergen kommune. Samarbeidsgruppa skal jobbe med å nå regionale og kommunale klimamål, løfte aktuelle saker på tvers og dele erfaringar frå dei ulike delane av fylket.
- Vi delte ut 10,3 mill. kr i tilskot til 20 prosjekt ute i kommunane gjennom tilskotsordninga for berekraftig samfunnsutvikling. Ordninga gjeld dei tre innsatsområda klima og miljø, by- og stadutvikling og sosial utjamning.
- Gjenbruksbutikken Upscale på Sandane, ved Eva Sessford, fekk klima- og miljøprisen for 2023.
- Vi arrangerte to frukostmøte om berekraft i samarbeid med Bergen kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Universitetet i Bergen, Bergen Arkitekthøgskole og Høgskulen i Vestland. «Berekraftig frokost» er ein møteplass for dialog, inspirasjon og erfaringsdeling om tema som energieffektive bygg og berekraftige bymiljø.
- I samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte vi ei klimaundersøking ute i kommunane. Dette for å få betre oversikt over status og behov knytt til klimaarbeidet vårt.
- Vi søkte og fekk tilskot frå Klimasats til eit prosjekt om å bruke arealrekneskap som verktøy for utsleppsreduksjon, saman med kommunane Voss, Sunnfjord, Aurland og Vik. Prosjektet starta i november 2023.
- Vi søkte og fekk fem millionar frå Norges Forskningsråd til innovasjonsprosjekt i offentlig sektor: Nyskapande metodar for naturdata og arealrekneskap for å vise samspeleffektar mellom natur og klima på Vestlandet. Det er eit breitt samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Vestlandsforskning og NINA. Prosjektperioden er 2024–2026.
- Vi utforma ei grøn skatteboks med inspirasjon og forslag til klimatiltak retta mot kommunane innanfor plantemaa i klimaplanen. Sjå Grøn skatteboks for klimaomstilling.
- Gjennom eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet skal studentar få støtte og rettleiing til å gjennomføre kartlegging av karbonrike areal som ein del av bachelor- eller masteroppgåva si. Samarbeidet varer ut 2024, med mogelegheit for forlenging.
- Vestland fylkeskommune har gjennom midlar til KlimaVest-prosjektet bidratt til å redusere klimagassutslepp i landbruket. Målet er å gjere bøndene i Vestland i stand til å redusere klimaavtrykket frå matproduksjonen utan at det går ut over produksjon, arealutnytting, dyrevelferd og dyrehelse.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Regionalt forskingsfond Vestland løyvde inntil tre mill. kr til marinbiologisk følgjeevaluering av det store arbeidet med fornying av hamneområda i Bergen gjennom tildekking av forureina sjøbotn.
- Vi deltok i klimatilpassingsprosjektet Indikatorar for klimatilpassing i bygningar og infrastruktur. Prosjektet skal utvikle relevante og gode økonomiske indikatorar for klimatilpassing i kommunar.
- Vi er prosjekteigar for klimatilpassingsprosjektet Medverknadsmetodar for berekraftig klimatilpassing. Prosjektet testar ulike medverknadsmetodar for datainnsamling, visualisering av klimakunnskap og deltaking i planprosessar i Kinn, Sunnfjord og Osterøy. Målet med prosjektet er å integrere klimaomstilling og klimatilpassing i regionale og kommunale planprosessar og å mobilisere til lokal klimakunnskap.
- Vi starta eit prosjekt for å finne metodar for å analysere klimarisiko i alle kommunane i fylket. Prosjektet er i samarbeid med Vestlandsforskning og NORCE, og Årdal kommune er prosjekteigar og pilot-kommune.
- Vi gjennomførte seminar for kommunane om konsekvensutgreiingar for kommunale planar i sjø i samband med One Ocean Week.
- Villreinen er raudlista og truga av stadig meir fragmenterte leveområde. Gjennom interregionalt samarbeid følgjer fylkeskommunen løpande opp arealforvaltning i fire nasjonale villreinområde. Dette inneber tett samarbeid på tvers av fylkesgrensene og nært samarbeid med involverte kommunar, både politisk og administrativt. Fylkestinget vedtok nytt handlingsprogram for både Heiplanen og Ottadalsplanen. 2023 var likevel eit annleis år for villreinforvaltninga, då mykje handla om utarbeiding av tiltaksplanar og forarbeid til ny stortingsmelding om villrein. Fylkeskommunen har administrativt vore involvert i dette arbeidet, som staten har leia.
- Vi gjennomførte 22 møte i regionalt planforum med sikte på klarleggje og samordne regionale og nasjonale interesser i kommunal planlegging og for å unngå motsegn.
- Gjennom innspel til 323 nye kommunale plansaker har vi hatt planfagleg rettleiing og ivarett vedtekne regionale mål og retningslinjer.
- Vestland fylkeskommune har sett i gang samshandlingsprosjektet Styrka marin innsats for å sikre meir berekraftig bruk og utnytting av viktige naturverdiar. Dette skal mellom anna fremme naturmangfald, klima og miljø.
- Vi etablerte i 2023 ei støtteordning for forbetring av fiskebestandane, der vi tildelte 0,2 mill. kr til ulike prosjekt. Og vi går no saman med andre fylke for å få laga ein rettleiar for utfisking, noko som skal betre fiskekvaliteten.

- Vi har nokre geografiske område i fylket, som mange tilreisande ønsker å besøke. Dette kan ha negativ effekt på naturen og lokalsamfunna. Vestland fylkeskommune har starta ei større satsing med besøksforvaltning som tema, for å minske negative effektar av reiselivet i område med stort press.
- Fylkeskommunen samarbeider tett med kommunar og statlege etatar for å sikre god vasskvalitet i elvar, vassdrag og sjø. Vi støttar og følgjer opp arbeidet kommunane gjer for å nå miljømål for vassførekomstar, særleg innanfor landbruk og avløp.
- Vestland fylkeskommune har gjennomført tiltak for å forbetre og restaurere vassdraga for å betre levevilkåra for fisk og anna biologisk mangfald. Tiltaka vert gjennomførte av vassområdekoordinatorane i samarbeid med andre sektorar, lag og organisasjonar. Dette har eit budsjett på 900 000 kr i form av statlege midlar.
- Endeleg utgåve av vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion 2022–2027 vart ferdig i juni 2023. Vi har då innarbeidd vesentlege punkt frå godkjenningsdokumentet til planen frå Klima- og miljødepartementet.
- Fylkeskommunen er vassregionstyresmakt, leiar Vestland vassregionutval og har ansvar for å koordinere aktiviteten i vassregionen og i vassområda. Vi hadde i 2023 eit møte der vi la vekt på gjennomføring av tiltaksprogrammet til vassforvaltningsplanen i Vestland vassregionutval. Det er halde to fysiske samlingar for vassområdekoordinatorane, for å fremme koordinering og samarbeid. Det har vore møte i vassområdeutvala, administrative grupper og faggrupper i alle dei ni vassområda, som koordinerer kommunane. Tema har vore aktivitetsplanar og overvaking av vassdrag med vektlegging av næringspåverknad (eutrofi). Vi lagar eigne årsmeldingar for kvart vassområde. Ei årsmelding for Vestland vassregion summerer opp aktiviteten i vassregionen og samla for alle vassområda. Årsmelding for 2023 for Vestland vassregion kjem våren 2024.
- Gjennom temaplanen for landbruk er det vedteke at det i Vestland skal vere nullvisjon for å bygge ned landbruksjord. Det er følgt opp i seks regionale dialogmøte med tilsette på landbrukskontora i kommunane, og det var også tema på plankonferansen hausten 2023. Det er etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå Statsforvaltaren, Innovasjon Noreg og fylkeskommunen. Gruppa skal planlegge og gjennomføre tiltak som skal bidra til at vi når målet.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Vi har arrangert Leverandørkonferansen 2023 om korleis Vestland kan bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp. Målet med konferansen er tettare samarbeid for å auke tempo i omstillinga til grøn teknologi.
- Gjennom samarbeid på tvers av avdelingar har vi brukt innkjøp som verktøy for å stimulere til meir klimavenlege og sirkulære løysingar, redusert forbruk og avfall .

Mål 3:

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Vi avslutta Erasmus+-prosjektet “Youth Entrepreneurial Spirit Specialists” (YESpecialists) i 2023. Prosjektet hadde som mål å auke bu- og tiltaksløyst blant yngre innbyggjarar i distriktet. Leveransen var ei liste med konkrete tilrådingar om korleis vi skal sikre at desse innbyggjarane skapar moglege arbeidsplassar i bygda og får motivasjon til å bli buande.
- For å samordne den regionale innsatsen innan areal-, bustad- og transportplanlegging betre, vedtok fylkesutvalet i juni 2023 at regional plan for senterstruktur og lokalsamfunn skal inngå i ny utviklingsplan for Vestland. Kunnskapsgrunnlaget til Regional plan – senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn vart vedtatt hausten 2023.
- Vi avslutta det toårige læringsnettverket om kommuneplanens samfunnsdel som styringsreiskap. Der har 14 kommunar i Vestland delteke med administrasjon og politikarar i samarbeid med KS. Siste fysiske samling var i Førde med tema næring i kommunal planlegging. Sunnfjord kommune var samarbeidspart.
- Vi arrangerte plankonferansen i Bergen i november. Det var 300 deltakarar, og tittel på konferansen var Klima, natur og arealbruk. I dag planlegg vi morgondagens samfunn. Tema på den eine parallellsesjonen var trygge og inkluderande lokalsamfunn.
- Gjennom regionalt plansamarbeid for Nordfjella og Hardangervidda, har vi inkludert fleire næringsaktørar tett på fjellet i prosjektet Mennesket og reinen. Det er delfinansiert av Miljødirektoratet sitt program Villrein fjellet som verdiskapar. I 2023 deltok tre reiselivsaktørar frå Vestland (i respektive Aurlandsdalen, Finse og Halne), og ordninga er ønskt vidareført for 2024.

- Vi vidareutviklar LivOGLyst-programmet for lokalsamfunnsutvikling til å få med fleire prosjekt i heile fylket og styrke rolla til kommunane i programmet.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Vestland har arrangert fleire opne, digitale og fysiske, møte og verkstader der kvalitet i utforming, sambruk av bygg og uteplassar, lokalsamfunnsutvikling og nytenkande samarbeidsformer har vore tema.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Hovudutval for næring i Vestland fylkeskommune løyvde i 2023 til saman 39,4 mill. kr til 34 prosjekt for utbygging av breiband i tolv kommunar. Etter ein offentleg anskaffingskonkurranse vart tilskotsbehovet redusert til 26,3 mill. kr. Innsparte midlar på 13,1 mill. kr er overført til nye prosjekt i 2024.
- Vestland fylkeskommune har vedtatt Temaplan for breiband og digitalisering 2023–2029. Planen skal sikre at arbeidet knytt til digital infrastruktur og digitalisering blir samordna. Han legg også føringar for verkemiddel som blir forvalta i fylket, og peiker på moglegheiter og utfordringar når det gjeld digitalisering på kort og lang sikt.
- Vestland fylkeskommune ga tilsegn til bygging ladeinfrastruktur for 25 mill. kr ved sjukehusa, for drosje- og reiselivsbedrifter og for el-lastebilar. Det utløyser tresifra millionbeløp i ladeinfrastruktur. Dette bidrar til omstilling i næringslivet, og til at delen av nullutslepp frå nye bilar i Vestland var 87 prosent, og nullutsleppsdelene av bilparken er 30,4 prosent.

Mål 4:

Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Deltema for tilskot til berekraftig verdiskaping i 2023 var å ta i bruk ressursane i heile befolkninga, inkludert å gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet.
- Vestland fylkeskommune skapar samarbeid på tvers av eksisterande lag og organisasjonar gjennom LivOGLyst, der vi støttar lokale lag og organisasjonar som vil utvikle lokalsamfunnet sitt. Vi legg òg til rette for aktivt å inkludere dei som ikkje er i den organiserte frivilligheita.

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Eit av fire etablerte satsingsområde innan breiband og digitalisering i 2023 var at Vestland fylkeskommune skal legge til rette for at alle innbyggjarar kan ta del i den digitale utviklinga i samfunnet.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Mange av utfordringane knytt til samfunnsutvikling er grenseoverskridande, og regionar i ulike land kan ha tilsvarende utfordringar. I Vestland skal vi møte utfordringar gjennom interregionalt og internasjonalt samarbeid, berekraftsmåla til FN og nyskapande samfunnsutvikling.
- Gjennom deltaking i internasjonale politiske organisasjonar, til dømes Nordsjøkommisjon og Euromontana, har politikarar i Vestland fylkeskommune knytt seg til nettverk og moglegheiter for prosjektsamarbeid. Vi har delteke i alle arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen, med både politiske og administrative representantar, og i tillegg delteke i internasjonale møte og workshops under EUROMONTANA.
- Erasmus+-prosjektet REGALE gjekk inn i den siste fase i 2023. Prosjektet var eit samarbeid mellom avdelingane innan opplæring, kultur og næring, og handla om samarbeid for å styrke vaksenopplæringa i kommunar, vidaregåande skular og i frivillige organisasjonar.
- Ein medarbeidar frå internasjonal gruppe i fylkeskommunen har fått ansvar for å leie eit fokusområde under arbeidsgruppa Smart Regions i Nordsjøkommisjonen. Arbeidet skal setje i gang tiltak som skal bidra til høg sysselsetting med høgt kompetente arbeidstakarar. I tillegg skal arbeidsgruppa jobbe for ei vellukka inkludering av immigrantar og personar som står utanfor arbeidslivet.

Oversikt over tilskot til næring, plan og innovasjon i 2023

Ordning	Beløp (tal i 1000)	Tilskot	Type midlar
Innovasjon Noreg og Siva	105 945	2	Statlege midlar
Tilskot til utbygging av breiband i Vestland	33 090	25	Statlege og fylkeskommunale midlar
Offentleg hurtigladeinfrastruktur	25 675	4	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til berekraftig verdiskaping	21 550	26	Fylkeskommunale midlar
Samarbeidsavtalar	17 920	26	Statlege og fylkeskommunale midlar
Regionalt forskingsfond Vestland (RFF)	16 300	23	Statlege og fylkeskommunale midlar
Vitensenter	12 900	4	Fylkeskommunale midlar
Bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)	10 069	41	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling	9 642	19	Fylkeskommunale midlar (NPI og KFO)
Støtte til desinasjonsselskapa m.m.	9 500	8	Fylkeskommunale midlar
Landbruk (RT, RK og kompetansenettverk)	6 739	35	Statlege midlar
FORREGION Vestland	4 629	31	Statlege og fylkeskommunale midlar
Nærings- og utviklingsfond for utsette område	2 052	2	Fylkeskommunale midlar
LivOGLyst	1 920	13	Fylkeskommunale midlar
Samarbeidsavtale regionråda	1 800	6	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til læreplassgaranti	1 330	4	Fylkeskommunale midlar
Interne miljøtilskot	1 285	16	Fylkeskommunale midlar
Lokale vilttiltak	1 000	15	Statlege midlar
Driftstilskot miljøorganisasjonar	1 000	4	Fylkeskommunale midlar
Omstilling og berekraftarbeid i destinasjonsselskapa i Vestland	870	6	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til plastrydding	800	7	Fylkeskommunale midlar
Forprosjekt lågesongtilbod reiseliv	750	6	Fylkeskommunale midlar
FORREGION kommune	600	7	Fylkeskommunale midlar
Stønad til normalladarar for reiselivsnæringa i Vestland	550	18	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til ladeuttak for heimelading av drosje	528	39	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til tiltak for innlandsfisk	200	6	Fylkeskommunale midlar
Erasmus+ ADU	280	2	EU-midlar
Erasmus+ VET	237	2	EU-midlar

Diverse tilskot til naturressursar, landbruk og reiseliv	7 050	5	Fylkeskommunale midlar
Diverse tilskot til grøn næringsinfrastruktur	6 900	7	Fylkeskommunale midlar
Diverse tilskot forskning, kompetanse og internasjonalisering	5 075	10	Fylkeskommunale midlar
Sum	308 186	419	


Status økonomi per løyvningsnivå

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 807	12 619	11 343	11 740	-879
Grøn vekst, klima og energi	14 582	0	0	0	0
Forskning, kompetanse og internasjonalisering	37 869	42 904	27 160	38 655	-4 249
Naturressursar, landbruk og reiseliv	54 877	59 334	53 033	58 344	-990
Grøn næringsinfrastruktur	36 112	56 642	47 025	59 817	3 176
Utviklingsmidler	40 484	55 473	41 798	56 798	1 325
Plan, analyse og klima	9 390	49 042	39 840	50 571	1 529
Sum	204 121	276 013	220 200	275 926	-88

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	2,26 %	2,49 %	4,75 %

Opplæring og kompetanse



Mål 1:

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Pandemien var utfordrande for mange når det gjaldt psykisk utfordringar og deltaking på sosiale arenaer. Det vart utvikla fleire kunnskapsbaserte tiltak for å førebygge og behandle

psykiske lidingar, etter auka merksemd på kostnadene dette har for både samfunnet og den enkelte. Skulane vart særskilt oppfordra til å setje i verk tiltak for elevar som stod i fare for å ikkje fullføre ved første termin. I tillegg har vi saman med Frisklivssentralen gjennomført kurset Tankevirus, eit gratis meistringskurs retta mot førebygging og meistring av lette til moderate psykiske vanskar.

- Firda vidaregåande skule har gjennom ordninga kompetanseløftet for inkluderande praksis etablert ein hub, som er ein utvida læringsarena med mål om å inkludere fleire i skulekvardagen. Hubben er bemanna med pedagogar og miljøretteleiarar i tillegg til helsesjukepleiarar og rettleiingstenesta. Pilotprosjektet ved Firda vidaregåande skule er eit samarbeid med Gloppen kommune.
- For å styrke oppfølging av lærlingar, blei rettleiingstenestene styrka med åtte stillingar i ein prosjektperiode på tre år frå august 2023. Prosjektet skal særleg rette seg mot trygt og godt læringsmiljø og førebygging av psykisk uhelse.

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Samarbeid mellom opplæringssektoren og arbeids-, nærings- og samfunnsliv gjer at fylkeskommunen kan tilby fleksible opplæringsløp og utvikle nye opplæringsmodellar.
- Kunstig intelligens er på full fart inn i skulen. 1600 lærarar i vidaregåande skule deltok ved skulestart i august 2023 på ein konferanse om kunstig intelligens arrangert av fylkeskommunen.
- 1300 elevar frå 40 skular i Vestland har drive ungdomsbedrift. 670 ungdommar presenterte bedriftene sine for 110 ekspertar frå arbeids- og næringsliv på arrangementa fylkesmeisterskap for ungdomsbedrift i regi av Ungt entreprenørskap. Ungdom sit på løysningar for framtida, og skaparkrafta deira er sentral for at Vestland skal lukkast. På fylkesmeisterskapa i Førde og Bergen deltok til saman 664 elevar. Det utgjer 109 ungdomsbedrifter frå 25 skular.
- Vi arrangerte Drømmekonferansen for lærarar som arbeider med entreprenørskap i vidaregåande skule. 86 lærarar deltok for kompetansepåfyll og motivasjonsaktivitetar.
- Vestland fylkeskommune arrangerte konkurransar for elevar i 23 yrkesfag på ulike vidaregåande skular våren 2023. 21 fylkesvinnarar deltok i Skule-NM, og Vestland tok fem gull, to sølv og to bronse. Sandsli vidaregåande skule arrangerte Skule-NM i restaurant og matfag med fem landsdekkande konkurransar.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Vi har stor merksemd på å dimensjonere opplæringstilbodet til kompetansebehov i arbeidslivet. Gjennom bruk av ulike opplæringsmodellar får elevar i Vestland tilbod om eit breitt opplæringstilbod, tilpassa behovet i arbeidslivet.
- Vi har i samarbeid med opplæringskontor i fylket arrangert samarbeidskonferanse med temaet korleis skal vi rigge oss i framtida i fag- og yrkesopplæring.
- NAV og fylkeskommunen samarbeider med offentlege og private arbeidsgjevarar om opplæringstiltak retta mot flyktningar og innvandrarar innanfor åtte ulike lærefag rundt om i fylket. Sandsli-modellen er eit slikt samarbeid mellom fylkeskommunen og NAV om utdanning innan restaurant- og matfag, der elevane er tre dagar på skule og to dagar i bedrift.
- Karriererettleiing blei styrka i 2023 for å bidra til integrering og kvalifisering av nykomne flyktningar.
- Fylkeskommunen legg til rette for fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar i arbeidet med implementering av fullføringsreforma. Målet er at fleire ungdommar og vaksne skal bestå med studie- eller yrkeskompetanse og vere førebudde til vidare utdanning og arbeidsliv.
- Vi tilbyr innanfor vaksenopplæringsfeltet ulike opplæringsmodellar innan til dømes helsefag, tekniske fag, byggfag og kokkfag. Modellane er i samarbeid med NAV, og det økonomiske ansvaret er delt.
- I samband med innføring av fullføringsreforma blir modulstrukturert opplæring for vaksne innført innanfor helsearbeidar-, kokk- og ernæringskokkfaget. Dette er ein måte å organisere opplæringa fram mot fag- og sveinebrev på, som er betre tilpassa vaksne når det gjeld behov, utgangspunkt og livssituasjon.
- Fylkeskommune har ein godt utarbeidd formidlingsstruktur med læreplassrekneskapet som verktøy, og skulane har ansvaret når det gjeld formidling av elevar til lære.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Hausten 2023 vart det arrangert skuleval ved dei vidaregåande skulane, som del av demokratiopplæringa. Elevar fekk opplæring i debattleiing, og ungdomspolitikarar frå Vestland fylke deltok i debattane.

Mål 2:

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- 20 vidaregåande skular er miljøfyrtårn. Ein skule fekk status som miljøfyrtårn i 2023.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Avdeling for opplæring og kompetanse rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp

- Første byggetrinn på Førde vidaregåande skule blei tatt i bruk hausten 2022. Byggetrinn to var ferdig sommaren 2023, og skulen vart offisielt opna hausten 2023. Alle byggeprosjekt der fylkeskommunen er byggherre, blir bygde etter miljøsertifiseringa BREEAM-excellent. Det er det høgste nivået i denne sertifiseringa og set krav til alle fasar i prosjekta. Fylkeskommunen gjer eit grundig arbeid knytt til gjenbruk av både utstyr og interiør.

Mål 3:

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Vi sette i gang eit prøveprosjekt med open skule og utlån av lokale til frivillige organisasjonar ved Voss gymnas frå skuleåret 2022/23. Tilbodet gir frivillige organisasjonar betre tilgang til gratis eller rimelege arenaer for aktivitet. Skulen blir ein naturleg møteplass og opphaldsstad i lokalsamfunnet.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Fylkeskommunen jobbar vidare med samlokalisering og sambruk av vidaregåande skular. Slik skal skulane, i samspel med kommunen, ha fleire funksjonar og bli knutepunkt i samfunnet.
- Vi vidareutviklar dei vidaregåande skulane til å vere synlege aktørar i lokalsamfunnet og byen.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Vestland fylkeskommune gir eit breitt vidaregåande opplæringstilbod til vaksne som anten har behov for å kvalifisere eller rekvalifisere seg for å treffe egne behov eller arbeidslivet sine behov for kompetanse.
- Nettskulen tilbyr meir fleksible og likeverdige opplæringsløp for både ungdom og vaksne i heile fylket. Skulen skal medverke til å jamne ut demografiske skilnadar og sikre lik tilgang til kompetanseheving i heile fylket. Nettundervisning for vaksne er i utvikling. Det er sett opp nye klassar frå skuleåret 2023/24.
- Biblioteket ved Årstad vidaregåande skule i Bergen fekk prisen Årets bibliotek 2023 for innsatsen for å skape ein lesekultur på skulen, og for å vere eit førebilete for andre skulebibliotek.

Mål 4:

Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Omgjevnadane til skulane blir brukte som både kunnskapskjelde og læringsarena. Det gir sosiale og faglege utviklingsmiljø, der dei vidaregåande skulane medverkar til levande lokalsamfunn og sentrumsområde.

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Avdeling for opplæring og kompetanse rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Mål- og strategidokumentet Fornye og forbetre – Auka gjennomføring med tilhøyrande handlingsprogram ligg til grunn for prioriteringar i opplæringssektoren. Det bygger på at elevar og lærlingar skal delta i eit inkluderande fellesskap, som fremjar helse, trivsel og læring. Eit raust og støttande opplæringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur, der elevar og lærlingar vert oppmuntra og stimulerte til fagleg og sosial utvikling. Dette er konkretisert som eit overordna tiltak i handlingsprogrammet, for å minne om ansvaret laget rundt eleven har. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg. I 2023 har satsingane frå handlingsprogrammet vore overgangar frå grunnskule til vidaregåande skule, frå vidaregåande skule til lære og tilpassa opplæring for alle. I 2023 er det etablert kommunedialogar for å styrke overgangar frå grunnskule til vidaregåande skule.
- Vi har sett i gang kompetanseutvikling for rådgjevarar i kommunar og fylkeskommunen.
- Oppnemning og opplæring av prøvenemndsmedlemmar: Prøvenemndene har ansvaret for gjennomføring av fag-, sveine- og kompetanseprøvar. Dei blir oppnemnde for ein periode på fire år. Opplæringa er gjennomført etter nye læreplanverket frå 2020.
- Faglege leiarar og instruktørar: Opplæringa av faglege leiarar og instruktørar går føre seg etter det nye læreplanverket frå 2020. Det er utvikla nye kurs innan relasjonskompetanse som er under utprøving.
- Profesjonsutviklinga på den enkelte skule og på tvers av skulane er styrka.
- Miljøkoordinatorane bidreg i arbeidet med det psykososiale skulemiljøet for alle elevar og lærlingar.
- Fleire skular har aktivitetar for elevane etter skuletid, såkalla open skule. Slik blir skulen nytta til meir enn det som skjer i klasserommet.
- Karriere Vestland er styrka for å gje karriererettleiing for nyankomne frå blant anna Ukraina.
- Flyktningar i alderen 16–18 år og vaksne får tilbod om opplæring gjennom Vestland fylkeskommune.
- Vestland fylkeskommune har eit mål om at 90 prosent av ungdomane skal fullføre vidaregåande opplæring innan 2030. For å nå dette målet må vi ha tett samarbeid om overgangane i opplæringsløpet saman med kommunane. Tidleg innsats og god samhandling om ungdomar med store gjennomføringsutfordringar er viktig i dette arbeidet. Vi har oppretta regionale møte i heile Vestland, der vi arbeider for å betre overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring. I 2023 har vi gjennomført møte med rektorar ved ungdomsskulane og i vidaregåande opplæring og leiarar i rettleiingstenesta med dette som tema.

Gjennomføring

Fullført og bestått	2022/23	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	86,8 %	88,4 %	90,4 %	90,1 %	86,7 %	87,9 %
Påbygg til generell studiekompetanse	79,7 %	81,5 %	86,0 %	80,3 %	70,4 %	72,1 %
Yrkesfag	85,1 %	86,0 %	87,7 %	85,8 %	82,4 %	83,8 %

Sluttarar	2022/23	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	2,1 %	1,7 %	1,7 %	2,0 %	2,2 %	1,9 %
Påbygg til generell studiekompetanse	4,8 %	4,9 %	4,9 %	5,1 %	6,1 %	6,7 %
Yrkesfag	4,9 %	5,1 %	4,3 %	4,5 %	5,0 %	5,5 %

Samla karakterresultat	2022/23	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	4,27	4,37	4,39	4,36	4,20	4,20
Påbygg til generell studiekompetanse	3,95	4,00	4,02	4,04	3,70	3,67
Yrkesfag	4,14	4,12	4,11	4,06	4,01	3,97

Elevundersøkinga

Skalaen går frå 1 til 5, der 5 er best resultat.

Indikatorar	2022/23	2023/24				
	vg1	vg2	vg3	vg1	vg2	vg3
Trivsel	4,2	4,1	4,1	4,1	4,1	4,1
Støtte frå lærer	4,1	4	4	4,1	4	4
Støtte heimefrå	4	3,9	3,8	4	3,9	3,8
Vurdering for læring	3,5	3,4	3,3	3,4	3,4	3,2
Læringskultur	4	3,9	3,9	4	3,9	3,9
Meistring	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9
Motivasjon	3,6	3,5	3,4	3,5	3,4	3,3
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,5	3,5	3,6	3,5	3,4
Felles regler	4,2	4,1	4,1	4,1	4,1	4
Utdanning og yrkesrettleiing	3,5			3,5		
Fagleg utfordring	4,3	4,3	4,4	4,3	4,3	4,4

Mobberesultat

Her viser tala del elevar som seier at dei vert mobba i elevundersøkinga.

Skuleåret 2022/23

Spørsmål	Nasjonalt, alle eigeforner			Vestland, offentlege skular		
	vg1	vg2	vg3	vg1	vg2	vg3
Mobbing på skulen	4,2	3,9	3	4,4	3,8	2,1
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane?	2,9	2,5	1,8	3,2	2,4	1,3
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?	1,7	1,8	1,4	1,8	1,7	1
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadane?	1,7	1,5	1,1	1,8	1,6	

*

Skuleåret 2023/24

Spørsmål	Nasjonalt, alle eigeforner			Vestland, offentlig skule		
	vg1	vg2	vg3	vg1	vg2	vg3
Mobbing på skulen	6,1	5,4	4,0	6,6	5,8	3,9
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane?	4,1	3,7	2,5	4,8	3,9	2,5
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?	2,7	2,5	2,0	3,0	2,7	2,0
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadane?	2,6	2,2	1,6	2,9	2,4	1,4

Lærlingundersøkinga

Skala går frå 1 til 5, der 5 er best resultat.

Spørsmål	2023	2022	2021
I kva grad trivst du på arbeidsplassen?	4,2	4,2	4,2
I kva grad er du motivert til å lære i bedrifta?	4,5	4,5	4,5
Er du blitt mobba på arbeidsplassen?	3,1 %	3,1 %	4,2 %

Lærekontraktar og prøvar

	2023	2022	2021
Lærekontraktar	3542	3568	3820
Prøvar	4424	4004	4383
Bestått	92,3 %	90,0 %	91,1 %


Status økonomi per løyvningsnivå

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr
Vidaregåande opplæring i skule inkl. særskilt tilrettelagt opplæring	2 729 667	3 100 972	3 021 224	3 122 855	21 883
Opplæring i bedrift	624 821	598 908	646 660	638 572	39 663
Vidaregåande opplæring for vaksne	52 324	66 879	71 536	72 875	5 997
Fagskule	14 999	30 478	21 464	19 357	-11 120
Andre føremål opplæring	37 174	47 883	44 476	44 086	-3 796
Administrasjon av opplæring og kompetanse	31 226	28 257	26 630	27 765	-492
Sum	3 490 210	3 873 377	3 831 990	3 925 511	52 134

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	2,28 %	2,91 %	5,19 %

Kultur og folkehelse



Mål 1:

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Eit kunnskapsgrunnlag for sjølvmoedsførebygging vart levert, og fylkeskommunen har vedteke å følgje tilrådingane og utarbeide ein handlingsplan.

- Tankevirus er ein kursmodell for vidaregåande skule, retta mot førebygging og tidleg behandling av lette til moderate psykiske plager. Kurset har vore gjennomført i samarbeid med Frisklivssentralen i Bergen

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Kulturarbeidsplassar er grøne verksemder for framtida. Nye arbeidsplassar vert moglege gjennom prosjekttilskot, som til dømes kulturelt utviklingsprogram, og driftsstøtte er med og vidarefører dei.
- Fylkeskommunen fordelte midlar til bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar. 18 regionale aktørar, som kompetansesenter, organisasjonar og nettverk, fekk midlar.
- Gjennom samarbeid og avtalar for anleggsutvikling har vi satsa på berekraft og nyskaping. Ved kjøp av kompetanse, som arkitekttenester, sikrar vi at kommunane får bygd dei rette anlegga.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Vi fordelte tilskot for å hjelpe flyktningar og innvandrarak til å kome i arbeid som bygger på utdanning og erfaring. Fem prosjekt som fremjar gründerverksemder og entreprenørskap og tre prosjekt for å inkludere høgt kvalifiserte innvandrarak fekk støtte.
- Fylkeskommunen tek imot studentar innan idrett og folkehelse, slik at dei får relevant praksis.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Framtidig organisering av arkivsektoren i Vestland vart greidd ut i 2023, og arbeidet med å følge opp fylkestingsvedtak i saka held fram.
- Fylkestinget vedtok Kultur bygger samfunn, regional plan for kultur i mars. Planen syner korleis feltet kan bidra i samfunnsutviklinga, og inneber at alle skal kunne delta, oppleve og skape. Dei fire hovudmåla er:
 1. Vestland ein leiande region.
 2. Demokrati, deltaking og mangfald
 3. Verdiskaping.
 4. Kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.

- Tema for årets kulturkonferanse var planlegging med «kulturbriller», og korleis gode planar og kunnskap om planarbeid kan styrke grunnlag for det breie kulturfeltet.
- Det vart i 2023 etablert eit formelt samarbeid om markering av 750-års jubileet for landslova til Magnus Lagabøte i 2024. Bergen kommune, Bjørgvin bispedøme, Universitetet i Bergen, Bymuseet, Moster 2024 AS, Høgskulen på Vestlandet, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune er med på samarbeidet.
- Det er gjennomført fire utanlandsreiser med 16 deltakarar på jobbskugging finansiert av Erasmus+-midlar tildelt eit konsortium for folkebiblioteka i Vestland. 13 bibliotek er partnarar.
- Det vart arrangert 44 møte, seminar og kurs for bibliotektilsette. Regionale og tematiske interkommunale samarbeid var tema for bibliotekdagar i Vestland.
- Fylkeskommunen arbeider mot tvangsekteskap, negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. I vestlandsnettverket samarbeider vi på tvers, både på regionalt og lokalt nivå.
- I samarbeid med Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølv mordførebbygging (RVTS Vest) har vi arrangert seminar og konferansar om radikaliserings og ekstremisme.
- Folkehelsearbeidet har vekt på medverknad og samskaping på lokalt nivå. Eit viktig verkemiddel er utveksling av kunnskap og erfaringar gjennom fysiske og digitale samlingar for statlege organ, kommunar, FoU-miljø og frisklivssentralar.

Mål 2:

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Regional kulturplan har bidratt til å rette søkjelyset mot eit grønar kulturliv.
- Klimarettferd og folkehelse er eige plantema i ny regional klimaplan 2023–2035.
- Berekraftige løysingar i idrettsanlegg finn vi blant anna i nasjonalt kunstgras-samarbeid (KG2021) og i prosjektet Nyskapande aktivitetssanlegg. Vestland fylkeskommune gjekk i 2023 inn i ein samarbeidsavtale med Senter for idrettsanlegg og teknologi (SIAT) ved NTNU.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdier.

- Vi fullførte kartlegginga av kva privatarkiv som er tekne vare på av oppbevaringsinstitusjonar. Slik har vi eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere manglar i den samla samfunnsdokumentasjonen i fylket.
- Vi forvaltar 2249 privatarkiv, om lag 700 000 historiske foto, 16 000 framføringar/opptak av tradisjonsmusikk, 3750 historiske film- og videoopptak og ei samling lokale stadnamn med over 250 000 namn.
- Kommunearkivordninga i Vestland forvaltar eldre og avslutta arkiv etter 18 kommunar og fylkeskommunen. Gjennom vertskapsrolla for ordninga bidreg vi til demokratiske rettar til innbyggjarane.
- I 2023 slutførte vi arbeidet med plan for utforming av nytt arkivbygg på Leikanger. I bygget vil vi bevare arkiv, og slik sikrar vi kulturhistoriske verdier for framtida.
- Fylkes- og distriktsmusikarordningane styrkjer musikklivet i heile fylket og tek vare på musikktradisjonar, ved musikartenester, konsertverksemd og instruksjon for ulike målgrupper. I tillegg gir vi tilskot til blant andre Ole Bull Akademiet og hardingfela.no. Vestland fylkeskommune fordeler tilskot til kommunane for kjøp eller varig bruksrett (servituttavtale) av friluftsområde. Slik kan fleire område som er viktige for allmenta bli statleg sikra.
- Vi gjennomførte 60 arkeologiske registreringar i plansaker, med funn av nye førhistoriske kulturminne i 30 registreringar, blant anna to båtgraver frå jernalderen. Feltarbeidet i samband med E39, Stord–Bjørnafjorden er avslutta, med funn av blant anna 206 nye steinalderbuplassar.
- Hellekista på Stad fekk mykje mediemerkeemd og vart kåra til årets arkeologiske funn.
- I samarbeid med lokalsamfunn har vi tilrettelagt og drive skjøtsel av arkeologiske kulturminne. Det omfattar bergkunst, gravrøyser, gravhaugar og kulturminne frå mellomalder, som Grotle gamle kyrkjegard.
- Vi har laga ein forvaltningsplan for helleristningsfeltet Vingen i Bremanger.
- I samarbeid med Universitetet i Bergen deltok fire studentar i hospiteringsordninga, med registrering på Kaupanger hovudgard.
- Fylkeskommunen har handsama og innvilga 27 dispensasjonar for automatisk freda kulturminne.
- Vi har handsama og innvilga 123 søknader om dispensasjon frå fredingsvedtak for bygningar og anlegg freda etter kulturminnelova.
- Vestland fylkeskommune har forvaltingsmynde til 56 verna og freda fartøy og fordeler midlar til sikring og istandsetjing. Tilskota gjekk til drift for 14 fartøy og 19 fartøyprosjekt, i tillegg til museum og kommunar som set av eigne midlar til fartøyvernforemål.

- Vi har vore aktive i tre interregionale verdiskapingsprosjekt: Kraftturisme, Nasjonale postvegar og Knutepunkt for kunnskap.
- Endre Lindtner Jørgensen fekk årets utviklingstipend i tradisjonshandverk, til vidareføring av kompetanse på reparasjon av treblåseinstrument.
- Vi starta sak om freding av Klyngetunet på Ystås på Voss og høyring av forslag om freding av Sandviksbodene 12–24 i Bergen. Forslag om freding av klyngetunet på Otternes i Aurland og Stødleterrassen i Etne er sende til Riksantikvaren for vedtak.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- Avdeling for kultur og folkehelse rapporterer ikkje på denne strategien.

Mål 3:

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Tilskot til kopling mellom profesjonelle og frivillige kulturaktørar bidreg til aktivitetar og levande kulturliv i lokalsamfunna.
- Frivilligprisen Vestland gjekk til Thomas Frøyen, entusiast og kulturell byggmeister frå Solund. Han har vore instruktør i skulemusikken, bygd opp karateklubben og er musikalsk ansvarleg under lyskunstfestivalen.
- Lokale utøvarar og kunst- og kulturinstitusjonar vart prioriterte i programmet for Den kulturelle skulesekken. Vi la vekt på at programmet skulle ha god balanse mellom frilansutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.
- På fylkesfestivalane for Ung kultur møtest (UKM) deltok unge på eigne premissar, og med uttrykk dei sjølve valde. På festivalane nytta fylkeskommunen lokale tilbod og ressursar i vertskommunane Fitjar og Sogndal. Ei gruppe fekk reise til landsfestivalen i Trondheim med støtte frå fylkeskommunen.
- Gjennom prosjektet Biblioteka i Vestland – arena for spelformidling samarbeider vi med biblioteka om formidling av spel, kurs og arrangement.

- Prosjektet Å, Vestland, Vestland styrkar tenestene til bibliotekbrukarane i fylket gjennom nye former for samarbeid, revitalisering av eksisterande samarbeid og etablering av digital samarbeidskultur
- Formidlingskompetanse i folkebibliotek er eit felles prosjekt med andre fylkeskommunar. Som del av prosjektet har vi koordinert den nasjonale satsinga på Leselyst med dei minste - saman om lesekultur.
- I ein nasjonal marknadsføringskampanje, Alt saman, på biblioteket, har fylkeskommunen bidratt med innhald og tenester til folkebiblioteka.
- Ny tilskotsordning for berekraftig samfunnsutvikling skal brukast til by- og stadutvikling, sosial utjamning av helseskilnadar og til klimaomstilling og nullutslepp. 19 prosjekt fekk i 2023 til saman 9,6 mill. kr.
- Fylkeskommunen gir tilråding til staten når det gjeld busetjing av flyktningar i kommunane. Tilrådingane skal vere i tråd med nasjonale kriterium og ta omsyn til kapasitet, i ei tid prega av høge busetjingstal på grunn av krigen i Ukraina.
- I 2023 oppretta vi eit samarbeidsforum for papirlause flyktningar og delte ut tilskot til tannhelse og transport til helsehjelp. Fylkeskommunen arrangerte jobbskuggingstur til Finland og konferanse om situasjonen for papirlause.
- Gjennom prosjektet Ro- og padleruter i Vestland skal vi kartlegge, gradere og legge til rette, slik at det bli enklare å oppleve sjø og vassdrag med ein kajakk eller robåt. Tilskot vart løyvd til ruter i 24 kommunar, i tillegg til padlehukar og kajakkbrygger.
- Prosjektet med dagsturhyttene har nådd ut til heile Vestland og fleire andre stadar i landet. Mange kommunar koplar hyttene til anna lokal aktivitet og nyttar dei gjerne som små kulturhus med nynorske turbibliotek.
- Ni unge idrettsutøvarar fekk utviklingsstipend i 2023. I tillegg fekk ein e-sportutøvar stipend frå fylkeskommunen på Aktive Gamere-konferansen. Medaljevinnarar frå OL, VM og Worldcup vart heidra og markerte under ei markering på Vestlandshuset i desember.
- Austrheim og Sunnfjord kommunar har ferdigstilt og revidert kulturminneplanane sine i 2023. Planane for Solund og Aurland er i slutfasen. Fleire kommunar har fått midlar og delteke på møte, og kommunane vart inviterte til og deltok på kulturminnekompetanse i kommunane (KIK)-samling i Bergen.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- Fylkeskommunen set av midlar til kunst i offentlege rom i byggeprosjekta, og det nye Vestlandshuset hadde eit kunstbudsjett på 6,5 mill. kr.
- Kunst- og kulturliv skapar attraktive tettstadar, som fylkeskommunen støttar med prosjekt- og driftstilskot. Særleg i Bergen er det sterke aktørar innan det profesjonelle kulturlivet.
- Nobelprisvinnar Jon Fosse har vore både elev på dramatikarutdanninga og lærar ved Skrivekunstakademiet i Bergen. Institusjonen vart oppretta og er drifta med støtte frå fylkeskommunen.
- Vossa Jazz-prisen 2023 gjekk til Aksel Røed, ein utøvar i det unge bergenske jazz- og musikkmiljøet.
- Ulike tilskotsordningar og verkemiddel innan fysisk aktivitet og inkludering bidreg til utvikling av sentra gjennom aktivitetar, møteplassar og anlegg.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- Vi har vidareført arbeidet med å kartlegge tilgjengelegheit på turvegane i friluftslivsområde. For å styrke universell utforming (UU) i Vestland har vi bestilt ein tilstandsrapport over arbeid med UU i friluftsområdet.
- Tilskot til modellar for breidde i satsing på dataspel og e-sport har gitt starthjelp til fem tilbod. Kommunar samarbeider på tvers, med ulike aktørar, for aktivitetar med låg terskel.
- Fem folkebibliotek har fått utvikla nye nettstadar, som del av eit fleirårig samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunen. Vi har utbetra designet, slik at det oppfyller dei tekniske krava til universell utforming.
- Vi har gjennomført anbod for transportordning mellom biblioteka, på vegner av kommunane, Universitetet i Bergen og Høgskulen på Vestlandet. Fylkeskommunen organiserer og delfinansierer ordninga, i tillegg til innkjøp av e-medium. Vi samarbeider nasjonalt om digitalt innhald gjennom prosjektet Digin.
- Seks kommunar fekk tilskot til arenavikling i bibliotek. Pengane kan gå til både oppgradering av lokale og mobile tenester.

Mål 4:

Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Opne og inkluderande arenaer for kultur og idrett er eit krav og ein føresetnad for å få tilskot til bygging, drift og utvikling.
- Gjennom tilskot til prosjekt som fremjar inkludering og mangfald, bidreg fylkeskommunen til aktivitetar som er opne for alle i kommunane.

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- I prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg har dei lokale prosjektgruppene involvert målgruppa eldre i planlegginga.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Vi arrangerte lokalhistorisk webinar for arkiv, bibliotek, frivillig sektor og allmenta.
- Fylkeskommunen gir faglege råd og legg til rette for samarbeid mellom frivillige organisasjonar/eldsjeler og profesjonelle arkivarar, i arbeidet med å bevare og formidle ein samla samfunnsdokumentasjon.
- Alle skuleelevane i grunnskulen og den vidaregåande skulen fekk i 2023 tilbod om profesjonell kunst og kultur gjennom Den kulturelle skulesekken, organisert av fylkeskommunen og kommunane. Om lag 100 produksjonar og opp mot 250 utøvarar var på turné i fylkeskommunen sitt program.
- Bøker i klassesett med vekt på nynorsk stimulerer til leselyst og auka lesekompetanse. Om lag 11 800 bøker vart lånte ut i 2023.
- Vi kursar bibliotektilsette og lærarar om litteratur for barn og unge og organiserer og delfinansierer lesekampanjen Sommarles i folkebiblioteka.
- Program for folkehelsearbeid er ei nasjonal satsing (2017–2027) for psykiske helse og livskvalitet, med vekt på barn og unge og rusførebygging. 21 kommunar har sett i gang 18 prosjekt. Ei evaluering viser at fylkeskommunen bør styrke rolla som ledd mellom kunnskapsmiljøa og kommunane.

- Vi samarbeider med avdeling for opplæring og kompetanse om lovfesta oppgaver knytte til integrering. Det inneber karriererettleiing til nykomne flyktningar og undervising i dei vidaregåande skulane i norsk og samfunnskunnskap.
- Aktivitetar og anlegg for friluftsliv og idrett, som vert støtta av fylkeskommunen, bidreg til å auke organisert og eigenorganisert deltaking.

Oversikt over tilskot til kultur og folkehelse i 2023

Avdeling for kultur og folkehelse fordelte totalt 689 537 000 kr i tilskot i 2023. Her er ei seksjonsvis oversikt:

Kulturformidling	Utbetaling
Bibliotekprosjekt og tilskot	2 550
Tenester til biblioteka	5 323
Distriktsmusikarordninga	4 763
Den kulturelle skulesekken (DKS)	35 899
Ung kultur møtest (UKM)	1 940
Totalt	50 475

Fysisk aktivitet og inkludering	Utbetaling
Folkehelse	5 908
Nasjonale folkehelseprogram (statleg ordning)	12 400
Mentor- og traineeordning for innvandrarar	1 020
Spelemidlar	236 906
Etablereropplæring for innvandrarar	630
Friluftsarbeid	13 898
Friluftsliv (statlege ordningar)	6 500
Idrettsarbeid	40 852
Idrettsprosjekt	2 160
Inkludering og mangfald	5 831
Jobbsjansen del B	9 800
Totalt	335 905

Kulturarv	Utbetaling
Verdsarven	20 000
Drift av verna fartøy (Savos)	3 000
Sikring og istandsetjing av verna fartøy	18 500
Profane mellomalderbygg	1 356
Brannsikring av verneverdige trehusmiljø	1 700
Mellomalderruinar	5 000
Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	21 650
Tekniske og industrielle kulturminne	12 100
Verna kulturminne i Vestland	1 700
Drift til regionale og nasjonale kulturminne	1 801
Stiftinga Oselvarverkstaden	1 806
Gulatinget	1 315
Utviklingsstipend i tradisjonshandverk	50
Verdiskaping på kulturminneområdet	400
Pilegrimssenter og regionalparkane i Vestland	1 656
Bergen Nasjonale Veteranskipshavn	1 000
Museumsløft 2023	1 500
Bygningsverntenesta ved musea	2 196
Fartøyvern ved musea i Vestland (Savos)	1 626
Drift musea	73 570
Totalt	171 927

Kulturutvikling	Utbetaling
Drift av kunstinstitusjonar	55 739
Drift av kulturhus / lokale til kunstformidling	15 706
Barn og ungdomsarbeid	2 602
Drift av frivillige organisasjonar og liknande	17 537
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	7 150
Prosjekttilskot kunst og kultur	5 300
Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar	1 500
Språkkonferanse Nynorskhuset Førde	200
Tilskot til kulturbygg	25 495
Totalt	131 230

Status økonomi per løyvningsnivå


Beløp i 1000

Teneste	Rekneska p 2022	Rekneska p 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr
Arkiv	8 970	9 273	9 888	10 555	1 281
Kulturformidling	11 672	34 028	35 725	36 540	2 512

Kulturformidling	44 125	0	0	0	0
Kulturarv	117 147	121 191	118 659	120 178	-1 013
Fysisk aktivitet og inkludering	45 382	85 956	96 422	88 537	2 581
Administrasjon av kultur og folkehelse	9 073	8 235	8 783	9 093	858
Andre kulturaktiviteter	9 171	0	0	0	0
Kulturutvikling	113 575	157 884	132 141	156 670	-1 214
Sum	359 114	416 568	401 618	421 573	5 005

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	1,99 %	3,35 %	5,34 %

Mobilitet og kollektivtransport



Bybanen utbygging var del av avdeling for mobilitet og kollektiv fram til 1. oktober 2023. Etter det vart prosjektorganisasjonen del av den nyoppretta avdelinga for eigedom og utbygging.

Avdeling for eigedom og utbygging, inkludert Bybanen utbygging, rapporterer på måla og strategiane i utviklingsplanen under eigedom og utbygging.

Mål 1:

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

Mål 2:

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- Kollektivtransport er eit heilt sentralt verkemiddel for ein meir berekraftig persontransport, og difor er det ekstra gledeleg at reisetala for 2023 knuste alle rekordar. Talet på påstigingar i kollektivtrafikken i Vestland hadde ein solid auke i 2023 og passerte førre toppår 2019, som var før pandemien. Totalt var det 89,1 millionar påstigingar på buss, båt og bybane i Vestland i 2023, mot 78,5 millionar i 2022. I 2019 var talet 81,8 millionar. Talet for 2023 vart dermed 14 prosent høgare enn året før, og 9 prosent høgare enn «normalåret» 2019
- I 2023 har vi delteke i prosjektet Framtidas hurtigbåt saman med Finnmark, Nordland og Trøndelag fylkeskommunar. Føremålet med prosjektet er å utvikle meir energieffektive hurtigbåtar og redusere utsleppa knytt til persontransport på vatn.
- I 2023 var CO2-ekvivalentutsleppet frå fylkeskommunal kollektivtransport 101 800 tonn. Dei siste åra har utsleppet gått markant ned, frå 159 300 tonn i 2019. Skyss har som mål å basere alle transportmiddel på nullutsleppsteknologi, og det er gjort vedtak som vil gje ytterlegare utsleppskutt i åra framover.

- Omstillinga til nullutsleppsteknologi er komen lengst på bane og ferjer: Alle bybanevognene går på straum, medan 22 av 28 ferjer no er hybridfartøy med hovudsakleg elektrisk framdrift. For bussane i fylket utgjer gass- og elektriske bussar på fornybar energi til saman 20 prosent. Alle båtar vert per i dag drifta på konvensjonelt drivstoff. Dette biletet har ikkje endra seg i 2023.
- Klimagassutsleppet frå buss har gått ned dei siste åra, men gjekk opp i 2023. Utviklinga heng saman med at det vart innført biodrivstoff i konvensjonelle dieselbussar i fleire kontraktar frå 2019, men dette tiltaket er no reversert etter tilråding frå Miljødirektoratet. Direktoratet har vurdert at 100 prosent biodrivstoff ikkje førte til utsleppskutt utover omsetningskravet. Like fullt peiker Miljødirektoratet på at det nasjonale omsetningskravet til biodrivstoff i vegtrafikken gjev faktiske utsleppskutt og at minst 15,5 prosent av drivstoffet i bussdrifta kjem frå fornybare kjelder.
- Det er gjort politiske vedtak om tiltak som vil redusere klimagassutsleppet frå båt- og bussdrifta i løpet av dei neste åra, gjennom krav til nullutslepp i nye anbod. Forventa utsleppskutt frå desse vedtekne tiltaka er om lag 27 000 tonn CO₂-ekvivalent per år.
- Vi kjøper inn straum med opphavsgarantiar til elektriske bussar og bybane. Bybanen står for kvar fjerde reise med buss og bane og har svært låge utslepp frå driftsfasen. Generelt har kollektivreiser eit lågare avtrykk enn reiser med private køyretøy, fordi ressursutnyttinga er betre.

Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien .

Mål 3:

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Vi jobbar jamleg med å sikre trygge og attraktive løysingar for mjuke trafikantar gjennom uttale til kommunale planar. Tilrettelegging for møteplassar og trygg tilkomst til sentrumsområde bidreg til å utvikle levande lokalsamfunn.
- 2023 er det første heile året der prøveprosjektet med bestillingsbuss på Tertnes har vore i drift. Brukarane blir henta der dei er, og køyrde dit dei skal. Ruta vert digitalt planlagt i sanntid. Tilbodet vart nytta av over 11 000 passasjerar i 2023, samstundes som kostnadar per passasjer har gått ned frå 400 kroner i desember 2022 til 144 kroner i desember 2023.
- I 2023 gjennomførte vi digitale og fysiske møte i nettverk for mjuke trafikantar, for å dele erfaring og kunnskap mellom kommunar og fylkeskommunen om korleis vi best kan leggje til rette for å få fleire til å gå og sykle.
- Gjennom tilskotsordninga for trafikktryggingsaktivitetar vart det i 2023 fordelt om lag 4 mill. kr til kommunar, lokale lag og foreiningar og andre som ønsker å gjennomføre eit arrangement for å løfte trafikksikker atferd.

Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

- I 2023 vart verdas lengste tilrettelagte sykkel tunnel opna i form av Fyllingsdalstunnelen. Denne og Kronstadtunnelen, som òg opna i 2023, gjer at det no går an å sykle mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen på berre 15 minutt. I snitt har 1200 personar dagleg vore gjennom Fyllingsdalstunnelen.
- Linje 2 av Bybanen, mellom Fyllingsdalen og Bergen sentrum, opna 21. november 2022. 2023 er dermed det første heile året med drift på to linjer. Linje 2 fangar opp mange reisande på Fyllingsdalen terminal, og Bybanen er blitt særskilt populær hos reisande til og frå Haukeland universitetssjukehus.
- I 2023 har fleire store og små prosjekt blitt ferdigstilte gjennom avdelinga sitt arbeid i Miljøløftet, og fleire tiltak er under planlegging.
- E39 mellom Os og Bergen vart fornya med motorveg mellom Svevatjørn og Rådal, som opna 31. oktober 2022. I mars 2023 styrkte Skyss tilbodet ytterlegare. Nye linje 600 mellom Osøyro og Bergen vart ein stor suksess, og slik har vi styrka begge sentruma.

Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- I 2023 har Skyss saman med Miljøløftet og selskapet Nabogo testa eit pilotprosjekt for samkøyring. Ved hjelp av ein app kan privatpersonar få eller tilby skyss med privatbil. Løysinga påskjønner både passasjer og sjåfør for å reise saman. Sjåfør får tilskot for kvar passasjer, mens passasjer reiser gratis om hen har periodebillett frå Skyss. Frå oppstart i september har omkring 1800 personar lasta ned appen, og det har blitt gjennomført over 10 000 samkøyringsturar til og frå Askøy og Øygarden, og over 6000 internt i Bergen.
- I 2023 har avdelinga bidratt til å etablere gode infrastrukturløysingar for dei som reiser kollektivt, sykklar eller går. Det har vi gjort gjennom planuttalar og kommunedialog. I arbeidet med nullvekstmålet har slik tilrettelegging av miljøvennlege reisealternativ stor betyding.
- Vi har utvikla den digitale infrastrukturen ved å tilby elevar ved alle ungdomsskular og vidaregåande skular å få skuleskyssbilletten sin i appen Skyss Billett. Den nye løysinga er kostnadseffektiv for avdelinga og sparar ei omfattande utsending av skulereisekort og oblatar. Det sparar også ein del administrasjon på kvar skule.
- I 2023 har vi hatt særleg merksemd på å betre ladetilbodet til drosjenæringa i fylket, i samband med innføring av krav til nullutslepp i gamle Hordaland frå 01.04.24
- Vi har fått nye billettautomatar ved Bybanen linje 1. Langs linje 2 stod nye automatar klare då linja opna i november 2022. Her betalar passasjerane med bankkort, og billetten vert lagra rett på bankkortet.
- Vi har gjennomført datainnhenting frå drosjenæringa for å styrke oversikta over drosjetilbodet i fylket og marknadssituasjonen.

Mål 4:

Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

- Gode mobilitetsløysingar er viktig for å auke tilkomst til fritidsaktivitetar. Tenesta tilrettelagt transport er eit viktig tilbod, som gir større moglegheit for personar med nedsett funksjonsevne til å delta i lokalsamfunnet.
- Dei nye billettautomatane som vart introduserte i 2022–2023, er universelt utforma i tråd med dagens regler og bidrar til å skape opne og inkluderande arenaer for innbyggjarane i Vestland.

Vi har innhenta innspel frå ulike brukargrupper til både fysisk utforming, funksjonalitet og brukargrensesnitt. Automatane har mellom anna teleslynge, tekstopplesing for personar med synsvanskar, og høgda er tilpassa rullestolbrukarar.

Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

- Det blir stadig fleire eldre i Vestland, og vi har i 2023 arbeidd for å kunne tilby alle eit mobilitetstilbod som gjer det enklare å delta i samfunnet.
- Vi har arbeidd med å digitalisere søknads- og sakshandsaminga for å nå målet om ei mest mogleg effektiv og god teneste for innbyggjarane i Vestland, og for at tilbodet skal vere enkelt og tilgjengeleg.
- Vi har i 2023 hatt særleg søkjelys på kapasiteten på rullestoldrosjer i distriktet, for å sikre eit godt tilbod til personar med nedsett funksjonsevne.

Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport rapporterer ikkje på denne strategien.

Energi og klimagassutslepp frå kollektivtransporten

